

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen Herøy rådhus
Dato: 25.08.2016
Tid: 16:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 18.08.2016

Arnulf Goksøyr
ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 123/16	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 124/16	Protokoll frå førre møte.
PS 125/16	Delegerte saker
PS 126/16	Referatsaker
PS 127/16	Detaljreguleringsplan for deler av Kvalsvik hamn - slutthandsaming
PS 128/16	Kommunedelplan for Herøy - avlaupsplan 2016-2020 - slutthandsaming
PS 129/16	Base Einedalen skule - tilleggsøyving slutfaktura
PS 130/16	Søknad om utvida garanti - Stemmedalen Vasslag DA
PS 131/16	Energisparekontrakt
PS 132/16	Kommunereform 2016 - mandat til forhandlingsutvalet
PS 133/16	Høyring - framlegg til lov om endring av lov om konsesjon, lov om jord og lov om odelsrett og åsetesretten
PS 134/16	Nedre Dragsund 2 - rehabilitering av yttertak - finansiering
PS 135/16	Engasjementstilling som Programrådgivar i flyktingtenesta

Orientering:

Siv ing Kjell Gurigard kjem til kommunestyret for å svare på spørsmål vedk. K.sak 131/16 - Energisparekontrakt

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 182/16 Herøy kajakkklubb 42/5 snr. 47 - Løyve til fasadeendring
- DS 183/16 Fosnavåg Servicesenter as - 37/82 - Tilbygg
- DS 184/16 Gnr. 19 Bnr 17 - Frådeling av nausttomt
- DS 185/16 Mellombels bruksløyve - 4 leilegheiter - 37/295
- DS 186/16 Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS - 22/77 - Grunnarbeid og oppsetting av gjerde
- DS 187/16 Arild Flusund - 16/21- Fasadeendring
- DS 188/16 Ferdigattest - 37/381 - 2 etg. 7 stk leilegheiter
- DS 189/16 Gnr. 40 Bnr 24 - Frådeling og grensejustering
- DS 190/16 Mellombels bruksløyve - 48/3
- DS 191/16 Torvholmen, Flåvær - Kjartan Spidsberg - 64/4 - IG rør, sanitær og utstikking
- DS 192/16 Karl Åsberg - 35/6 - Støttemur
- DS 193/16 Herøy Vasslag SA - 36/48 - Tilbygg
- DS 194/16 Ferdigattest skilting 37/82
- DS 195/16 Randi Iversen Gjeldvik - 59/76 - Rehabilitering av skorstein
- DS 196/16 Marit Pauline Kvalsvik - 17/15 - Garasje
- DS 197/16 Bjørn Arne Rugledal - 13/14 - Garasje
- DS 198/16 Skjenkebevilling - Fosnavåg Rock 2016 søknad om skjenkeløyve for eit bestemt arrangement
- DS 199/16 Mellombels bruksløyve 46/82
- DS 200/16 Gnr 26 bnr 5, 6 og 34 - Frådeling av tre tomter til utbygging av bustadfelt
- DS 201/16 Per Gert Pettersen og Gunnhild Sundgot - 76/137 - Fritidsbustad
- DS 202/16 Mellombels bruksløyve leilegheit 76/39
- DS 203/16 Reimond Flusund - 36/83 - Tilbygg/fasadeendring
- DS 204/16 Rune Eiken 38/227 - Ferdigattest
- DS 205/16 Fredrik Hagemann - 40/1 - IG resterande arbeider einebustad
- DS 206/16 Ferdigattest 45/162

- DS 207/16 Kjøp av bustadtomt 26/227 på Leinane.
- DS 208/16 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for eit bestemt arrangement - AUTO MARINE FOSNAVÅG AS
- DS 209/16 Mellombels bruksløyve Skotholmen - 11/162
- DS 210/16 Janine Muller og Marko Polter - 59/73 - Igangsettingsløyve
- DS 211/16 Svein Hugås - 45/160 - 2 mannsbustad med frittliggande garasje
- DS 212/16 Frede Uldebæk - 87/15 - Fritidsbustad
- DS 213/16 Runar Kvalsund - 4/250 feste nr 1 - Flytebrygge
- DS 214/16 Mellombels bruksløyve - 40/50
- DS 215/16 Kristine Helde og Sverre Ytrebø Rødset - 4/330 - Einebustad med frittliggande garasje
- DS 216/16 Gnr 81 Bnr 35 - Frådeling av tilleggsareal til bnr. 28
- DS 217/16 Karl Johan Rødseth og Brit Ellinor Ytrebø 15/9 - Dispensasjon frå avstandskrava i veglova for oppføring av reiskapsbod
- DS 218/16 Malinn Birgitte Sandhaug 36/17 - Mellombels bruksløyve
- DS 219/16 Ferdigattest tilbygg 4/27
- DS 220/16 Henry Berge 34/128 - Igangsetjingsløyve for deler av tiltak
- DS 221/16 Prosteel AS - 38/287 - Igangsetjingsløyve for deler av tiltak

Referatsaker

- RS 29/16 Generalforsamling 23.05.2016
- RS 30/16 Innkalling til generalforsamling.
- RS 31/16 Folkehelseiltak for eldre - uttale frå Eldrerådet 13.06.2016.
- RS 32/16 Melding om vedtak
- RS 33/16 Referat: Møte med Møre og Romsdal politidistrikt
- RS 34/16 Protokoll representantskapsmøte 09.03.2016.
- RS 35/16 Informasjon om situasjonen i asylmottakssystemet
- RS 36/16 Eigarmelding 2015

RS 37/16

Protokoll frå generalforsamling
Sunnmørsbadet Fosnavåg AS 27.06.16

Prenta skriv til orientering/drøfting:

PS 123/16 Godkjenning av innkalling og sakliste.

PS 124/16 Protokoll frå førre møte.

PS 125/16 Delegerte saker

PS 126/16 Referatsaker



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2015/1270
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
152/16	Formannskapet	16.08.2016
127/16	Kommunestyret	25.08.2016

DETALJREGULERINGSPLAN FOR DELER AV KVALSVIK HAMN - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.08.2016

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova §12-12, detaljreguleringsplan for gnr. 7 bnr. 5 mfl. Kvalsvik hamn datert 5.4.2016 med tilhøyrande føresegner.

Tilråding:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova §12-12, *detaljreguleringsplan for gnr. 7 bnr. 5 mfl. Kvalsvik hamn* datert 5.4.2016 med tilhøyrande føresegner.

Særutskrift:
Svein Holmen
Jon Olav Kopperstad
Utviklingsavdelinga

Hamnegata 10
Leitevegen 14

6100 Volda
6098 Nerlandsøy

Vedlegg

- 1 Plankart for deler av Kvalsvik hamn datert 05.04.2016
- 2 Føresegner datert 05.04.2016
- 3 Planomtale datert 05.04.2016
- 4 Innspel ved offentlig ettersyn

Bakgrunn:

Svein Holmen Arealplanlegging søkte, på vegne av grunneigarar i Kvalsvik hamn, om oppstart av reguleringsplanarbeid for eit avgrensa område gnr.7, bnr.4 m.fl.

Området er i kommuneplanens arealdel avsett til framtidig naustområde med krav om reguleringsplan før utbygging. Arealformålet ligg innanfor eit område med status statleg fiskerihamn.

Arealet er avgrensa og vist på vedlagt forslag til plankart. Samla areal for planområdet er om lag 3.9 daa.

Hovudelementa i planforslaget kan oppsummerast som følgjer:

- Stadfesting av arealbruk for naustbygning lengst nord i planområdet
- Statleg fiskerikai får stadfesta arealbruk gjennom formålet kai
- Tilkomstveg til kaia får stadfesta arealbruk gjennom eige formål, samt tilhøyrande sideareal (annan veggrunn –tekniske anlegg)
- Det blir i planforslaget lagt til rette for oppføring av 5 nye bygningar for fiskeri/maritim verksemd på etablert steinfylling i hamna.
- Nye parkeringsplassar knytt til nye bygningar blir plassert nordvest i planområdet med ein parkeringsplass pr bygg.
- Det blir lagt til rette for eige areal som kan nyttast i samband med renovasjonsløyising for planområdet
- Hamneområde i sjø får stadfesta sin arealbruk i eige formål

Formannskapet vedtok i møte 21.04.2016, F-sak 75/16, at forslag til privat detaljreguleringsplan for deler av Kvalsvik hamn gnr.7 bnr. 4 skal sendast på høyring og leggest ut til offentlig ettersyn i 6 veker.

Planforslaget vart lagt ut i perioden 04.05.2016 – 17.06.2016 med frist for innspel 17.6.2016. I høyringsperioden kom det inn fråsegn frå Statens vegvesen, Noregs vassdrags- og energidirektorat, Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Kystverket. Vurdering av innspel fylgjer under:

Statens vegvesen datert 10.05., Noregs vassdrags- og energidirektorat datert 27.05. og Møre og Romsdal fylkeskommune datert 09.06.2016 har ingen merknadar til planforslaget.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 10.06.2016:

Når det gjeld næringsarealet, skal det etter føresegnene nyttast til «sjøbuder som skal vere base for heimefiske med vedlikehald og oppbevaring av tilhøyrande utstyr (fiskeretta næringsverksemd)». Vi stiller spørsmål ved om det er rett å bruke planføremål «nærings», eller om dette er bruk som kjem inn under naustbegrepet.

Føresegnene opnar opp for ein storleik på opp til 80 m2 grunnflate og inntil 7 m

mønehøgd over lagergolv, men bygga skal ikkje ha varig opphald. Vi vil peike på at det kan bli utfordrande å handheve føresegnene når både storleik og utforming legg til rette for bruk av bygga til varig opphald, og rår difor til at ein reduserer storleiken til maksimalt 60 m² BRA, og at bygga også elles er i samsvar med føresegnene for naust i kommuneplanen.

Kommentar: Herøy kommune meiner det vil vere rett å nytte arealføremål «næring» i denne samanheng då det vert lagt til rette for fiskeriretta næringsverksemd. Naust er eit føremål som fremjar ein annan bruk av område og er retta inn mot sjøretta fritidsaktivitetar. Sjøbuder som skal legge til rette for fiskeriretta næringsverksemd vil også skilje seg frå byggestilen til eit naust i størrelse og utforming. Råda vert ikkje imøtekommen då kommunen legg til rette for næringsverksemd og ikkje sjøretta fritidsaktivitet.

Kystverket datert 07.06.2016:

Vi vil likevel bemerke at for område avsatt til BN Næring, sjøbuder – base for heimefiske sosikode 1300, kan også formålet Lager, sosikode 1350 anvendes.

Kommentar: Herøy kommune vel å halde på føremålet «næring» då vi meiner dette vil vere det mest korrekte i denne samanheng. Rådet er teke til vitande.

Vi registrerer også at det tillates hems/garnloft på de nye byggene og at disse skal ha takoppløft for å få inn lys. Videre er det fastsatt at byggene på f BN skal ha biltilkomst, strøm og innlagt vann og avløp. Det skal også etableres bryggefront med tilflott langs sjøsiden av sjøbuene.

For Kystverket er det åpenbart at det her åpnes for mer moderne bygg, med en langt videre bruk, enn det som tradisjonelt er betegnet og akseptert som naust i en statlig fiskerihavn. Hems/garnloft er for Kystverket et nytt begrep. Videre har ikke tradisjonelle naust kai/bryggefront, da dette gjør det vanskelig å trekke båten fra sjø og inn i naustet.

Begrunnelsen for at vi ikke har tillatt annet enn bygg beregnet for oppbevaring av båt og utstyr i fiskerihavner, er todelt. Bruk av arealene til annet enn fiskeri som næring, er ikke i tråd med intensjonen for statlig tilrettelegging og finansiering av fiskerihavner. Kystverket har ikke ansvar for å tilrettelegge for fritidsbåter og privat bruk knyttet til dette.

Det fremgår av bestemmelsene at bygningene på f BN ikke skal ha varig opphold. Kystverket tolker dette dit hen at byggene ikke skal innredes slik at overnatting, utleie osv. er mulig/ tillatt. Vilkår som hindrer slik bruk vil også fremgå av nødvendig tillatelse etter Havne- og farvannsloven før byggene blir oppført. Dersom byggene blir tatt i bruk til andre formål enn angitt (fiskerirettet næringsvirksomhet), vil dette også være i strid med tillatelsen til eksisterende utfylling. Kystverket vil da vurdere om denne tillatelsen bør trekkes tilbake. ...

Under forutsetning at bruken av bygningene kun skal være til fiskeri som næring, herunder oppbevaring av båt og utstyr, kan Kystverket akseptere planforslaget.

Kommentar: Herøy kommune legg i dette område til rette for sjøbuder for fiskeriretta næringsverksemd og bruken vil såleis vere i tråd intensjonen for statlig tilrettelegging og finansiering av fiskerihavner. Fråsegna frå Kystverket vert teke til vitande.

Vurdering:

Planforslaget støttar opp under Kvalsvik hamn som ei levande hamn med naust og tilrettelegging for fiskeriretta næringsverksemd. Naustområdet i planen er avgrensa til å gjelde eksisterande bygg og det vil ikkje vere opning for utviding eller påbygg etter denne planen. Det vert lagt til rette for 5 nye bygningar knytt opp mot fiskeri på etablert steinfylling i hamna og næringsområde vil støtte opp under Kvalsvik som statleg fiskerikai og samstundes betre tilhøve til fiskarane som har base i Kvalsvika. Rådmannen meiner planforslaget tek omsyn til eksisterande bygningsmasse i Kvalsvik hamn og støttar opp under fiskeriinteressene i Kvalsvika. Planforslaget er i tråd med overordna føringar og er lite konfliktylt.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova §12-12, *detaljreguleringsplan for gnr. 7 bnr. 5 mfl. Kvalsvik hamn* datert 5.4.2016 med tilhøyrande føresegner.

Fosnavåg, 20.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



Detaljregulering KVALSVIK HAMN

Gnr7, brnr 4,12,73,74,75,76 i Kvalsvika, Herøy kommune

ENDRINGAR

TEIKNFORKLARING PBL.§ 12-5

1: Bebyggelse og anlegg (pbl.§ 12-5 .1)

- f_BN Næring, sjøbuder - base for heimefiske (1300)
- BUN Naust (1589)
- f_BAS Andre anlegg - returpunkt renovasjon (1590)

2: Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur pbl.§ 12-5.2

- f_SKV Felles keyeveg
- f_SPP Felles parkeringsplassar
- f_SVT Annan veggrunn - tekniske anlegg
- f_SVG Kai


3: Bruk og vern av sjø og vassdrag (pbl §12-5. 6)

- f_VHS Hamneområde i sjø (6220)

Juridiske linjer og punkt

- Plangrense
- Foremålsgrense
- Regulert tomtegrense
- Byggegrense
- Regulert senterline
- RpJurline - Innregulerte bygg

Kartopplysningar



Sakshandsaming etter pbl §§12_8-10

- Oppstartkonferanse 1.okt 2015
- Forvaring i tida 30.okt. - 11.des 2015
- 1. gangs handsaming i planutvalet
- 2.gangs handsaming i planutvalet
- Offentleg ettersyn frå _____ til _____
- Handsaming i kommunestyret
- Kunngjering med klagefrist

PLANEN ER UTARBEIDD AV:



DATO:

1.april 2016

REGULERINGSFØRESEGNER

Reguleringsplan – detaljplan

KVALSVIK HAMN, gnr /bnr: 7/4,12,73,74,75 og 76, Kvalsvika i Herøy kommune

Plan ID:

Plan dato: 23.mars 2016

1 - Generelt:

- 1.1 Reguleringsplanen er utarbeidd som detaljplan i samsvar med PBL av 2008.
Reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som er synt med reguleringsgrense på plankartet.
- 1.2 Etter at planen er godkjent er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som kan hindre gjennomføring av planen.

2 - Reguleringsføresmål:

Området er regulert til følgende føremål etter PBL § 12-5:

Bebyggelse og anlegg (A)	Naust (1589) BUN Næringsareal – Sjøbuder, base for heimefiske (1300) f_BN Øvrige anlegg – Returpunkt renovasjon (1590) f_BAS
Samferdsleanlegg (S)	Køyreveg (2011) a_SKV Parkeringsplassar (2082) f_SPP Annen veggrunn – tekniske anlegg (2018) SVT Kai (2041) Almenningskai a_SK
Bruk og vern av sjø og vassdrag	Hamneområde i sjø (6220) f_VHS

3 - Fellesføresegner:

- 3.1 Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggegrensene som er vist på plankartet
- 3.2 Ved handsaming av søknad om byggeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse.
- 3.3 Vegar og tekniske anlegg skal vere opparbeidde før det kan gjevast bruksløyve til nye bygg i planområdet..
- 3.4 Overskotsmasse skal køyrast vekk.
- 3.5 Dersom tiltakshavar under arbeid finn maritime kulturminne (keramikk, skipsvrak e.l) pliktar han å gi melding om dette til Bergen museum. Arbeidet må då mellombels stoppast til museet har granska og evt frigjeve området.
- 3.6 Nye bygg og tilbygg skal sikrast mot radon i henhald til gjeldande forskrift TEK, § 8, 33.
- 3.7 Det er ikkje tillate å setje opp lys som kan vere til sjenanse eller fare for ferdsla ved innseglina til

almenningskaia i Kvalsvik hamn. Eksisterande navigasjonslys skal vere godt synlege. Ved lyssetjing av areal ved og i tilknytning til hamna, skal det takast kontakt med Kystverket, for godkjenning.

4 - Bebyggelse og anlegg

4.1 Naust (BUN)

Eksisterande naust på BUN skal bevarast i si noverande form. Det kan innreiast garnloft i bygget innafor noverande bygningskropp. Naustet skal ikkje ha kvist/takoppløft. Naustet kan underdelast i mindre einingar (lager) med egne inngangar. Naustet skal ha parkering på eigen grunn.

4.2 Næringsbebyggelse (SOSI 1300)

Område merka **f_BN**, skal nyttast til sjøbuder som skal vere base for heimefiske med vedlikehald og oppbevaring av tilhøyrande utstyr (fiskeriretta næringsverksemd). Budene skal ha tilflot. I f_BN kan det tillatast bygg med lagringsrom i underetasje og arbeids / bruksrom i garnloft. Bygga kan ha inntil 80m² grunnflate og inntil 7m mønehøgde over lagergolv. Budene skal byggjast saman med tilstøytande buder og kan ha takoppløft for å få lys inn i hemsen/garnloftet. Budene kan underdelast i mindre einingar (lager) med egne inngangar. Maksimum tillate bebygd areal for f_BN er sett til 60% BYA. Bygningane på f_BN kan ikkje ha varig opphald. Ubebygde delar av område for næringsformål skal haldast ryddige og reine. Sjøbudene i f_BN skal plasserast innanfor byggegrensene som vist i plan. Ferdig golv på nye bygg plasserast på cote +2,00 over NN54 Dei delane av bygga som ligg lavare enn cote +2,79 skal førast opp i materiale som toler å bli utsett for framtidig havnivåstigning / stormflo. Dokumentasjon og grunngjeving for høgde-plasseringa skal leggjast fram som konkret ROS-vurdering i samband med byggemelding av bygga. Det er avsett 1 P-plass / bygg i felles parkeringsanlegg f_SPP på eiga tomt. Bygga på f_BN skal ha biltilkomst, straum, innlagt vatn og avlaup. Vassforsyning skal takast frå lokalt vassverk.

4.3 Returpunkt renovasjon (sosi 1590)

Området merka f_BAS på plankartet skal nyttast som returpunkt for renovasjon. På f_BAS kan det settast opp bygg / konstruksjon for skjerming av bossoppsamling.

5 - Samferdsleanlegg

5.1 Privat felles tilkomstveg (a SKV)

a_SKV skal vere felles ålmann veg til almenningskaia. Kystverket har vegrett fram til kaia. Sjøbudene i f_BN skal ha tilkomst frå a_SKV. Tilkomstvegen skal ha den standard som er vist på plankartet.

5.2 Parkering (f SPP):

f_SPP skal nyttast som felles parkeringsareal for bygga i f_BN. (1 plass/bygg)

5.3 Annen veggrunn – tekniske anlegg (SVT):

f_SVT_1 og 2 skal nyttast til manøvreringsareal, snøopplag eller anna srviceareal langs a_SKV. Det kan leggjast tekniske anlegg, leidningstraséar o.l i grunnen på f_SVT

Det kan ikkje settast opp sikt- eller køyrehindrande konstruksjonar i f_SVT
Ved utfylling i sjø på **f_SVT-2** skal sjøbotnen på førehand undersøkast m.o.t forureining av botnmassane. Ved påvist forureining skal det søkast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve etter forureiningslova §11 før utfylling kan startast opp.

5.4 Kai (f SK)

Kaia er almeningskai der alle har rett til å ferdast.

6: Bruk og Vern av sjø og vassdrag

Hamneområdet VHS er ein del av den indre hamna med rett til ålmenn båtferdsle.

Innafor VHS må det for alle tiltak i sjø såsom utfylling, utlegging av flytebrygger, legging av leidningar i sjø m.m. søkast løyve etter Hamne- og farvasslova i tillegg til løyve etter plan- og bygningsloven.

Detaljregulering
for del av

Kvalsvik hamn

gnr /brnr: 7 / 4,12,73,74,75 og 76
Nerlandsøya, Herøy kommune


Innhald:

- Bakgrunn
- Planprosess
- Tilhøve til eksisterande planar
- Planområdet - Dagens situasjon
- Konsekvensutgreiing
- Forvarsling og innsperl
- Plankart og føresegner
- Planomtale
- Vedlegg

Oppdragsgjever:

Eigarane
v Jon Olav Kopperstad

Plankonsulent



Dato:
4.april 2016

INNHALD:

1: Føreord.....	3
2: Bakgrunn	3
3. Planprosess.....	3
4: Tilhøvet til eksisterande planar i området.....	4
4.1 - Tilhøvet til kommuneplanen	
4.2 - Kystverket - Grunneigarerkæringane frå 1943	
4.3 - Reguleringsplanar i området	
5: Planområdet – dagens situasjon.....	5
5.1 – Lokalisering, topografi og Landskapstrekk	
5.2 – Avgrensing. Bruk av / arealstatus på naboareala	
5.3 – Eksisterande bebyggelse	
5.4 – Vegetasjon, dyreliv og andre naturtilhøve	
5.5 – Kulturminneverdiar	
5.6 - Veg- og trafikktilhøve	
5.7 – Vatn- og avlaup	
5.8 – Privat- og offentleg servicetilbod	
5.9 – Risiko- og sårbarheit.	
6. Forvarsling - Innspel	13
6.1 - Utsendt materiale / annonser	
6.2 - Samandrag, kommentar og konklusjon etter innspela	
7: Planframlegg.....	17
Plankart s17	
Føresegner ss18-19	
8: Planomtale	20
1 - Føremål	
2 - Byggjeareal	
3 - Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	
4 - ROS-analyse	
5 - Konsekvensar av planframlegget	
9. Vedlegg:	
Kopi av innkomne merknadar og korrespondanse.....	

1: Føreord

... «Han saag ut paa det baarutte Havet;
der var ruskutt aa leggja ut paa;
men der leikade Fisk ned i Kavet,
og den Leiken den vilde han sjaa.»

(Frå «Nordmannen» av Ivar Aasen)

2. Bakgrunn.

Dei ca 200 innbyggjarane i Kvalsvika har frå gammalt vore sterkt knytt til sjøfart og fiske. Færing, sjark og skøyte har alltid vore viktige ting i dagleglivet, og naust og sjøbud i hamna har vore sentrale møtestadar for folk. Kystverket vil gjerne skilje mellom «næringsnaust» og «fritidsnaust» der fritidsnausta er ei meir moderne og kanskje litt meir uynskt form. Vi synst at dette er eit kunstig skilje. Heimefiske til eige og nær familie sitt bruk er framleis vanleg, sjølv om det knapt nok kan kallast næring, og båtane er kanskje ikkje akkurat sjarkar men fritidsbåtar. Men moderne rorbuder og fritids-båtar utgjør likevel ein god beredskap dersom det kjem dårlege tider der det på ny vert aktuelt å intensivere heimefisket. Grunneigarerklæringa frå 1943 har med ein klausul om at Kystverket skal godkjenne evt sal av bygg i fiskerihamna for å unngå at dei kjem ut av lokalt eige.

I kommuneplanen er området disponert til naustbygging med begrensingar på grunnflate og høgde, og det vert ikkje skid mellom nærings- og fritidsnaust.

Tiltakshavarane ynskjer primært naustfunksjon som ein naturleg sjøtilknytning når dei først har valgt å bu her ute i havranda, men dei vil samstundes ha høve til å utnytte naustloftet til eige fritidsbruk (ikkje utleige eller sal). Dei ynskjer også noko større bygg enn dei 60m² som er øvre grense for naust. Planadministrasjonen i Herøy kommune rår til at vi regulerer området til 5 rorbuder, kvar med ca 80m² grunnflate. Kystverket godtek ikkje reine fritidsfuksjoner inni hamna, men kan godta næringstilknytte bygg utan varig opphald, og utan å begrense grunnflate og høgde på bygga. Vi rekner vårt tiltak i hamna som base for heimefiske. Ikkje vidaresal til folk utanbygds frå, ikkje utleige og ikkje varig opphald, men moderne innreidde sjøbuder for folk frå vår tid.


3: Planprosessen

Planen erutarbeidd som detaljregulering i samsvar med reglane i PBL § 12-3.

Planen utløyser ikkje krav om planprogram eller KU (Jf PBL § 4-2 samt forskrift om KU).

Sjå ellers referat frå oppstartsmøtet.

4: Tilhøvet til eksisterende planar i området.



Kommuneplanen:

Føremålet er i samsvar med kommuneplanen, men vi oppnar for større grunnflate / mønehøgde enn det kommuneplanen tillét. Eksisterende bygg på dei to nabotomtene har over 100m² grunnflate og mønehøgda der er (frå kartet) på cote ca 8,5 over NN54. Vårt tiltak er altså godt i samsvar med eksisterende bygg i området.

Grunneigarerklæringane frå 1943.

Kystverket eig og er ansvarleg for vedlikehaldet av fiskerihamna og moloen. Deira rettar i hamna er nedfelte i evigvarande grunneigaravtaler/-erkæringar frå den tida hamna vart oppretta, og desse klausulane ligg i botnen på alle grunneigedomane inni hamna. Dette avtaleverket er forelda ved at strukturen i fiskeria er mykje endra sidan avtalane vart inngåtte. Det er få registrerte fiskarar som har base i Kvalsvik-hamna no, og krava til landanlegg er heilt annaleis no enn dei var for 50-70 år sidan. Men klausulane ligg der, og Kystverket må forholde seg til dem. Beredskapsmessig bør desse rettane kanskje oppretthaldast på same måten

som dyrkamark som er ute av bruk no bør takast vare på i landbruket. Naust- og rorbubygging vil neppe forringe denne beredskapen då desse bygga kan gå rett inn som næringsbygg i evt. nedgangstider. Problemet kan oppstå ved evt. vidaresal av t.d. rorbuder som reine fritidshus til folk utan tilknytning til bygda. Kystverket har rett nok ein klausul i grunneigarerklæringane om at vidaresal av naust / rorbuer skal behovsprøvast, og kan soleis kontrollere at dei ikkje kjem ut av lokalt eige.


Føremål / utbyggingstype

Føremåla innafør planområdet er naust, næringsbygg, felles veg, allmeningskai og hamneområde i sjø. Sjøbudene skal ha naustrom i grunnetasjen og bruksrom på loftet, og det skal etablerast bryggefront med tilflot langs sjøsida av budene.

Anlegget skal ha tilkomst frå underordna eksisterende vegsystem (Hamnevegen) og ha felles parkering på eigen grunn. Budene skal ha vassforsyning og avlaup. Vassforsyning skal takast frå det lokale vassverket, og avlaup skal separerast slik at svartvatn går til felles tett svartvass-tank medan gråvatnet skal rensast individuelt og gå til utslepp i sjø.

Gjeldande reguleringsplanar.

I Kvalsvika er der ein gjeldande reguleringsplan – «Kvalsvikeidet» (Nasjonal planID 1515-197701). Dette er ei bustadregulering frå 1977. Dette feltet er stort sett ferdig utbygd no. Sjå kartutsnitt på n.s. Denne reguleringa har skapt ein del ny bustadbygging i Kvalsvika og er soleis med på å auke behovet for sjøtilknytning for lokalbefolkninga i bygda.



5. Planområdet – dagens situasjon

5.1 – Lokalisering – Topografi / Landskapstrekk

Kvalsvika er ytterste utpost mot Norskehavet. Svinøy fyr og Shetland er neste stopp vestover.



Topografi / Landskapstrekk / Vegetasjon:

Bildet taler for seg sjølv: Verharde strender mot vest og nord, marginal vegetasjon i høgareliggane og vèrvendte områder, medan sjølve Kvalsvika og dalen mellom Mulevika og Kvalsvika ligg meir i livd og har meir vegetasjon. Sparsomt jordbruk.


I Mulevika finn vi den største lynghei/grasheilokaliteten som er med i denne registreringa. Den vert beita av sau. Beitetrykket er i dag stort og lokaliteten er i god hevd. Røsslyng, einer m.m finst mest som ørsmå plantar på nokre få centimeters høgde. Ved enden av vegen og ned mot havet er det store grasområde med mykje finnskjegg. Ei rekke beitetilknytt plantar veks her, som til dømes knegras, engkvein, gulaks, kystmyrklegg, smalkjempe, øyentrøst, fjellmarikåpe og småengkall. Det er og funne sopp tilknytt beitemarka i eit usedvanleg høgt antal



5.2 – Avgrensing – Bruk av / arealstatus på naboareala

Reguleringsområdet ligg inni Kystverket si fiskerihamn og har svært snever avgrensing. Vi må vel nærast karakterisere planen som ein «frimerkeplan»

Hamna representerer sentrum i Kvalsvika både topografisk og verksemdsmessig. Her ligg på ein måte grunngevinga, føresetnadane og opprinnelsen til busetnaden her ute i havet.



Hamna er som nemnt Fiskerihamn og Naudhamn. Pga endra struktur i fiskerinæringa er det få registrerte fiskarar som har base her. Pga den korte strekninga inn frå skipsleida har Kvalsvik-hamna også status som naudhamn.

5.3 – Bygningane som ligg inni hamna i dag

I dag er der 37 eksisterande bygg inni hamna. Dette er naust og sjøbuder.

Ein rask registrering av storleiken på desse gir slikt resultat:

Storleiksgruppering	antal
Grunnflate under 60m ²	4stk
Grunnflate mellom 60 - 80m ²	11stk
Grunnflate over 80m ²	22 stk

Grunnkartet har høgdetal for 35 av dei 37 bygga i hamna.

Høgdefordelinga (cotehøgde møne) ser slik ut:

Høgdegruppering	antal
Møne under cote 8	18stk
Møne mellom cote 8-9	8stk
Møne over cote 9	7 stk

Eksisterande bygg nærast vårt tiltak:



Dei tre husa på bildet er næraste naboskap til vårt tiltak.

Det kvite bygget nærast er ei gammal sjøbud som er restaurert til naust / sjøbud i moderne stil. Her er lagerrom under og loft over – ikkje varig opphald men med 2015-fasiliteter. Saka er avklara og ferdiggjort og er difor teke ut av vårt reguleringsområde. Sjøbuda har grunnflate på 101,8 m², og grunnkartet syner mønetopp på cote 8,56

Det raude naustet (t høgre på bildet) er eit opprinneleg naust med stil og storleik som var vanleg her frå gammalt. Bygget er godt vedlikeholdt og har ei grunnflate på 106,7 m² og mønet ligg på cote 8,64

Det kvite bygget bak t.v (7/11) har grunnflate 122m² og mønehøgde på cote 9.09

5.4 – Vegetasjon, dyreliv og andre naturtilhøve

Helhetlig kulturlandskap: KF0000239
Områdenavn: Runde-Nerlandsøy

Alle arter av særlig stor forv.int, punkter
Art: grå narremusserong (Porpoloma metapodium)
Id: Observations/O/F_PNote/Lit-42212

Vår lokalitet vert omfatta av KF0000239 som er kulturlandskapsområde som omfattar Runde, Nerlandsøya og Skorpa

I tillegg er det registrert grå narremusserong (Porpoloma metapodium) ved vår lokalitet

Helhetlig kulturlandskap: KF0000239
Områdenavn: Runde-Nerlandsøy
Art: grå narremusserong (Porpoloma metapodium) Id: Observations/O/F_PNote/Lit-42212

Runde-Nerlandsøy Beskrivelse av KF00000239

Områdenavn	Runde-Nerlandsøy
Kommuner	Herøy (Møre og Romsdal)
Kulturhistorisk interesse	Ukjent
Biologisk mangfold – interesse	Ukjent
MOB-Land prioritet	G Ikke vurdert
Forvaltningsplan	Nei

Runde og Nerlandsøy er av dei nordlegaste av Sørøyane vest for Ålesund. Øyane vart landfast med bru mellom Remøy og Runde i 1981. Runde og Nerlandsøy ligg i Herøy kommune. Herøy er ein øykommune på Sunnmørskysten midtvegs mellom Stad og Ålesund. Det er omlag 350 øyar, holmar og skjer i kommunen. Av desse er i dag åtte øyar busette. Alle dei busette øyane i Herøy er bundne saman av bruer. Dei mange øyane, holmane og skjera skapar eit vakkert og særmerkt landskap. Runde er eit fiskevær med store lynchgeier og har Noregs sørlegaste fuglefjell. Krykkja er den dominerande arten fulgt av lundefuglen. Fuglelivet på Runde vart freda i 1957, men i 1981 vart det vedteke nye vernereglar som omfattar geologi og botanikk. Området er eit nasjonalt og internasjonalt turistmål og er sterkt pressa. Bergarten er migmatittisk/granittisk gneis. Jordsmonnet på Nerlandsøy og på Runde er relativt næringsfattig, men morene- og rasmateriale med god sigevasspåverknad kan gi stadvis gode næringstilhøve ved sida ei stor mengd fuglegjødsl. KULTURHISTORIE Namnet på kommunen, Herøy, skriv seg frå den vesle øya Herøy som tidlegare var eit geografisk midtpunkt, eldre kyrkjestad med kulturminne frå 1100-talet og handelsstad. Runde fyr er den fjerde eldste fyrstasjonen i landet og er frå 1767. Det står enno restar etter eit gammalt vippefyr her. Ved Nerlandsøybrua på Kvalsund, ligg funnstaden til Kvalsundbåtane som er datert til ca. 700 e.Kr. Desse er av dei eldste som er funne i Noreg. FUNN OG KOMMENTARAR Goksøyr (Runde). UTM: LQ 2524 Heile øya Runde er eit heilheitleg og særprega kulturlandskap i god hevd. Karakteristisk for øya er dei store, flotte gras- og lynchgeiene og busettinga langs strandflata. I dag er drifta basert på mjølkeproduksjon og sauehald. På Goksøyr er det berre sauehald. Byggeskikken er stort sett einsarta og harmonisk. Ovanfor bustadområda på Goksøyr og delvis langs med vegen sørover ligg trelause, kystprega beitemarker. Mykje av arealet overfor gardane er overflatelydda. Delar av området har vore gjødsla med noko kunstgjødsl. Likevel er dette sannsynleg område som har vore lite påverka av gjødsling. Det er her funne soppantar som er typiske for gamle beitemarker på kysten. Ein sjeldan art, *Hygrocybe quieta*, ein art som på det tidspunkt den vart funne, hadde si nordgrense her. Seinare er den og funne på øyane på Sør-Smøla (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993). Det som vart funne av sopp stod helst i bratte skråningar i tuer der det sannsynleg har vore lite gjødsla. Når det gjeld karplantar så har purpurlyng (*Erica cinerea*) si nordgrense på søre Sunnmøre. Røsslyng er dominerande. Den eldre busetnaden er godt ivaretatt og gir eit heilskapeleg preg (fig.4). Orkanen i 1991 tok fleire lær, murane står igjen. Oppe i liene står fleire flotte steingardar og terrasser. Gamlevegen til Runde er bevart. Ved sjøen ligg ei gammal naustrekke. Goksøyrgardane har ei historie langt bakover i tida. Mulevika (Nerlandsøy). UTM: LQ 202184-205192 Namnet Nerlandsøy er eit nytt namn og skriv seg frå garden Nerland. Øya ligg nordaust for Skorpa. Mellom dei to øyane går Skorpesundet som er ei gammal utseglingslei for fiskarar. Øya består av mykje fjell og mange stadar stig fjellet bratt rett frå havet. Gardane ligg langs med strendene og frå Kvalsvik går det eit eid over til Mulevika. I Mulevika er det den største lynchgei/grasheilokaliteten som er med i denne registreringa. Den vert beita av sau. Beietetrykket er i dag stort og lokaliteten er i god hevd. Røsslyng, einer m.m finst mest som ørsmå plantar på nokre få centimeters høgde. Ved enden av vegen og ned mot havet er det store grasområde med mykje finnskjegg. Ei rekke beitetilknytt plantar veks her, som til dømes knegras, engkvein, gulaks, kystmyrklegg, smalkjempe, øyentrøst, fjellmarikåpe og småengkall. Det er og funne sopp tilknytt beitemarka i eit usedvanleg høgt antal (Jordal, J.B. og Gaarder, G. 1993).

5.5 – Kulturminner (frå Riksantikvaren: «Askeladden»)



De nærmeste kulturminnene i dette området.

- Fetts fk. nr. 1 Goldanes
Type kulturminne Gravminne
Vernestatus Automatisk fredet
Datering Bronsealder - jernalder

- R2
Type kulturminne Gravminne
Vernestatus Automatisk fredet
Datering Førreformatorisk tid

- Kvalsvik skule
Type kulturminne Bygning
Datering 1900 tallet, tredje kvartal

- Golleneset
Type kulturminne Arkeologisk minne
Datering Uviss tid

- Flyhjul ved hamna.
Type kulturminne Teknisk/Industrielt minne
Datering 1900 tallet, tredje kvartal

- Bedehuset.
Type kulturminne Bygning
Datering 1900 tallet, tredje kvartal

Her er ingen kjende («Askeladden») kulturminner innanfor eller tett ved planområdet.

5.6 – Veg- og trafikktilhøve

Navlestrengen mot utanverda er FV21 frå Fosnavåg over søreVaul-brua, gjennom Kvalsund/Teige , over Teigeneset, over Langeneset, langs Kaldalsbukta til Kvalsvika. Fv21 går vidare til endes ved Mulevika.

5.7 – Vatn- og avlaup

Kvalsvika har eige vassverk som har kapasitet til vårt tiltak.
Her er ikkje felles avlaup som kan nyttast på vår lokalitet

5.8 – Privat- og offentleg servicetilbod

I det daglege er det i Fosnavåg ein henter privat og off. tenesteyting ca 10min køyring langs Fv21 rå Kvalsvika.

5.9 – Risiko- og sårbarheit.

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

Utarbeidd av beredskapsseksjonen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Oppdatert 26.02.2009

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endring i klima?		X 1
	g	Er faren for radon vurdert i området?	X	
	h	Er det tatt omsyn til ein potensiell fare for radon (radonsperre)?		2
	i	Anna (Spesifiser)?		
Omgjvnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til oversymjing i lågare- liggande område?	X	
	d	Anna(spesifiser)?		
Verksemds-risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	X	
Brann/ulykkes-beredskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X
	b	Har området gode tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		X
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærligg- ande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		
Krafftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	

Detaljregulering for del av KVALSVIK HAMN, Nerlandsøya, Herøy kommune

Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		X
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X X X X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka /ureina frå tidligare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	3
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den ___/___ - ___ av sign: _____

Punkt som må undersøkast nærare:

1: Havnivåstigning og stormflo Helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen

Er det utarbeidd rapport om dette i samb. med revisjon av kommuneplanen? Kva seier evt denne rapporten om Nerlandsøya?

«..Kommunen bør avdekke om det finnes bygninger, kulturminner, anlegg, veier, annen infrastruktur osv. som kan bli utsatt for konsekvensene av havnivåstigning. I følge Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (Sivilbeskyttelsesloven) §14, skal kommunen gjennomføre en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS). I analysen skal kommunen kartlegge hvilke uønskede hendelser som kan inntreffe og hvordan disse kan påvirke kommunen. Framtidig havnivåstigning kombinert med stormflo og bølger som vil berøre allerede utbygde områder, vil høre inn under uønskede hendelser som kommunen må undersøke nærmere. Sikkerhetskravene i TEK10 anbefales lagt til grunn når det vurderes om sikringstiltak bør gjennomføres.»...

Veiledere fra DSB

Vi må gjere ei grundig vurdering av på kva høgdenivå rorbudene skal plasserast, og vi må ta inn krav om at nedre del av vegg/liv/veggkonstruksjon må tåle må bli overflødd innimellom.

2: Radongass.

Vi veit ikkje om her finst Radon-gass i grunnen. Radon er knytt til forekomst av alun-skifer, men vi veit ikkje om det er alun-skifer i grunnen her. Høge verdiar av Radongass (over 400 Bq/m³ inneluft) kan gi overhyppigheit av lungekreft. Det er ingen kjende forekomster av slik overhyppigheit her, men dette kan forekomme svært lokalt – så det er omtrent umogleg å vite sikkert

Frå Statens strålevern saksar vi:

...."Statens strålevern anbefaler ikke undersøkelser av tomtegrunnen før boliger bygges. Årsaken er at slike undersøkelser både er kostbare og vanskelige å tolke. Det påpekes at man istedenfor kan

gjennomføre enkle tiltak i byggeprosessen. En tett sålekonstruksjon med membran og god ventilasjon av inneluften er i de fleste tilfeller nok.....”.

Vi legg ikkje opp til å undersøke forekomst av Radongass, men satser i staden på tett sålekonstruksjon på alle bygg i planområdet og god ventilasjon som preventivt avbøtande tiltak.

3: Forureining i botnslammet i hamna?

Almenningskaia og hamna generelt har hatt konsentrert trafikk av motor-gående farty oppgjennom åra. Utslepp av diesel, solar bensin og olje frå fartya vil akkumulereast i botnslammet spesielt i kaiområda. Vi veit ikkje om her er spesielt forureina botnslam her i hamna, men vi må anta at det er slik. Vi bør difor krevje at det ved all mudring og masseflytting av botnmassar først vert teke prøver av botnslammet for å evt påvise forureining.

6: Forvarslinga – innspel.

6.1 Forvarslinga

Planarbeidet er forvarsla i samsvar med reglane i PBL

-Oppstartmøte med Herøy kommune – dato 1.okt 2015

-Annonsering i Vestlandsnytt dato: 30.okt 2015

-Kunngjering / informasjon på Herøy kommune si heimeside i forvarslingsperioden

-Skriftleg varsel til off.mynde og rørde partar: dato: 30.okt 2015

6.2 Innspel:

Forvarsling av

Detaljregulering for «del av Kvalsvik hamn»

I tida: 30.okt – 11.des 2015

Desse har kome med innspel:

1: Statens vegvesen

2: NVE

3: Fylkesmannen i Møre- og Romsdal

4: Møre- og Romsdal fylkeskommune

5: Kystverket

Samandrag og kommentar til innspela:

1: Statens vegvesen

Ingen merknad til varsla planarbeid.

2: NVE:

Samandrag:

Planområdet ligg i område med marine strandavsetningar og kan ha ustabile masser i grunnen. Dersom ein ikkje kan avkrefte skredfare frå ustabile masser må det gjerast ei grundigare geoteknisk undersøking for å avdekke fare for utglidning / setningsskadar

Kommentar:

Området er tidlegare utfyllt (steinfylling) og godkjent for naustbygging av Herøy kommune. Naboområda er også utfylte og bebygde med naust / rorbuder, og kystverket har kai/fylling heilt inntil vår lokalitet utan at her er insidentar som kan tyde på masseustabilitet.

Spørsmålet var teke opp med Systad i NVE 23.nov -25 der det kom fram at NVE ikkje var klar over at det gjaldt ei eksisterande fylling. Krev no berre at situasjonen vert beskriven i planomtalen.

3: Fylkesmannen i Møre- og Romsdal

Samandrag:

1: Fokuserer at vi legg opp til rorbuder i motsetnad til kommuneplanen som disponerer til naust

2: Er nøgd med at vi vil vurdere ny bebyggelse opp mot eksisterande byggeskikk

3: Ålmeinta bør kunne ferdast fritt langs sjøkanten.

4: Fokuserer på ROS med havnivåstigning og stormflo, og tiltak for å sikre bygga mot dette.

5: Fokuserer på forureining av hamnebassenget:

-Tiltak for oppsamling av avfallet frå skraping og pussing av båtar til godkjent deponi for farleg avfall.

-Utfylling- eller Mudring i sjø: Både ved fylling og mudring må det først undersøkast om botnmassane er forureina. Det vert vist til TA 2960/2012 («Håndtering av sedimenter») Dersom sjøbotnen er forureina er det naudsynt med løyve etter forureiningslova §11 før utfylling kan startast opp.

Kommentar:1: Fritidsnaust eller næringsnaust.

Gjennom prosessen har vi vore i dialog med Kystverket som varsla innsigelse ved forvarslinga dersom vi legg opp til reine fritidshus i hamna. Kystverket skiller mellom fritidsnaust og næringsnaust og kan berre godta næringsnaust her. Utleige, varig opphald og vidaresalg til utanbygds kan ikkje godtakast, og grunneigarerklæringane frå 1943 er evigvarande og skal framleis gjelde, trass i at her knapt er heimhøyrande fiskarar i hamna pga at strukturen i fiskerinæringa er radikalt endra sidan 1943. Men næringsstilknytta bygg kan godtakast utan begrensing på grunnflate og høgde. Men då vert det utan høve til utleige eller varig opphald. Dette er greit for tiltakshavarane som alle er busette i Kvalsvika og vil nytte bygga som base for eiga verksemd og heimfiske. Det kan vere innlagt vatn og avlaup, og sjøbudene kan ha moderne innreiing og skal ha tilflot.

2: Nabobygga:

Bygget vest for vår lokalitet er ei gammal sjøbud som er restaurert til naust / sjøbud i moderne stil. Her er lagerrom under og innreidd loft over – ikkje varig opphald men med 2015-fasiliteter. Denne er avklara og ferdiggjort og ligg difor ikkje inne i vårt reguleringsområde.

Sjøbuda har grunnflate på 101,8 m², og grunnkartet syner mønetopp på cote 8,56

Naustet nord for vår lokalitet er eit opprinneleg naust med stil og storleik som var vanleg her frå gammalt. Bygget er godt vedlikeholdt og har ei grunnflate på 106,7 m² og mønet ligg på cote 8,64

3: Almenn ferdsle framom sjøbudene.

Prosjektet vert utforma som sjøbuder (næringsnaust) med tilflot. Det vert fri tilkomst forbi sjøbudene langs fellesvegen til almenningsskaia og det felles småbåtanlegget der. På sjøsida av våre buder skal det berre vere ei smal kaifront som tilflot til budene og for mellomlagring av båt- og fiskeutstyr.

4: Stormflo og havnivåstigning

Kystverket sin molo ligg på cote 1,90 – 2,00 i høve NN54. Våre buder får golvnivå på cote 2,0, men som sikring mot skade pga stormflo og havnivåstigning må alle bygningsdelar som ligg lavare enn cote 2,79 kunne tole stormflo og sjøvasspåverknad. Dette inngår i føresegnene.

5: Forureining

Tiltak for oppsamling av farleg pusse-avfall må evt innlemmast i generelt regelverk for hamna. Vi sett av areal til returpunkt for renovasjon og kan ha oppsamling der av farleg avfall i eigen oppsamlingsdunk for vidaresending til godkjent deponi.

Vi tek med punkt i føresegnene om at dersom undersøkingar tyder på at sjøbotnen er forureina skal det søkast om løyve etter forureiningslova §11 før utfylling kan startast opp.

4: Møre- og Romsdal fylkeskommune

Ingen særskilde merknadar til forvarslinga.

5: Kystverket

Samandrag:

Kystverket viser til tidlegare (30.mars 2012) innspel i samb. med utfylling på tomta:

«Kystverket forutsetter at tiltaket ikke vil vanskeliggjøre tilkomsten til almenningsskaia. Det forutsettes også at bygninger og selve eiendommen skal benyttes i forbindelse med næringsretta fiskeriaktivitet (sosi-kode 244,245 eller 248). Endring i eiendomsforhold eller bruksforhold for eiendommen skal forelegges Kystverket.»

Viser også til innspel til kommuneplanen for Herøy (9.jan -14):

Areal som er tinglyste og klausulerte til fiskeriføremål og almenning er lagt ut til fritidsbustadar. Dette er ikkje akseptabelt. Her bør vere fiskerirelatert «næring» i gruppe sosi 1300 eller 1500 (næringsnaust e.l)

Kystverket påpeiker at Kvalsvik-hamna er bygd med statlege midler i den hensikt å legge tilhøva til rette for fiskefarty med tilhøyrande fiskerirelatert verksermd.

Kystverket kan ikkje akseptere planlagte «fritidstiltak» (rorbuder) i hamna, då føresetnadane ikkje er endra sidan innspela 30.mars -12 og 9.jan -14, og varsler difor innsigelse dersom varsla arealbruk vert nytta i endeleg planframlegg.

Kommentar:

Kommuneplanen er godkjent med «naustføremål» i hamna. I kommuneplanen vert det ikkje skilt mellom «næringsnaust» og «fritidsnaust», og i praksis er det vel heller ikkje stor skilnad på desse. Dei fleste fastbuande i Kvalsvika har alltid hatt naust og småbåt som base for heimefiske til eige bruk – og i nyare tid er sjølvsagt nausta moderne bygg etter dagens behov og båtane som moderne småbåtar ellers.

Grunneigarerklæringane frå 1943.

Kystverket eig og er ansvarleg for vedlikehaldet av fiskerihamna og moloen. Deira rettar i hamna er nedfelte i evigvarande grunneigaravtaler/-erkæringar frå den tida hamna vart oppretta, og desse klausulane ligg i botnen på alle grunneigedomane inni hamna. Dette avtaleverket er forelda ved at strukturen i fiskeria er mykje endra sidan avtalane vart inngåtte. Det er få registrerte fiskarar som har base i Kvalsvik-hamna no, og krava til landanlegg er heilt annaleis no enn dei var for 50-70 år sidan. Men klausulane ligg der, og Kystverket må forholde seg til dem. Beredskapsmessig bør desse klausulane kanskje likevél oppretthaldast.

Naust- og rorbubygging vil neppe forringe denne berdskapen då desse bygga kan gå rett inn som næringsbygg i evt. nedgangstider. Problemet kan oppstå ved evt. vidaresal av t.d. rorbuder som reine fritidshus til folk utan tilknytning til bygda. Kystverket har ein klausul i grunneigarerklæringane om at vidaresal av naust / rorbuer skal behovsprøvast, og kan soleis kontrollere at bygga ikkje kjem ut av lokalt eige.

Sosi-kategoriane som det visast til er ikkje heilt dekkande for reell situasjon. Dersom ein fastbuande person i Kvalsvika må vere registrert fiskar for å få bygge nytt naust i Kvalsvik-hamna er vi i utakt med busettingspolitikken her i utkantsamfunna. Her er få andre stader det kan byggast naust utanom i hamna.

På dei tre neste sidene følger Plankart og føresegner.



Detaljregulering KVALSVIK HAMN

Gnr7, bnr 4,12,73,74,75,76 i Kvalsvika, Herøy kommune

ENDRINGAR

TEIKNFORKLARING PBL.§ 12-5

1: Bebyggelse og anlegg (pbl.§ 12-5 .1)

- f_BN Næring, sjøbuder - base for hjemmeliske (1300)
- BUN Naust (1589)
- f_BAS Andre anlegg - returpunkt renovasjon (1590)

2: Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur pbl.§ 12-5.2

- f_SKV Felles køyveg
- f_SPP Felles parkeringsplassar
- f_SVT Annan veggrunn - tekniske anlegg
- f_SVG Kai

3: Bruk og vern av sjø og vassdrag (pbl §12-5. 6)

- f_VHS Hamneområde i sjø (6220)

Juridiske linjer og punkt

- Plangrense
- Foremålsgrense
- Regulert tomtegrense
- Byggegrense
- Regulert senterline
- Rørlinje - Inregulerte bygg

Kartopplysningar

Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89 0 10 20 30 40 m



Basiskart er teikna med svak gråfarge



Sakshandsaming etter pbl §§12_8-10

- Oppstartkonferanse 1.okt 2015
- Forvaring i tida 30.okt. - 11.des 2015
- 1. gangs handsaming i planutvalet
- 2.gangs handsaming i planutvalet
- Offentleg ettersyn frå _____ til _____
- Handsaming i kommunestyret
- Kunngjering med klagefrist

PLANEN ER UTARBEIDD AV:



DATO:
1.april 2016

REGULERINGSFØRESEGNER

Reguleringsplan – detaljplan

KVALSVIK HAMN, gnr /bnr: 7/4,12,73,74,75 og 76, Kvalsvika i Herøy kommune

Plan ID:

Plan dato: 23.mars 2016

1 - Generelt:

- 1.1 Reguleringsplanen er utarbeidd som detaljplan i samsvar med PBL av 2008.
Reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som er synt med reguleringsgrense på plankartet.
- 1.2 Etter at planen er godkjent er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som kan hindre gjennomføring av planen.

2 - Reguleringsføresmål:

Området er regulert til følgende føremål etter PBL § 12-5:

Bebyggelse og anlegg (A)	Naust (1589) BUN Næringsareal – Sjøbuder, base for heimefiske (1300) f_BN Øvrige anlegg – Returpunkt renovasjon (1590) f_BAS
Samferdsleanlegg (S)	Køyreveg (2011) a_SKV Parkeringsplassar (2082) f_SPP Annen veggrunn – tekniske anlegg (2018) SVT Kai (2041) Almenningskai a_SK
Bruk og vern av sjø og vassdrag	Hamneområde i sjø (6220) f_VHS

3 - Fellesføresegner:

- 3.1 Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggegrensene som er vist på plankartet
- 3.2 Ved handsaming av søknad om byggeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse.
- 3.3 Vegar og tekniske anlegg skal vere opparbeidde før det kan gjevast bruksløyve til nye bygg i planområdet.
- 3.4 Overskotsmasse skal køyrast vekk.
- 3.5 Dersom tiltakshavar under arbeid finn maritime kulturminne (keramikk, skipsvrak e.l) pliktar han å gi melding om dette til Bergen museum. Arbeidet må då mellombels stoppast til museet har granska og evt frigjeve området.
- 3.6 Nye bygg og tilbygg skal sikrast mot radon i henhald til gjeldande forskrift TEK, § 8, 33.
- 3.7 Det er ikkje tillate å setje opp lys som kan vere til sjenanse eller fare for ferdsla ved innseglina til

almenningskaia i Kvalsvik hamn. Eksisterande navigasjonslys skal vere godt synlege. Ved lyssetjing av areal ved og i tilknytning til hamna, skal det takast kontakt med Kystverket, for godkjenning.

4 - Bebyggelse og anlegg

4.1 Naust (BUN)

Eksisterande naust på BUN skal bevarast i si noverande form. Det kan innreiast garnloft i bygget innafor noverande bygningskropp. Naustet skal ikkje ha kvist/takoppløft. Naustet kan underdelast i mindre einingar (lager) med eigne inngangar. Naustet skal ha parkering på eigen grunn.

4.2 Næringsbebyggelse (SOSI 1300)

Område merka f_BN, skal nyttast til sjøbuder som skal vere base for heimefiske med vedlikehald og oppbevaring av tilhøyrande utstyr (fiskeriretta næringsverksemd). Budene skal ha tilflot. I f_BN kan det tillatast bygg med lagringsrom i underetasje og arbeids / bruksrom i garnloft. Bygga kan ha inntil 80m² grunnflate og inntil 7m mønehøgde over lagergolv. Budene skal byggjast saman med tilstøytande buder og kan ha takoppløft for å få lys inn i hemsen/garnloftet. Budene kan underdelast i mindre einingar (lager) med eigne inngangar. Maksimum tillate bebygd areal for f_BN er sett til 60% BYA. Bygningane på f_BN kan ikkje ha varig opphald. Ubebygde delar av område for næringsformål skal haldast ryddige og reine. Sjøbudene i f_BN skal plasserast innanfor byggegrensene som vist i plan. Ferdig golv på nye bygg plasserast på cote +2,00 over NN54 Dei delane av bygga som ligg lavare enn cote +2,79 skal førast opp i materiale som toler å bli utsett for framtidig havnivåstigning / stormflo. Dokumentasjon og grunngjeving for høgde-plasseringa skal leggjast fram som konkret ROS-vurdering i samband med byggemelding av bygga. Det er avsett 1 P-plass / bygg i felles parkeringsanlegg f_SPP på eiga tomt. Bygga på f_BN skal ha biltilkomst, straum, innlagt vatn og avlaup. Vassforsyning skal takast frå lokalt vassverk.

4.3 Returpunkt renovasjon (sosi 1590)

Området merka f_BAS på plankartet skal nyttast som returpunkt for renovasjon. På f_BAS kan det settast opp bygg / konstruksjon for skjerming av bossoppsamling.

5 - Samferdsleanlegg

5.1 Privat felles tilkomstveg (a_SKV)

a_SKV skal vere felles ålmenn veg til almenningskaia. Kystverket har vegrett fram til kaia. Sjøbudene i f_BN skal ha tilkomst frå a_SKV. Tilkomstvegen skal ha den standard som er vist på plankartet.

5.2 Parkering (f_SPP):

f_SPP skal nyttast som felles parkeringsareal for bygga i f_BN. (1 plass/bygg)

5.3 Annen veggrunn – tekniske anlegg (SVT):

f_SVT_1 og 2 skal nyttast til manøvreringsareal, snøopplag eller anna srviceareal langs a_SKV. Det kan leggjast tekniske anlegg, leidningstraséar o.l i grunnen på f_SVT

Det kan ikkje settast opp sikt- eller køyrehindrande konstruksjonar i f_SVT
 Ved utfylling i sjø på f_SVT-2 skal sjøbotnen på førehand undersøkast m.o.t forureining av botnmassane. Ved påvist forureining skal det søkast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve etter forureiningslova §11 før utfylling kan startast opp.

5.4 Kai (f_SK)

Kaia er almenningsskai der alle har rett til å ferdast.

6: Bruk og Vern av sjø og vassdrag

Hamneområdet VHS er ein del av den indre hamna med rett til ålmenn båtferdsle.

Innafor VHS må det for alle tiltak i sjø såsom utfylling, utlegging av flytebrygger, legging av leidningar i sjø m.m. søkast løyve etter Hamne- og farvasslova i tillegg til løyve etter plan- og bygningsloven.

8 - PLANOMTALE

Reguleringsføremål

Vi viser til reguleringskart på s19 samt reguleringsføresegner på ss20-23.

Føremål – PBL§12-5	Nemning	Sosi-koding	Areal da	Utnyttingsgrad
Naust	A_BUN	1589	354m ²	BYA _{max} =30%
Annen bebyggelse–returpkt. renovasjon	f_BAS	1590	19m ²	
Næringsbebyggelse - sjøbuder	F_BN	1300	745m ²	BYA _{max} =60%
Vegføremål	a_SKV	2011		
Parkeringsplassar	f_SPP	2082	5 plassar	
Annan veggrunn- tekn anlegg/sideareal	f_SVT-1,2	2018	474m ²	
Kai - allmenningsskai	a_SK	2041	169m ²	
Hamneområde i sjø	VHS	6220	1840m ²	

Byggjeareal

Type bebyggelse	Utnyttingsgrad	Byggehøgder	Byggegrenser
Næringsbygg - sjøbuder	BYA _{max} = 60%	Max 80m ² grunnflate Max 7m mønehøgde	5 buder kjeda
Naust	BYA=30%	Eksisterande naust skal bevarast i noverande form	

Naust.

Eksisterande naust på 7/12 er teke med i planområdet og innregulert som naust sosi 1590 – BUN. Naustet som har grunnflate på 106m² og mønetopp på cote 8,56 skal bevarast i si noverande form. Det kan innreist bruksrom på loft, og underetasjen (naustrommet) kan underinndelast i fleire lagerrom med eigne inngangar, men naustet kan ikkje godkjennast for varig opphald.

Næringsbygg.

Sjøbudene skal utformast som moderne bygg med moderne fasilitetar og V/A. Skal nyttast som lokal base for heimfiske og sjøliv. Ikkje varig opphald. Ikkje utleige. Lokal eigedomsforankring.

Grunngjeving for denne arealbruken:

Innbyggarane i Kvalsvika har frå gammalt vore sterkt knytt til sjøfart og fiske. Færing, sjark og skøyte har alltid vore viktige ting i dagleglivet, og naust og sjøbud har vore sentrale møtestadar for folk. Kystverket vil gjerne skilje mellom «næringsnaust» og «fritidsnaust» der fritidsnausta er ei meir moderne og kanskje litt meir uynskt form. Vi synst at dette er eit kunstig skilje. Heimfiske til eige og nær familie sitt bruk er framleis vanleg, sjølv om det knapt nok kan kallast næring, og båtane kanskje ikkje akkurat er sjarkar men fritidsbåtar. Men moderne rorbuder og fritids-båtar utgjør likevel ein god beredskap dersom det kjem dårlege tider der det på ny vert aktuelt å intensivere heimfisket. Grunneigarerklæringa frå 1943 har med ein klausul om at Kystverket skal godkjenne evt sal av bygg i fiskerihamna for å unngå at dei kjem ut av lokalt eige.

V/A

Det skal vere innlagt vatn og avlaup i sjøbudene.

Vassforsyninga skal takast frå eksisterande felles vassverk, og avlaupet er tenkt med felles svartvasstank for dei 5 sjøbudene og individuell rensing av gråvatnet med utslepp til sjø. Jets har t.d eit separatsystem som er veileigna – rensinga av gråvatnet er sopass bra at Oslo kommune godtek desse anlegga kring Maridalsvatnet som er drikkevasskjelde for Oslo.

Returpunkt for renovasjon.

Båtliv og heimfiske vil dra med seg ein del avfall, og vi har difor regulert inn eit returpunkt for renovasjon med direkte front på oppsamlingsarealet mot køyrevegen, der bossbilen lett kan snu i manøvreringsarealet SVT. På dette arealet kan vi bygge skjerma oppsamlingsplass for vanleg retavfall, samt at vi kan ha eiga oppsamling for farleg avfall som t.d skrapeavfall frå båtpuss, oppsamla oljerestar/ kjemikaliar etc frå båtdrift og vedlikehald.

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur.

Køyrevegar (sosi 2011 – SKV) og annen veggrunn (2018 -SVT)

Innafor planområdet er det berre private køyrevegar (ingen off. vegar). Gnr7, brnr 4 eig veg-grunnenen, medan sjølve vegen og almeningskaia er eigd av kystverket, og det er allmenn rett til ferdsle på a_SKV og a_SK (kaia). Den horisontale atndarden går fram av reguleringskartet.

Vi har regulert inn sideareala til vegen som anna vegareal (sosi 2018 – f_SVT). Grunnen her hører til 7/4, og areala skal nyttast til trafikk- og manøvreringsareal i tilknytning til dei innregulerte sjøbudene. f_SVT,1-2 skal nyttast som aktive trafikkareal, og det er ikkje høve til å nytte desse flatene til lagringsareal eller vinteropplag for båtar e.l. Det er høve til å legge tekniske anlegg som kabeltrasear, V/A-anlegg etc i grunnen på f_SVT så lenge dette ikkje medfører manøvreringshindrande element over bakken.

Parkering

Det er avsett parkering til sjøbudene på eige areal (sosi 2082 f_SPP) der det er innregulert 1 p-plass pr sjøbud i f_BN. Desse plassane ligg på gnr7, brnr4 og er spesifikt knytt til f_BN.

Universell Standard (US):

For at eit område skal godkjennast som universelt tilgjengeleg har m.a Husbanken sett opp visse krav til tilkomsten: Max stigning 1:12, kvilerepos for kvar 60cm stigning ein må overkome, og max 100m frå bilplass til inngangsdør. Offentlege vegar er ikkje alltid i US (stign > 1:12) US må difor målast ut frå den staden der rørslehemma går ut av bilen. I vårt planområde vil det vere interessant med US frå parkering til inngangen på sjøbudene samt til utearealet (kaifronten framom kvar einskild sjøbud) slik at rørslehemma for eiga maskin kan kome seg både inn i sjøbudene og evt. om bord i båt. Her i vårt planområde er det heilt flatt mellom P-plassane og inngangane på sjøbudene, og kaifrontane vil ligge i flukt med lagergolvet i sjøbudene slik at her vil vi lett kunne tilpasse US med berre små ekstra tiltak (tersklar, dørbreidder etc).

Risiko og sårbarheit

Viser til enkel ROS-analyse etter MR Fylke sin standard på s.10.

Ut frå svara på desse spørsmåla konkluderer vi slik:

Havnivåstigning og stormflo Helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen

I samband med kommuneplanarbeidet har kommunen utarbeidd retningsliner for høgdene som vert kravd for å sikre nye bygg og anlegg mo framtidig havnivåstigning og evt stormflo.

Konklusjonen er at alle nye bygg må tole vasspåverknad og stormflo opp til cote 2,79 over NN54. Dette er lagt inn i reguleringsføresegnene § 4.2. Sjølve sjøbudene vil få golvhøgde på ca cote 2,00 pga høgda på tilkomstvegen til almeningskaia, men alle bygningsdelar under cote 2,79 må byggast slik at dei toler sjøvass- / stormflo-påverknad.

Radongass.

Vi veit ikkje om her finst Radon-gass i grunnen. Radon er knytt til forekomst av alun-skifer, men vi veit ikkje om det er alun-skifer i grunnen her. Høge verdiar av Radongass (over 400 Bq/m³ inneluft) kan gi overhyppigheit av lungekreft. Det er ingen kjende forekomster av slik overhyppigheit her, men dette kan forekomme svært lokalt – så det er omtrent umogleg å vite sikkert

Frå Statens strålevern saksar vi:

...."Statens strålevern anbefaler ikke undersøkelser av tomtegrunnen før boliger bygges. Årsaken er at slike undersøkelser både er kostbare og vanskelige å tolke. Det påpekes at man istedenfor kan gjennomføre enkle tiltak i byggeprosessen. En tett sålekonstruksjon med membran og god ventilasjon av inneluften er i de fleste tilfeller nok.....".

Vi legg ikkje opp til å undersøke forekomst av Radongass, men satser i staden på tett sålekonstruksjon på alle bygg i planområdet og god ventilasjon som preventivt avbøtande tiltak.

Forureining i botnslammet i hamna?

Almenningskaia og hamna generelt har hatt konsentrert trafikk av motor-gåande farty oppgjennom åra. Utslepp av diesel, solar bensin og olje frå fartya vil akkumulereast i botnslammet spesielt i kaiområda. Vi veit ikkje om her er spesielt forureina botnslam her i hamna, men vi må anta at det er slik.

Den einaste nye utfyllinga / oppmuringa vi legg opp til er langs nordsida av tilkomstvegen på arealet f_SVT-2. I føresegnene til planen (§5.3) har vi difor teke inn følgande formulering: «Ved utfylling i sjø på f_SVT-2 skal sjøbotnen på førehand undersøkast m.o.t forureining av botnmassane. Ved påvist forureining skal det søkast om løyve etter forureiningslova §11 før utfylling kan startast opp».

Konsekvensar av planframlegget.

Overordna planar og vedtak: Arealdelen av kommuneplanen

Arealet som omfattast av reguleringa er i kommuneplanen frå 2014 avsett til

- 1: Naust
- 2: Hamneområde inne i Fiskerihamna

Samfunnsdelen av kommuneplanen for Herøy:

Under kapitlet om næring **vert det peika på at....."Dei naturlege fortrinna som ligg i dei spesielle naturkvalitetane i Herøy er dårleg utnytta i turistsamanheng..." (kap 5)**, og i kap 2 les vi at ei av **retningslinene for kommunal planlegging skal vere å...."leggje til rette for maritime miljø og for private utbyggings- og investeringsprosjekt..."**

Vårt prosjekt er soleis bra i samsvar med måla både i arealdelen og samfunnsdelen av kommuneplanen sjølv om det konkrete bygge-føremålet er litt på sida av føremålet i kommuneplanen. Dette er gjort av omsyn til kystverket sine krav og grunneigaravtalane som ligg på eigedomane.

Gjeldande reguleringsplanar:

I Kvalsvika er der berre ein gjeldande reguleringsplan – «Kvalsvikeidet» (Nasjonal med planID 1515-197701). Dette er ei bustadregulering frå 1977. Dette feltet er stort sett ferdig utbygd no.

Sjå kartutsnitt på s5.

Denne reguleringa har skapt ein del ny bustadbygging i Kvalsvika og er soleis med på å auke behovet for sjøtilknytning for lokalbefolkninga i bygda. Våre sjøbuder er eit svar på dette og dekkjer nok litt opp for dette behovet.

Konsekvensar for bygningsmiljøet i hamna

«Kultur»-tilpassing

I dag er der 37 eksisterande bygg inni hamna. Dette er naust og sjøbuder.

I kap. 5.3 på s7 har vi laga ei grov registrering av høgde og grunnflate på eksisterande bygg i hamna. Konklusjonen her må vere at kommuneplanen sine krav om maksimal storleik på 60m² på nausta ikkje samsvarer godt med eksisterande bygg i hamna. Berre 4 av eksisterande bygg er under 60m² medan heile 22 av 37 bygg er over 80m².

Dei 3 bygga nærast vårt tiltak har alle over 100m² grunnflate og mønehøgde over cote 8,50. Vårt tiltak vil soleis ligge i midtskiktet m.o.t storleik på bygg i hamna

Byggutforming

Vi tenker oss at sjøbudene kan gjevast eit moderne preg, men på ein slik måte at dei tilpassar seg til kringliggande bygg/miljø og landskapsformer/terreng med omsyn til høgde, volum, takform, material-og fargeval. Vi har ikkje gitt toleranseområde for takvinkel – vi ynskjer variasjon.

Tilkomst til allmenningskaia:

Våre sjøbuder står på eksisterande fylling mot hamna sør for allmenningskaia. Den ålmenne tilkomsten til allmenningskaia og flytebrygga som ligg der vert ikkje endra eller hindra på noko vis. Sjøområdet sør for sjøbudene er regulert til «hamneområde i sjø» som er same føremålet som kommuneplanen har for hamna.

Konsekvensar for naboar / gjenbuarar:

Vi kan ikkje sjå at nærliggande eksisterande naust og sjøbuder vil få spesielle negative verknadar av vårt tiltak korkje m.o.t deira noverande landverts eller sjøverts bruk av området. Vi meiner at allmenningskaia og Kystverket heller ikkje vil få negative verknadar av tiltaket.

Kulturminner

Vi kjenner ikkje til spesielle registrerte kulturminner i planområdet. (Sjå kap 5.5 s10)

Privat og offentleg tenesteyting

Tiltaket vil stimulere privat tenesteyting og handel i Fosnavåg ved at småbåtmiljøet vil proviantere og ta supplies frå forretningane der.

Risiko og sårbarheit:

Omgjevnadane til vårt planområde vil ikkje få noko slags risiko eller sårbarheitsverknadar av vårt tiltak.

Vårt tiltak vil heller ikkje få vesentlege risiko- eller sårbarheitsverknadar frå omgjevnadane.

I føresegnene har vi stilt krav til undersøking av evt forureining ved fylling på f_SVT-2 og krav til at bygningsdelar som ligg lavare enn cote 2,79 skal tole stormflo / havnivåstigning



Statens vegvesen

Herøy kommune i Møre og Romsdal
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:
15/227653-6

Dykkar referanse:

Vår dato:
10.05.2016

Herøy kommune – Reguleringsplan deler av Kvalsvik hamn – Gnr. 7 bnr. 4 m.fl. Nerlandsøy – Offentleg ettersyn – Uttale

Viser til e-post av 29.4.2016 frå Herøy kommune.

Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til *Reguleringsplan deler av Kvalsvik hamn*.

Statens vegvesen har ingen merknad.

Med helsing
Plan- og trafikkseksjonen

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Fra: Systad Terje [<mailto:tes@nve.no>]

Sendt: 27. mai 2016 10:31

Til: postmottak

Emne: Ingen merknad til offentlig ettersyn -Reguleringsplan deler av Kvalsvik hamn - Herøy kommune

Eg syner til Dykkar brev dagsett 29.4 som gjeld offentlig ettersyn av Reguleringsplan for del av Kvalsvik hamn.

NVE har ingen merknad til planen.

Med helsing

Terje Systad

Overingeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Arealplan, Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 59

E-post: tes@nve.no

Web: www.nve.no





Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2015/1270	29.04.2016	30709/2016/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, 71 25 82 91	09.06.2016

**Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - del av
Kvalsvik hamn, Nerlandsøy gbnr 7/4, 12, 72, 73, 74, 75, 76 -
fråsegn ved offentlig ettersyn**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen særskilte merknader.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Kystverket Midt-Norge, Postboks 1502, 6025 Ålesund
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Møtebehandling:


Det kom slikt framlegg som skjønnsmedlemer for perioden 1. januar 2017 – 31. desember 2020:

Dina Mari Voldsund Djupvik
Anders Vold Enerhaug
Birger Anfinn Furesund
Gerhard Ole Furø
Lene Søvik Huldal
Gunnar Odd Jøsokbakke
Per-Ola Kleppe
Karl Anton Kopperstad
Bjarne Kvalsvik
Heidi Synøve Skjeret Kvalsvik
Lill Berit Knoph Larsen
Marit Jordan Lyster
Asbjørn Magnar Moltumyr
Bjørn Petter Storøy
Björg Sæter
Anne Grete Sætre Voldnes
Marie Frøystad Voldsund
Magnar Lillestøl
Tor Sindre Steinsvik
Henry Jøsokbakke
Oddmund Kvalsvik
Anna Aasmo



OK

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksstift.
14 JUNI 2016	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dokument
Kassasjon	

Herøy kommune
Detaljregulering - reguleringsplan del av Kvalsvik hamn gnr7 bnr4 m.fl.
Offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Saka gjeld reguleringsplan for om lag 3,9 dekar i Kvalsvik hamn. Området er i kommuneplanens arealdel avsett til framtidig naustområde med krav til regulering, og ligg innanfor eit område med status statleg fiskerihamn.

Natur- og miljøvern

Etter kommuneplanen er planføremålet på landarealet i området naust, medan reguleringsføremåla for bebyggelsen i føreliggande planutkast er naust, næringsareal og øvrige anlegg. Når det gjeld næringsarealet, skal det etter føresegnene nyttast til «sjøbuder som skal vere base for heimefiske med vedlikehald og oppbevaring av tilhøyrande utstyr (fiskeretta næringsverksemd)». Vi stiller spørsmål ved om det er rett å bruke planføremål «næring», eller om dette er bruk som kjem inn under naustbegrepet. Dersom planføremålet skal vere «næringsføremål» legg vi til grunn at eigarane er registrert som fiskerar.

Føresegnene opnar opp for ein storleik på opp til 80 m2 grunnflate og inntil 7 m mønehøgde over lagergolv, men bygga skal ikkje ha varig opphald. Vi vil peike på at det kan bli utfordrande å handheve føresegnene når både storleik og utforming legg til rette for bruk av bygga til varig opphald, og rår difor til at ein reduserer storleiken til maksimalt 60 m2 BRA, og at bygga også elles er i samsvar med føresegnene for naust i kommuneplanen.

Konklusjon

Vi viser til merknadene ovanfor, og rår til at planen endrast i samsvar med desse.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Kopi:

Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

Statens vegvesen Region midt Postboks 2525 6404 MOLDE

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



KYSTVERKET
MIDT-NORGE

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Att: Aleksander Zahl Tarberg

Deres ref.:	Vår ref.:	Arkiv nr.:	Saksbehandler:	Dato:
	2015/4351-6	413.2	Torill Hestholm Myklebust	07.06.2016

Uttalelse - Reguleringsplan deler av Kvalsvik fiskerihavn - Nerlandsøy - Herøy kommune - utlegging til offentlig ettersyn

Vi viser til elektronisk oversendelse av forslag til reguleringsplan for deler av Kvalsvik fiskerihavn, gnr/bnr 7/4 m.fl., Nerlandsøy i Herøy kommune.

Planen gjelder i hovedsak regulering av et mindre område til naust og næring i selve fiskerihavna.

Kystverket har tidligere gitt uttalelser til utbygging i det aktuelle området. Vi har vært tydelig på at bruken skal være relatert til tradisjonell fiskeriaktivitet. Vi viser bl.a. til vedtak av 30.03.12 (søknad om fylling i sjø), hvor følgende ble uttalt:

"Kystverket forutsetter at tiltaket ikke vil vanskeliggjøre adkomsten til allmenningsskai. Det forutsettes også at bygninger og selve eiendommen skal benyttes i forbindelse med næringsretta fiskeriaktivitet (sosikode 244, 245 eller 248). Endring i eiendomsforhold eller bruksforhold for eiendommen skal forelegges Kystverket."

Videre vil vi vise til vår uttalelse til kommuneplanen for Herøy datert 09.01.14, hvor følgende ble uttalt:

" I *Kvalsvik fiskerihavn* som i mange andre hamner der Kystverket har moloar og andre innretningar eller har utført andre arbeid/tiltak og investeringar, har Kystverket tinglyste grunnavtalar og rettar til areal i og rundt desse hamnene. Vi registrerer at i Kvalsvik hamn er store deler av slikt tinglyst og klausulert areal til fiskeriføremål og allmenning blitt lagt ut til føremål fritidsbustadar (FB3 og FB4). Dette kan difor ikkje akseptast.

Kvalsvik er en statlig fiskerihavn utbygget med offentlige midler. Statens intensjon med bygging av fiskerihavner er å legge forholdene til rette for fiskefartøy med

Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson

tilhørende fiskerirelatert virksomhet.

I uttalelse av 11.12.15 til varsel om detaljreguleringsplan for eiendommene gnr. 7, bnr. 4 m. fl. ble også følgende uttalt:

"Kystverket finner ikke grunnlag for å kunne akseptere de planlagte fritidstiltak (rorbuer) som er foreslått i havna, og kan ikke se at situasjonen er endret siden vårt vedtak av 30.03.12 og uttalelse til kommuneplanen datert 09.01.14. Vi bemerker også at "rorbuer" ikke er et formål i nasjonal produktspesifikasjon for reguleringsplaner. Riktig formål for de planlagte tiltak vil være "fritidsbebyggelse" eller "utleiehytter".

Vi varsler herved at innsigelse kan påregnes dersom planene videre legger opp til en slik arealbruk med den status havna har pr. d.d. (statlig anleggs-/drifts- og vedlikeholdsansvar). Bruken er ikke i tråd med intensjonen for statlig tilrettelegging og finansiering av fiskerihavn i Kvalsvika. Kystverket har verken i oppdrag å bygge fritidshavner eller midler til å drifte/vedlikehold slike. Kystverket vil heller ikke ha ansvar for sikkerheten til bolig-/fritidsboliger bygget på bakgrunn av eventuelle skjermingsmoloer. Området må opprettholdes til fiskeriaktivitet og naust (fiskerimessige formål), og ikke til fritidsformål i form av rorbuer/hytter/utleievirksomhet."

Kystverket hadde møte med Herøy kommune, plankonsulent og tiltakshavere/grunneiere 28. januar 2016. I møtet ble planforslaget diskutert, herunder mulige løsninger.

Herøy kommune har nå sendt et forslag til detaljreguleringsplan etter pbl. §§ 12-3 og 12-10 ut til offentlig ettersyn og høring.

Når det gjelder arealformål på plankart, er våre tidligere bemerkninger i stor grad etterkommet. Det blir i planforslaget lagt til rette for oppføring av fem nye bygninger for fiskeri/maritim virksomhet på den etablerte steinfyllinga. Eksisterende naust har fått formålet BUN Naust sosikode 1589. Sjøområdet er regulert til VHS Havneområde i sjø sosikode 6220. Steinfyllinga som det ble gitt tillatelse til av Kystverket i vedtak av 30.03.12 og hvor det nå planlegges fem nye bygninger, er betegnet som BN næring, sjøbuder – base for heimfiske sosikode 1300.

Kystverket har ikke vesentlige kommentarer til arealformålene. Vi vil likevel bemerke at for område avsatt til BN Næring, sjøbuder – base for heimfiske sosikode 1300, kan også formålet Lager, sosikode 1350 anvendes. Dersom intensjonen med bygningene er lagring av fiskebåt og utstyr, vil også dette være en riktig betegnelse.

Når det gjelder bestemmelsene, registrerer vi at punkt 4.2 Næringsbebyggelse, inneholder en del detaljer vedrørende oppføring, utforming og bruk av nye bygg. Kystverket vil her påpeke at kommunen bør utvise forsiktighet i forhold til å foregripe en søknadsbehandling etter plan- og bygningsloven og havne- og

farvannsloven. Separate tillatelser etter begge disse lovene er påkrevd, men selve saksbehandlingen når det gjelder bruken av bygningene, må ikke tas inn i planbehandlingen.

Vi registrerer også at det tillates hems/garnloft på de nye byggene og at disse skal ha takoppløft for å få inn lys. Videre er det fastsatt at byggene på f BN skal ha biltilkomst, strøm og innlagt vann og avløp. Det skal også etableres bryggefront med tilflott langs sjøsiden av sjøbuene.

For Kystverket er det åpenbart at det her åpnes for mer moderne bygg, med en langt videre bruk, enn det som tradisjonelt er betegnet og akseptert som naust i en statlig fiskerihavn. Hems/garnloft er for Kystverket et nytt begrep. Videre har ikke tradisjonelle naust kai/bryggefront, da dette gjør det vanskelig å trekke båten fra sjø og inn i naustet.

Begrunnelsen for at vi ikke har tillatt annet enn bygg beregnet for oppbevaring av båt og utstyr i fiskerihavner, er todelt. Bruk av arealene til annet enn fiskeri som næring, er ikke i tråd med intensjonen for statlig tilrettelegging og finansiering av fiskerihavner. Kystverket har ikke ansvar for å tilrettelegge for fritidsbåter og privat bruk knyttet til dette.

Det fremgår av bestemmelsene at bygningene på f BN ikke skal ha varig opphold. Kystverket tolker dette dit hen at byggene ikke skal innredes slik at overnatting, utleie osv. er mulig/ tillatt. Vilkår som hindrer slik bruk vil også fremgå av nødvendig tillatelse etter Havne- og farvannsloven før byggene blir oppført. Dersom byggene blir tatt i bruk til andre formål enn angitt (fiskerirettet næringsvirksomhet), vil dette også være i strid med tillatelsen til eksisterende utfylling. Kystverket vil da vurdere om denne tillatelsen bør trekkes tilbake. Videre vil Kystverket fraskrive seg ansvar for mulige skader forårsaket av bølger, vær og vind.

Under forutsetning at bruken av bygningene kun skal være til fiskeri som næring, herunder oppbevaring av båt og utstyr, kan Kystverket akseptere planforslaget.

Med hilsen

Harald Tronstad
regiondirektør

Torill Hestholm Myklebust
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fiskeridirektoratet

Fylkeshuset
Postboks 185 Sentrum


6404 MOLDE
5804 BERGEN

Møre og Romsdal fylkeskommune
Svein holmen Arealplanlegging

Fylkeshuset
6101 Volda

6404 MOLDE

Vedlegg:





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2012/4
		Arkiv:	143

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
154/16	Formannskapet	16.08.2016
128/16	Kommunestyret	25.08.2016

KOMMUNEDELPLAN FOR HERØY - AVLAUPSPLAN 2016-2020 - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Ingeniør Teknisk/Drift /Anlegg Fred Arnesen møtte og svarte på spørsmål
AP kom med framlegg om eit slikt tilleggspkt. 2:

Kommunestyret bed vidare om at renseanlegg for Bergsøya vert utgreia med sak
til kommunestyret.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå AP vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 16.08.2016

1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15
Kommunedelplan for Herøy – Avlaupsplan 2016-2020, datert 11.1.2016.
2. Kommunestyret bed vidare om at renseanlegg for Bergsøya vert utgreia med
sak til kommunestyret.

Tilråding:

Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15
Kommunedelplan for Herøy – Avlaupsplan 2016-2020, datert 11.1.2016.

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Statens vegvesen, region midt,
Kystverket
Maritim og teknisk komite

Postboks 2500
Postboks 2520
Fylkeshuset
Postboks 1502

6404 MOLDE
6404 MOLDE
6404 MOLDE
6025 ÅLESUND

Vedlegg

- 1 Kommunedelplan for Herøy - avlaupsplan 2016-2022
- 2 Vedlegg 1 - Handlingsplan med kartutsnitt
- 3 Vedlegg 2 - Område utan offentleg avlaup

Saksopplysningar:

Planprosess for kommunedelplan for avlaup:

Utvalssak	Utval m.m	Emne	Dato
78/11	Kommunestyret	Vedtak om oppstart med planprogram	22.06.2011
		Høyring av planprogram: 01.07.2011-26.08.2011	
273/11	Formannskapet	Stadfesting av planprogram	11.10.2011
51/16	Formannskapet	Vedtak om offentleg ettersyn	08.03.2016
		Høyringsperiode: 01.04.2016 – 13.05.2016	
	Formannskap	Innstillingsvedtak i Formannskapet	20.09.2016
	Kommunestyret	Vedtak av kommunedelplan	29.09.2016

Kommunedelplan for avlaup er ei rullering av tidlegare hovudplan avløp som vart vedteken i K-sak 107/2000 og som omfatta perioden 2000-2004. Planen er såleis på «overtid» i høve ei ny rullering. Kommunedelplan for avlaup har eit langsiktig perspektiv og alle tiltaka i planen er ikkje gjennomførbare i eit fire-årsperspektiv og det er derfor planlagt at denne planen skal vere gjeldande til 2022.

Handlingsprogrammet ser arbeidsgruppa føre seg må rullerast oftare og er derfor lagt ved som eit vedlegg til planen for å gjere revideringane meir oversiktlege. Det vert lagt opp til at handlingsprogrammet skal reviderast kvart 2.år. Neste revidering er derfor planlagt 2018, 2020 og 2022.

Føremålet med «kommunedelplan for avlaup 2016 – 2022» er å leggje til rette for at det vert bygd ut berekraftige og gode løysingar for oppsamling, reinsing og utslepp av avlaupsvatn i heile Herøy kommune.

Avlaupshandtering er ei av kommunen sine primær oppgåver og kommunedelplanen vil legge grunnlaget for overordna infrastruktur som gjeld avlaup. Den nye kommunedelplanen skal såleis leggast til grunn for overordna og langsiktig styring av avlaupshandtering i Herøy kommune.

Gebyrgrunnlag/kostnadsutvikling

Avlaupssektoren skal i prinsippet vere sjølvfinansierande. Grunnlaget for avlaupsgebyra er renter og avskrivningar frå tidlegare utbyggingar av avlaupsanlegga og kostnader knytt til FDV. Med bakgrunn i store utbyggingar siste åra er gebyra rimeleg høge.

Forventa kostnadsutvikling er at ein med ei balansert utbygging dei neste åra vil kunne halde gebyra omlag på dagens nivå.

Prioritering utifrå resipienttilstand

Den innbyrdes prioriteringa av dei ulike resipientane sitt behov for forbetring av avlaupstilhøva vil vere avhengig av:

- om den er karakterisert som ein dårleg, moderat eller god resipient
- noverande og forventa avlaupsbelastning

- mengda av allmenne og kommersielle bruker- og verneinteresser

I forhold til **resipienttilstand** og krava i forureiningsforskrifta vil det vere naturleg å vurdere resipientforholda opp mot utbygging av kommunale avlaupsanlegg og evt. krav om oppgradering av private avlaupsanlegg i sårbare resipientar

Kommunen si målsetting:

- Målsettinga for hovudplan avlaup er å utarbeide ein oversiktsplan for framtidig utbygging av avlaupsanlegg i kommunen, samordna med kommunen sine planar for framtidig arealbruk. Det skal utarbeidast leidningskart over avlaupsanlegg.
- Planen skal gjere greie for miljømål og innehalde vurderingar av behovet for tiltak i dei ulike resipientane. Nye leidningsanlegg skal samordnast med bygging av andre tekniske anlegg, evt. i samarbeid med andre partar, i den grad det er formålstenleg.
- Kommunen må vere restriktiv med tanke på bustadbygging som krev separate løysingar, og resipientforholda må vere avgjerande for kvar større utbyggingar skal lokaliserast.

Prioritering av utbygging av avlaupsanlegg

Gjennom arbeidet med rullering av avlaupsplanen er det sett på dei ulike områda i kommunen og kvar ein meiner det er formålsteneleg å byggje ut offentleg avlaup. Det er laga ein handlingsplan som syner kva område ein meiner at bør prioriterast utbygt i perioda 2016 – 2019 og ei liste over resterande område i uprioritert rekkefølge. Det hovudsakleg område som også sto i førre avlaupsplan, men omfang og trasear er noko endra. (Sjå vedlegg 1 til avlaupsplanen).

Vurderingskriterier ved ny prioritering av tiltak i handlingsplanen:

Gjennom arbeidet med ny avlaupsplanen er det gjort vurderingar av utslepp og eventuelle tiltak i heile kommunen med bakgrunn i:

- resipienttilstand og miljømål for resipient
- noverande og forventa avlaupsbelastning
- tilstand og forbedringspotensiale i eksisterande anlegg
- mengda av allmenne og kommersielle brukarinteresser
- økonomi
 - forbruk/løyvingar i avlaupsplanen
 - auka inntekter pga. nye abonnentar
 - storleiken på avlaupsgebyra
- kommuneplanen
- kommunen sin kapasitet til å gjennomføre utbygging av avlaupsprosjekt

Handlingsplan for avlaupsinvesteringar 2016-2019

Årstal	Område	Kostnadsoverslag*
2016	Sjøleidning frå Vågsholmen til Ytre Almenningskai	1,3 mill
	Sæviktunnellen - Remøy gravplass	4 mill
2017	Fosnavåg aust (Nørvåg)	6 mill
	Slamavskiljar Nykrem	2 mill

2018	Separering i FV654 frå Mikkeltaugen – Eggesbøvegen	6 mill
2019	Kvalsvik hamn	8 mill

**Kostnadsoverslag er gjort utan at prosjektering er gjennomført og må sjåast på som grove estimat.*

Vurdering:

I høyringsperioden kom det inn fem merknadar innan fristen som er gjort greie for under. Statens vegvesen har i brev datert 21.04.2016 ingen merknad til planforslaget

Maritim og teknisk komite datert 26.04.2016

Ønskjer Moltu II inn på handlingsplanen, prioritert i 2017 etter Fosnavåg Aust. Det er ikkje gitt noko argument for å setje inn det som er kalla Moltu II frå område utan avlaup til handlingsplanen, heller ikkje forslag til endring av rekkefølga på andre prosjekt.

Vår kommentar:

Til orientering er Moltu II litt vest for Moltu skule mot gravplassen.

Gjennom prosessen med ny avlaupsplan har vi sett på heile kommunen, både dagens situasjon og framtidig tenkt situasjon med bakgrunn i kommuneplanen sin arealdel. Sidan dette er ei rullering av heile planen og vi har hatt ein heilt ny gjennomgang av kommunen vil ikkje forslag frå førre prioriteringa automatisk bli sett inn på liste over prioriterte tiltak i handlingsplanen. Det er også tilfelle med området som MTK viser til. Vi har vurdert området i samanheng frå Moltu skule til Munkestranda og vurdert at det ikkje er føremålstenleg å bygge ut kommunalt avlaup der då det vil koste meir enn det løyser. Nedanfor følgjer ei nærare utgreiing.

Moltu II er ein del av strekninga frå Munkestranda til Moltu skule som vart spesifikt omtala i sak til formannskapet då planen skulle leggast ut til offentlig ettersyn.

Utdrag frå F-sak 51/16.

I samband med ein gjennomgang av dei ulike områda i kommunen er det også sett på kva område ein anser som spreidd busetnad og lite formålstenelege å bygge ut offentlig avlaup i. I desse områda vurderer ein det til å vere tilstrekkelig med private løysingar. Det er laga eit vedlegg til avlaupsplanen som listar opp dei aktuelle områda. (Sjå vedlegg 2 til avlaupsplanen.)

Av tidlegare prioriteringar er området Munkestranda til Moltu skule no vurdert som eit område der det ikkje er formålsteneleg med offentlig avlaup. Dette med bakgrunn i at lista over vurderingskriterier ovanfor, med særleg vekt på:

- *at resipienttilstanden allereie er god, jmf. EU's vassdirektiv som tilseier at alle resipientar skal ha god resipienttilstand innan 2021*
- *at forventa avlaupsbelasting ikkje er venta å auke monaleg dei komande åra*
- *kommuneplanen sin arealdel, der området er satt av til LNF*
- *økonomi, då området er langstrakt med spreidd busetnad som gjer det kostbart å bygge ut avlaupsanlegg knytt opp mot tal abonnentar som vert knytt til (kost/nytte). Det gir også dårleg kost/nytte då resipienten alt er god.*

Dette betyr at Moltu II ikkje ligg inne som eit forslag til tiltak i handlingsplanen, verken som prioritert eller uprioritert. MTK sitt ønskje er at Moltu II skal inn på handlingsplanen som eit prioritert tiltak, dvs. at det skal gjennomførast i løpet av ei fireårsperiode.

Eit av hovudmåla i avlaupsplanen er at resipientane skal ha god tilstand innan 2021, og det framstår difor lite formålstenleg å nytte midlar frå kloakkrammeplanen i område med spreidd busetting når resipienttilstanden alt er god. Basert på kostnadar med nyare anlegg kan ein stipulere strekninga Moltu II til kr 10 mill. Dette er berre for hovudtraseen, i tillegg kjem lange leidningar for dei private som må knytte seg til. Når resipienten alt er klassifisert som god, meiner vi det ikkje ligg kost/nytte i utbygginga kontra at private anlegg kan nyttast, evt. pålegge private å oppgradere dei private anlegga dersom dei ikkje er tilfredsstillande. Området er regulert til LNF i kommuneplanen sin arealdel og det kan dermed ikkje påreknast stor utbygging her, pr. i dag er det om lag 40 husstandar i området.

I slike område meiner vi at det er tilstrekkelig med private løysingar. Eventuelle problem med avlaup i bekkar/elvar pr. i dag kjem anten frå private løysingar som ikkje er gode nok eller gjødsling av jordbruksområde. Dersom det vert gjødsla på jordbruksområde vil det, uvilkårlig av avlaupsløysing, vere forureining i bekkar/elvar i området.

Dersom eit prosjekt av ein slik storleik som Moltu II skal inn på prioritert del av handlingsplanen, må eit eller to av dei som pr. no står som prioritert vike. Med omsyn til kostnadar og kapasitet betyr det at Separering i FV654 Mikkeltaugen til Eggesbøvegen og/eller Kvalsvik hamn vert å fjerne frå prioritert liste til uprioritert i handlingsplanen. Begge tiltaka er utgreia i handlingsplan og vurdert som tiltak som bør prioriterast.

Konklusjon for merknaden: Vi meiner å ha gjort greie for kvifor Moltu II kjem under område utan kommunalt avlaup i planen og det ligg ikkje føre ny informasjon som tilseier at planen bør endrast.

Møre og Romsdal fylkeskommune datert 09.05.2016

Fylket har merknad vedrørande arkelologi:

Vi registrerer at fleire av områda i handlingsplanen for avlaup ligg i konflikt med automatisk freda kulturminne. Vi vil likevel ikkje fremje motsegn til dette, føreset at ein i kommunedelplanen synleggjer at forholdet til automatisk freda kulturminne skal løysast på tiltaksnivå.

Vår kommentar: Utdrag frå planen:

3.7 Fornminne/kulturminne

Før detaljprosjektering må undersøkingar vedk. kulturminne avklarast med kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Fylket sin føresetnad er alt tatt hensyn til i planen slik den ligg føre.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 04.04.2016

Av fylkesmannen sitt brev er det eit avsnitt som går konkret på innhaldet i planen: *I punkt 4.1 har kommunen gitt vilkår som må være tilstade for at måla skal verte oppfylt innan 2021. Øvst på denne lista finn vi at: - Alle kloakkavlaup må minimum tilfredsstillende til ei kvar tid gjeldande krav i forureiningsforskrifta. Fylkesmannen meiner at dette er eit krav som burde gått tydelegare fram av handlingsplana. Det går fram av handlingplana at enkeltprosjekt som har direkte utslepp vert prioritert for å betre tilhøva i vassførekomsten, men det kjem ikkje fram at dette i tillegg kan vere eit brot på forureiningsforskrifta.*

Vår kommentar: Vi meiner at det i planen er tilstrekkelig tatt høgde for at krav i forureiningsforskrifta må følgast, dette må utførast ved detaljplanlegging/utføring av dei einiskilde anlegga.

Kystverket Midt Norge datert 10.05.2016

Utsnitt frå brev:

Kystverket har ikkje innvendingar på leidningstraseane på land, men saknar oversikt over eksisterande sjøleidningar. Utdrag frå brevet: *Vi ber om at kommunen så snart råd sender oss et oversiktskart som viser eksisterende sjøførte ledninger som i dag ikke framgår av sjøkart. Videre en oversikt over hvilke som har godkjente farvannskilt etter gammel og ny norm for slike.*

Vår kommentar: Ikkje relevant for planen, vert å følgje opp av administrasjonen.

Kystverket har kommentert kvart einiskilt område i handlingsplanen, der dei generelt skriv: *«Kystverket har ikke innvendinger til ledningstraseene på land slik de er vist, men savner oversikt over hvor ledningene går videre og er sjøført.»* og *«Innmåling/avtegning av ledning i sjøkart samt nødvendig farvannsskilting anses tilstrekkelig for ferdsel og sikkerhet på sjø, samt for å unngå unødvendig skade på ledninger».*

Vår kommentar: Oversikt over eksisterande anlegg er ikkje tatt med då leidningskartverket ikkje er fullstendig. Innmåling/avtegning og skilting vert å ta ved utbygging av områda.

Nedanfor er det gjort greie for områda som var særskilte merknadar til:

Sjøleidning frå Vågsholmen til Ytre Almenningskai:

«Denne har vi tidligere uttalt oss om. En ledning over før utmudra innseilingsrenne må plasseres dypere enn eksisterende eller planlagt seilingsdybde, om nødvendighet med nedgraving under dette dybdenivået. Med mindre har det heller ikke hensikt å mudre vågen til slik dybde. Vi gjør oppmersom på at sjøledning her vil medføre ankringsbegrensning i området.»

Vår kommentar: Planen viser berre ei linje på tenkt trase, men tidlegare uttale som kystverket viser til er alt tatt høgde for i detaljprosjektering.

Fosnavåg Aust (Nørvåg):

«Må gjennomføres før/samtidig med mudring av indre havnebasseng for å oppnå miljøgevinst i den forurensa vågen. Kystverket forutsetter at avløp og avsig fra både boliger og omkringliggende virksomheter i vågen er del av den kommunale avløpsplanen. Med mindre har det liten hensikt med miljømudring i vågen.»

Vår kommentar: Samde med kystverket at avlaup til hamnebassenget må sanerast og tiltaket er derfor satt på prioritert liste i Handlingsplanen

Kvalsvik

Fjerning av avløp i havna. Kystverket har ikke innvendinger til ledningstraseene på land slik de er vist, men savner oversikt over hvor ledningene går videre og er sjøført. Vi forutsetter at både boliger, hytter, gjestehus og naustbebyggelse med toalett knyttes til samme planlagte avløpsledning, om nødvendig med egne avløpspumper. Vi forutsetter at selve ledningene også fjernes fra havnebassenget som del av planen.

Vår kommentar: Krava frå kystverket må takast hensyn til ved detaljprosjektering/utføring.

Kvalsund

Kystverket har ikke innvendinger til separering av ledningstraseene på land ved havna, men savner oversikt over hvor ledningene går videre og er sjøført. Tilsvarende gjelder ledningstrase på land i retning Kopperstad og for Kvalsund bustadfelt som vist. Vi forutsetter at både boliger, hytter, gjestehus og naustbebyggelse med toalett og virksomheter i havneområdet knyttes til samme planlagte avløpsledning, om nødvendig med egne avløpspumper.

Vår kommentar: Krava frå kystverket må takast hensyn til ved detaljprosjektering/utføring.

Steinsvik

Kystverket anbefaler at viste ledningstrase så nært storkaia gjennomgås nøye sammen med kommunal havnemyndighet. Da med tanke på om her er behov for ankerbruk i visse vær-situasjoner ved ankomst/avgang fra kai. I så fall må utslippsledningen flyttes lenger nord enn antydnet. Området sørover fra kaia er ankringsområde og ikke forenlig med sjøledninger/ankringsforbud.

Vår kommentar: Krava frå kystverket må takast hensyn til ved detaljprosjektering/utføring.

Oppsummering av merknadshandsaming: Vi kan ikkje sjå at det har kome inn nye moment som tilseier at avlaupsplanen må endrast etter offentlig ettersyn. Einaste endringa som er føretatt er at kartvedlegg er oppdatert for å betre gjengivelse. Planen vert derfor sendt til slutthandsaming slik den låg føre ved offentlig ettersyn.

Konklusjon:

Rådmannen legg fram ein plan som vil betre avlaupssituasjonen i Herøy med det administrasjonen ser som dei viktigaste kortsiktige tiltaka. Handlingsdelen av planen er balansert med ei gradvis utbygging som gjer at kommunen ikkje har behov for å auke avlaupsgebyra i planperiode på grunn av auka investering. Handlingsplanen er kortsiktig og rådmannen tek sikte på å gjennomføre ei revidering av handlingsdelen kvart 2. år eller ved behov.

Rådmannen vil derfor rå til at kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 *Kommunedelplan for Herøy – Avlaupsplan 2016-2020*, datert 11.1.2016.


Fosnavåg, 05.07.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatnn

KOMMUNEDELPLAN FOR
HERØY –
AVLAUPSPLAN
2016-2022



Herøy kommune

Sist revidert 11.1.2016	
Vedtak om oppstart med planprogram	22.6.2011, K-sak 78/11
Stadfesting av planprogram	11.10.2011, F-sak 273/11
Vedtak om utlegging til offentlig ettersyn,	xx.xx.xxxx, F-sak xx/xx
Offentlig ettersyn i perioden xx – xx	
Kommunedelplanen er vedteken i Kommunestyret	xx.xx.xxxx, K-sak xx/xx
PlanID	1515 201245



INNHALD

1. Innleiing og skildring av planarbeidet.....	3
1.1 Finansiering og kostnadsdekking – avgiftsnivå.....	3
1.2 Herøy kommune.....	4
1.3 Befolkningsutvikling.....	4
2. Rammevilkår	6
1.4 Vassressursdirektivet	6
2.2 Klimaendringar	7
2.3 Kommuneplan	7
2.4 Budsjett/økonomiplan.....	9
2.5 Utsleppsløve.....	9
3. Tilstands- og situasjonsskildring av resipientar og avlaupsanlegg	9
1.5 Sjøresipientar	10
3.2 Ferskvassresipientar	15
3.3 Prioritering utifrå resipienttilstand	16
3.4 Rutiner for kontroll av vasskvalitet.....	16
3.5 Avlaupsanlegg.....	17
3.6 Mindre avlaupsanlegg	17
3.7 Fornminne/kulturminne.....	17
4. Tiltak og målsettingar for avlaupssektoren	17
4.1 Overordna målsetting og ambisjonsnivå.....	17
4.2 Tiltak i dei ulike resipientane	18
5. Søknad om utsleppsløve	19
Utslepp frå separate avlaupsanlegg	19
Vedlegg.....	19



1. Innleiing og skildring av planarbeidet

Kommunedelplan for avlaup er ei rullering av tidlegare hovudplan avløp som vart vedteken i K-sak 107/2000 og som omfatta perioden 2000-2004. Planen er såleis på «overtid» i høve ei ny rullering. Kommunedelplan for avlaup har eit langsiktig perspektiv og tiltaka i planen er ikkje gjennomførbare i eit fire-årsperspektiv og det er derfor planlagt at denne planen skal vere gjeldande til 2022.

Handlingsprogrammet ser arbeidsgruppa føre seg må rullerast oftare og er derfor lagt ved som eit vedlegg til planen for å gjere revideringane meir oversiktlege. Det vert lagt opp til at handlingsprogrammet skal reviderast kvart 2.år. Neste revidering er derfor planlagt 2018, 2020 og 2022(full rullering av heile planen).

Føremålet med «kommunedelplan for avlaup 2016 – 2022» er å leggje til rette for at det vert bygd ut berekraftige og gode løysingar for oppsamling, reinsing og utslepp av avlaupsvatn i heile Herøy kommune.

Avlaupshandtering er ei av kommunen sine primæroppgåver og kommunedelplanen vil legge grunnlaget for overordna infrastruktur som gjeld avlaup. Den nye kommunedelplanen skal såleis leggest til grunn for overordna og langsiktig styring av avlaupshandtering i Herøy kommune.

Planen er avgrensa til å gjelde dei kommunaltekniske avlaupsanlegga. Vassressursar og forholdet til EU sitt vassdirektiv vert ikkje vektlagt i denne planen, men kort gjort greie for.

Arbeidsgruppa for planarbeidet har bestått av fylgjande medlemmer:

Jon Rune Våge	Leiar Anleggs- og driftsavdelinga, leiar for arbeidsgruppa
Fred Arnesen	Driftsingeniør Anleggs- og driftsavdelinga
Lene Huldal	Prosjektleder anlegg, Anleggs- og driftsavdelinga
Ole Magne Rotevatn	Planleggar, Utviklingsavdelinga

1.1 Finansiering og kostnadsdekking – avgiftsnivå

Gebyrgrunnlag/kostnadsutvikling

Kloakksektoren skal i prinsippet vere sjølvfinansierande. Grunnlaget for avlaupsgebyra er renter og avskrivningar frå tidlegare utbyggingar av avlaupsanlegga og kostnader knytt til FDV. Med bakgrunn i store utbyggingar siste åra er gebyra rimeleg høge.

Forventa kostnadsutvikling er at ein med ei balansert utbygging dei neste åra vil kunne halde gebyra omlag på dagens nivå.

**Områdeinndeling av kommunen**

I planen er områda delt inn i:

- *Avlaupsområde*; viser til resipienten
- *Sone*; viser til dei einskilde tettbygde strøk
- *Forskriftsområde*; refererer til område med spreidd busetnad, altså dei områda i kvart avlaupsområde som ikkje kjem inn under sonene.


AVLAUPSOMRÅDE - SONE	AVLAUPSOMRÅDE - SONE
BERGSØY	REMØY
Sone Fosnavåg	Sone Sævik
Sone Eggesbønes	Sone Myrane
Sone Flusund	Forskriftsområde
Forskriftsområde	NERLANDSØY
RUNDE	Sone Kvalsund
Sone Runde	Sone Kvalsvik
Forskriftsområde	Forskriftsområde
LEINØY	GURSKØY
Sone Leine	Sone Moldtustranda
Sone Voldsund	Sone Stokksund – Tjørvåg
Sone Frøystad	Sone Dragsund – Myrvåg
Sone Torvik – Sande	Sone Leikong – Nykrem
Forskriftsområde	Sone Djupvik
	Forskriftsområde

1.2 Herøy kommune

Herøy har eit landareal på ca 135 km² og ligg sørvest for Ålesund på søre Sunnmøre. Herøy består av seks øyer som er knytt saman med bruer og to øyar, Skorpa og Svinøya, der ein må nytte sjøvegen. Runde er den mest kjende øya og det sørlegaste fuglefjellet i Skandinavia. Frå Runde(ytste) til Jøsok (inste) er det om lag 45 min køyring. Herøy er ei langstrakt kommune med ca. 13 store og små bygdelag der Bergsøya har den største innbyggjarandelen med om lag 40% av innbyggjarane. Dei fleste bygdelag ber preg av spreidd busetting langs hovudvegen.


1.3 Befolkningsutvikling

Som ein kan sjå ut frå folketalsutviklinga siste 10 åra i figur 1 har folketallet i Herøy gått jamt opp med om lag 600 personar. Dette er ei god utvikling, men ein må merke seg at næringslivet har gått bra, særleg siste fem åra ,noko som har medført auka behov for arbeidskraft. Dette vert også synleg i figur 2 som viser folketalsutviklinga inkl. innvandrarak og befolkningsframskriving fram til 2035. Den gule og raude delen av grafen i figur 2 viser innvandrarak i kommunen og det har vore større auke i antal innvandrarak enn den samla befolkningsauken i kommunen. Ut frå dette kan vi seie at *utan innvandring til kommunen ville Herøy hatt ei negativ utvikling i folketallet i perioden 2000-2015*. Dette er ikkje ulikt andre kommunar på vestlandet som også har opplevd folketalsauke på grunn av arbeidsinnvandring.



Figur 1 Kvartalsvis folketalsutvikling 2006-2015 (statistikk fra www.mrfylke.no)

Folketal, 2005-2035



Figur 2 Folketal 2005-2035 inkl. innvandrere (statistikk fra www.mrfylke.no)



2. Rammevilkår

- Lover og forskrifter
- Retningslinjer og rundskriv
- Overordna administrative pålegg/krav
- Kommunale plansystem

Staten har i dei seinare år gjennomført ei omfordeling av ansvar og mynde innan avløpssektoren. Meir av ansvaret for miljøforvaltninga blei frå januar 2007 lagt på eit lokalt nivå.

Samstundes har Norge som ein konsekvens av felles europeisk regelverk gradvist gått bort i frå prinsippet om "resipienttilpassa avløpspolitikk". Med få unntak er det no etablert felles europeiske reinsekra. Dette medfører at samstundes som mange kommunar har fått auka ansvar, har ein fått redusert mynde med omsyn til korleis ein skal nå lokale miljømål.

I samband med forvaltning av avløpsanlegg er det *Lov om vern mot forureiningar og om avfall* (forureiningslova) som er styrande. Forureiningslova sitt føremål er å **"verne det ytre miljø mot forureining samt å redusere eksisterande forureining"**.

Av særskilt betydning for avløpshandteringa i kommunane er *Forskrift om begrensning av forureining* (forureiningsforskrifta), FOR 2004-06-01 nr 931.

I tillegg er og følgjande lover og forskrifter sentrale for verksemda:

- Plan- og bygningslova
- Lov om vass-og kloakkavgifter
- Lov om helsetenesta i kommunane
- Arbeidsmiljølova
- Forskrift om internkontroll

Av dei ulike rammevilkår som danner basis for ein kommunedelplan avlaup vil ein i denne samanheng avgrense kommentarane til det kommunale plansystemet. Gjeldande lover, forskrifter m.v. vil imidlertid uansett ligge i botn for dei vurderingar som skal gjerast og dei avgjerder som skal takast.

Målet for Staten/Fylkesmannen var tidlegare å få gjennomført ei tilnærma full opprydding på avlaupssektoren innan år 2000. I Herøy har fortsatt ein veg å gå før ein kan seie å ha tilfredsstillande offentleg kloakkering for dei område der dette er naturleg og ein ligg såleis langt etter den opprinnelege målsetjinga. Gjennom det foreståande planarbeidet skal mellom anna det vidare ambisjonsnivå på avlaupssektoren fastsetjast.

1.4 Vassressursdirektivet

EUs rammedirektiv for vatn har som hovudmål å sørge for at medlemsstatane trygger, og om naudsynt, betrar miljøstatus i alt ferskvatn, brakkvatn, kystnært vatn og grunnvatn.



Vassregionmyndigheita i Møre og Romsdal (Møre og Romsdal fylkeskommune) skal innan 1. juli 2014 sende på høyring eit utkast til regional forvaltningsplan for vatn med tiltaksprogram for

perioden 2016-2021. Denne tiltaksanalysen inngår i dette planarbeidet, og er eit fagleg innspel frå Søre Sunnmøre vassområde til kva som bør gjerast for å nå målet om god vassmiljøtilstand. Etter vassforskrifta skal alle vassførekomstar innan 2021 oppnå god økologisk og kjemisk tilstand.

Poenget med karakterisering er å skilje ut dei vassførekomstane som er i risikosona for ikkje å nå miljømålsettinga om god status seinast 15 år etter at direktivet er gjort gjeldande. For desse må det gjennomførast spesiell overvaking og miljøforbetrande tiltak.

Noreg er delt inn i 11 vassregionar. Møre og Romsdal er ein av desse vassregionane der Fylkesmannen i Møre og Romsdal har forvaltningsansvaret. Vassforvaltningsforskrifta vart gjort gjeldande frå 1. januar 2007.

2.2 Klimaendringar

Som følgje av auka drivhuseffekt er det venta at vi i mange 10-år framover vil få større, hyppigare og meir intense nedbørhendringar over landet. Klimaprognosar tilseier ei auke i nedbørvolum på vestlandet med inntil 20-30% på årsbasis. Ekstremhendringane vil kunne auke med 40-60% i intensitet, det vil seie kraftig auke i intensitet for dei dimensjonerande nedbørhendringane. Historiske data frå nedbørmålingar syner at ein dei siste 10 åra allereie har hatt ei markert auke i nedbørvolum, og at ekstremhendringane kjem stadig hyppigare. Utviklinga er såleis allereie ein realitet som ein må ta omsyn til mellom anna ved planlegging av vatn- og avløpsanlegg.

Klimaendringane vil mellom anna kunne medføre auke i overløpsdrift/ureining av resipientar, auka flomfare, auka belastning på avløpssystemet og redusert kapasitet på leidningsanlegg og utsleppsanlegg som kan verte påverka av flom og/eller høgare vassnivå i vassdrag og grunnvatn.

For å redusere og motverke negative effektar av klimaendringar, må ein ta omsyn til desse ved planlegging av nye VA-anlegg og ved tiltak på eksisterande anlegg. Det må nyttast heilheitlege løysingar der særleg arealplanlegginga er ein viktig faktor for å oppnå gode resultat.

2.3 Kommuneplan

Kommunedelplan avlaup skal inngå som delplan i kommuneplanssystemet og må difor tilpassast dei overordna føresetnader som kommuneplanen byggjer på.

Det er også viktig at utbyggingane som følgjer av kommuneplanen, vert tilpassa framdrifta i den avlaupsmessige tilrettelegginga. Gjeldande arealdel av kommuneplanen vart vedteken av kommunestyret i oktober 2014.

Utvikling/utbygging

Herøy sine målsetjingar når det gjeld utvikling av kommunen går fram av samfunnsdelen av kommuneplanen 2013-2025. Samfunnsdelen har fylgjande målsettingar og strategiar for perioden:

- Herøy kommune skal levere tenester med god kvalitet til alle sine innbyggjarar.
- Kommunen skal leggje til rette for bustadutvikling i heile kommunen.



- Ein skal auke antal innbyggjarar i Fosnavåg sentrum.
- Busetting skal etablerast i størst mogleg grad i tilknytning til kommunikasjonsaksane i kommunen.
- Kommunen skal ha offentleg avlaupsnett knytt til dei større bustadsentera.
- Utbetre kloakktilhøva ved Fosnavåg hamn

Som ein ser ut frå målsettingane og strategiane i samfunnsdelen vil det vere ynskjeleg både med busetting i etablerte bustadområde og i bygdene. Dette vil vidare forsterke utfordringane ein har knytt til private avlaupsløysingar i spreiddbygde område.

Kommunedelplan avlaup vil vere eitt av verkemidla for å oppnå den ønska utviklinga.

Når det gjeld utbyggingsmønsteret så baserar kommuneplanen seg på ei vidareføring med utgangspunkt i dei bygder og tettstader vi har i dag. Målet som vert klargjort gjennom kommuneplanen, skal nåast gjennom slike verkemiddel:

- Fortetting/utviding av eksisterande utbyggingsområde
- Plankrav (jfr. kommuneplanen) som grunnlag for utbygging
- Ei bevisst haldning til spreidd utbygging

Avlaup

Omlag 55 % av befolkninga i Herøy er i dag knytta til offentleg kloakk medan omlag 45% har private avlaupsløysingar. På dei fleste stader med kommunal avlaupsløysing går kloakken via felles slamavskiljar eller silanlegg før den vert ført i sjøen. Kommunen har iverksett tvungen slamtøming frå septiktankar og slamavskiljarar. Den praktiske delen av dette arbeidet vert gjennomført i regi av Søre Sunnmøre Reinhaldsverk.

Hovudelementa i avlaupsanlegga i Herøy er leidningsnettet på land, silanlegg, pumpestasjonar, slamavskiljarar og utsleppsleidningar. Om lag halvparten av kommunen sin samla busetnad og næringsverksemd er i dag tilknytt kommunale avlaupsanlegg. Pr. 31.12.2014 var talet på kloakkabonnentar, store og små, på 1107.

Lokalisering av forureinande verksemd bør leggest til område der den vil gi minst mogleg ulempe for miljøet og sjenanse for innbyggjarane. Kommunale avlaup, industriutslepp og avrenning/erosjon frå landbruket er hovudkjeldene til desse forureiningane. Andre kjelder til forureining kan vere fiskeindustri / oppdrett. Hovudutfordringane for kyst- og vassmiljøa vert å bevare produksjonsevna og mangfaldet i desse områda, og samstundes utøve ein langsiktig og forsvarleg bruk av desse ressursane.

Hovudutfordringar for kyst og vassmiljøa

Hovudutfordringane her vert:

- Sikring av kvaliteten i vassdraga og kystområda mot forureining for å oppretthalde eit naturleg artsmangfald, sikre god vassforsyning og tilfredsstillende krava til rekreasjon.
- Vidareføring av oppryddingsarbeidet på avlaupssektoren gjennom kommunedelplan avlaup.
- Avveging av inngrep og aktiv utnytting av areala i forhold til dei miljøkvalitetane som vert berørt. Kommuneplanen sin arealdel vert ein viktig reiskap for å avklare konflikter mellom dei ulike brukarinteressene og mellom ressursutnytting og kravet om artsmangfald.
- Med bakgrunn i at kommunen og regionen er satsingsområde for reiselivet må omsynet til miljøressursane også avvegast mot reiselivsutvikling og hyttebygging.



- Ta vare på verdfulle naturområde, friluftsområde og kulturmiljø langs kysten.

Det er viktig med god tilgang til attraktive areal samstundes som sårbare område vert best mogleg verna. Kysten og strandområda ved sjøen er sentralt prioriterte område i arbeidet med å ta vare på areal og for å legge til rette for friluftsliv. Ei utfordring for kommunen vert såleis å fremje natur- og kulturbaserte opplevingsverdiar i kommunen, mellom anna ved å sikre areal og betre mulegheitene for allmenn ferdsel og eit naturvennleg friluftsliv.

2.4 Budsjett/økonomiplan

Budsjett og økonomiplan gir dei økonomiske rammene for utbyggingane på avlaupssektoren. Det er lagt til grunn at avlaupstenestene skal vere sjølvfinansierande. Dvs. at kostandene vert dekt ved innkreving av kommunale eigedomsavgifter frå abonnentane. Det vert ført adskilt sjølvkostrekneskap for kommunale avlaupsanlegg og private avlaupsanlegg.

2.5 Utsleppsløyve

Kommunen er forureiningsmynde for utslepp opp til 2000pe for utslepp til ferskvatn / elveos og utslepp opp til 10000pe til sjø utanom dei tilfelle der det er tale om særskilt løyve til forureining frå bedrifter/industri. I slike tilfeller er det Fylkesmannen som har mynde.

3. Tilstands- og situasjonsskildring av resipientar og avlaupsanlegg

Ein har her valt å vurdere miljøkvalitet etter tidlegare utførte undersøkingar og noverande og forventa framtidig press på resipienten. Dette kan vere auka bustadbygging, industrietablering og landbruksavrenning.

I dei fleste av dei belasta resipientane ligg det føre tidlegare undersøkingar. Dette er mellom anna følgjande:

- *Resipientundersøkelse av fjordområdet mellom Gurskøy og Hareidlandet, Møre og Romsdal, NIVA 1985*
- *Resipientundersøkelse i Eggesbøstraumen, Herøy komm., Universitetet i Bergen, UIB 1991*
- *Overvåking av små og mellomstore landbruksforurensede vassdrag i Møre Romsdal, NIVA 1994*
- *Vasskvalitet i Holmefjorden, NIVA 1995*
- *Kartlegging av miljøgifter i marine sediment i Møre og Romsdal, FM i Møre og Romsdal, 1997*
- *Amfibieregistreringer i Møre og Romsdal, Del 13: Herøy, Leif Åge Strand 1998.*
- *Prøver av termotolerante koliforme bakterier på mykje brukte badeplassar i Herøy kommune 98/99, Næringsmiddeltilsynet for Søre Sunnmøre (NTSS)*
- *Resipientundersøkelse, Herøy kommune juli - oktober 2012*

Ein reknar med å gjere undersøkingar ved seinare rulleringar dersom ein ser behov for det.

Når det gjeld ulike interesser i og rundt resipientane vert det her delt inn i allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresse.

Allmenne brukar- og verneinteresse er naturvern, bading og rekreasjon, turgåing og friluftsliv, båtfriluftsliv, miljøundervisning, fritidsfiske, m.m.



Kommersielle brukarinteresser er akvakultur, turisme, yrkesfiske, foredling av fisk, m.m.

1.5 Sjøresipientar

Herøy kommune hyra i 2012 inn Runde miljøsender til å føreta undersøkelser av nokre utvalgte sjøresipienter. Det vart utført 3 typer undersøkelser for å kartlegge tilstanden på dei ulike resipientane etter kriterier brukt i EU vanddirektivet: 1. bedømmelse av økologisk miljøtilstand etter algesamfunnet i fjæresonen. 2 Oksygeninnhald i bunn-nær vann, målt i dei djupaste bassengene gjennom CTD- oksygen profil. 3 Næringssaltinnhald på utvalgte stasjonar for å kunne spore kjelda til spesielt forsfor og nitrogen.

Herøyfjorden

Herøyfjorden er resipient for både Moltu og sørsida av Bergsøya. Det er ein open fjord med gode gjennomstrøymingstilhøve og må totalt sett reknast som ein **god** resipient. Runde miljøsender utførte strandsoneundersøking og måling av oksygeninnhald nær botnen, undersøkingane viser at forholda i strandsona er god, oksygenprøvene syner at botnforholda er meget gode i storparten av Herøyfjorden, då med unntak av ei prøve ut for Skinneset som viser moderat tilstand og ei prøve i Sandvika som viser meget dårleg tilstand.

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser

Herøyfjorden er viktig for mange interesser og er saman med Holmefjorden den resipienten det knyter seg flest interesser til. Det er særleg i området Eggesbønes - Moltu - Herøybrua at det kan verte konflikter mellom desse interessene. Det fins tre off. sikra friluftsområde tilknytt sjøen her, i Toftestøa, på sørsida av Nautøya og på Herøy. Området er viktig for sjøfugl, og inneheld 4 område av lokal- og 3 område av regional naturverninteresse. (Naturatlas). Samtidig fins industri (først og fremst fiskeindustri) som har området både som vassskjelde og resipient. Området inneheld fleire matfisklokaltetar utan at alle er i bruk i dag.

Ein har hatt problem med utslepp av både mineralolje og fiskeolje, og området er sårbart for slik påverking. Ei auke i matfiskproduksjonen i området vil auke belastninga i området.

Miljømål

Framtidig bruk av Herøyfjorden som resipient krev at ein tek særleg omsyn til dei krava som fiskeforedling, akvakultur, bading og rekreasjon set til resipienten. Området er godt egna for alle dei ovanfor nemnde interessene. Store delar av arealet har i kommuneplanen områdekategorien *kombinert føremål* (natur, ferdsel, fiske, friluft, akvakultur). Full utnytting av desse områda til akvakultur vil krevje overvaking av utviklinga.

Dei viktigaste oppgåvene i forhold til miljømål er difor å få inn rutiner for kontroll av vasskvalitet i forhold til prosessvatn til industrien og at ein får sanert punktutslepp som kjem i konflikt med bading og rekreasjon.

Straumane

Straumane er resipient for delar av Eggesbønes og busetnaden sør for RV 654. Det er eit smalt sund med varierende breidder og djupner og med ein del holmar og skjær. Straumane varierer frå **meget god** til **meget dårleg** resipient.

I resipientundersøking i Eggesbøstraumen utført av Runde miljøsender i 2012 så er prøvene som er tekne i Eggesbøvågen til Stridestraumbua meget gode, medan prøvene som er tatt i Bergshølen er i kategorien meget dårleg. Univ. i Bergen i 1991 vart det tatt undersøkingar i



fjøresona og undersøkingar av sediment- og botndyr. I konklusjonen står det at fjøreundersøkinga viser ei fin fjøre med tilfredsstillande forhold, medan botnforholda var dårlege over store område og at delar av området "vanskeleg kan bli dårlegare".

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser

Straumane er nærfriluftsområde og rekreasjonsområde for heile Bergsøya. Området er i naturatlas sett opp som område med lokal naturverninteresse. Når det gjeld naturvern må området sjåast i samanheng med Myklebustvatnet. Området er òg viktig i undervisningssamanheng.

Størstedelen av strandsona rundt Straumane er i k-plan sett av som LNF-område, og sjøområda er avsett til NFFF, område for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv.

Miljømål

Det vert rekna som sannsynleg at botnforholda i delar Straumane er naturleg oksygenfattige. Miljømålet bør difor rette seg inn mot bruksbehova, og Straumane som eit sentralt nærfriluftsområde og dei formåla som står i kommuneplanen sin arealdel. Det bør også med jamne mellomrom bli tatt prøver i området.

Frøystadvågen

Frøystadvågen er ei arm frå Herøyfjorden på sørsida av Leinøya og er resipient for Frøystad. Fjorden er om lag 1,2 km lang. Den er breiast ytterst mot Herøyfjorden og smalnar inst inne i fjorden. Strandsonundersøkinga som Runde miljøsender utførte i Frøystadvågen i 2012 syner **god** miljøtilstand og oksygeninnhaldet vart her målt til meget god. I kommuneplanen sin arealdel er det her to område regulert til bustader, og eitt område der ein legg opp til spreidd bustads,- og fritidshusbebyggelse.

Målingar av botnsediment rundt Frøystad fiskevegfabrikk (FM 1997) viser at verdiane for metall ligg på tilstandsklasse I og II, frå ubetydelig til moderat forureina.

Allmene og kommersielle brukar- og verneinteresser

Frøystadvågen er nærområde for Skinneset og Espeseth, og det vil vere naturleg at området er nytta til bading / rekreasjon.

Miljømål

Området er ein god resipient etter prøveresultata til Runde miljøsender 2012. Sjølv om desse prøvene var gode, så var prøva som var tatt ut om Skinneset klassifisert som moderat. Dette vil seie at ein bør vere forsiktige med å auke utslappa vesentleg i dette området. Ein har frå tidlegare prøver sett at den største forureininga kjem frå elva som renn ut i botnen av Frøystadvågen. Difor vil satsingsområdet her vere naturleg knytt opp mot aktiviteten som fell mot denne elva. Området slik det er i dag er likevel godt egna i forhold til den arealbruken som er sett opp i kommuneplanen. Ein bør ta prøver i dette området med jamne mellomrom for å kontrollere tilstand og utvikling.

Holmefjorden

Holmefjorden ligg mellom Bergsøya, Nerlandsøya, Remøya og Leinøya og er resipient for nordre del av Bergsøya, sørsida av Remøya og vestsida av Leinøya (Myrane på søraustsida drenerer til Storevika, utanfor Nøre Vaulen). Fjorden må seiast å vere noko innelukka sjølv om den på det djupaste er ca. 90 m. Det er grunnar og tersklar på innløpa til fjorden. Runde miljøsender utførte her måling av oksygenverdien på dei djupaste punkta i bassenget. Verdiane var her så lave at dei kom inn under kategorien meget dårlig. Som resipient må



Holmefjorden også sjåast i samanheng med Bergshølen som også fekk kategorien **meget dårlig**.

Målingar foretekne av NIVA mars 1995 indikerer redusert sirkulasjon frå 60 m djup og nedover. Særleg var oksygentilhøva ved 85 m djup dårlege.

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser

Resipienten ligg inntil relativt store befolkningskonsentrasjonar og kommersielle interesser særleg i sør. Bading, rekreasjon og fritidsfiske er allmenne brukarinteresser som må takast omsyn til. I friluftsdelen av naturatlas er området sett opp som mykje brukt båtutfartsområde. Vaulane er også interessante i forhold til kyst- og vassfugl, og er sett opp i naturatlas som område med lokal naturverninteresse.

Miljømål

Sjøelve fjorden er i kommuneplanen FN – område med fleire ulike fiskeområde, og nokre fiskeforedlingsbedrifter har inntak til fiskeforedling her. Målet må vere at kloakkutslepp skjer på ein slik måte at desse interessene vert ivaretekne. Ein bør få i gang overvaking av vasskvaliteten gjennom samarbeid med fiskeforedlingsbedriftene.

Leinevika

Leinevika er ein del/arm av Holmefjorden og har gjennomstrøyming frå Straumen. Gjennomstrøymingsmassene er rekna for så små at dei har liten innverknad på vatnet i Leinevika. Som resipient vil Leinevika ha same status som Holmefjorden, dvs **meget dårlig**, men ein bør også sjå i samanheng til Bergshølen som også er ein meget dårlig resipient. I undersøkinga i Straumen i 1990 var det tatt prøver i Leinevika, og mengd av ulike artar i bunnfaunanen var her god.

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser

Analysene av badevassprøver teke av NTSS sommaren 98 konkluderer med "bra badevatn" eller egnetheitsklasse 1: "Godt eigna" for bading og rekreasjon. Det knyter seg ein del turistinteresser til området t.d. småbåthamn og hyttesenter.

Leinevika er pressområde i høve til bustadbygging/industriutvikling. Området er i kommuneplanen sett opp med område for naust, industri, service og bustader

Miljømål

Stor aktivitet innan industri, bustadbygging og reiseliv. Dette set krav til at ein så raskt som mogleg sikrar at vasskvaliteten ikkje vert forringa i forhold til desse interessene. Området er eit pressområde for bustadbygging og næringsutvikling og ein må difor stille strenge krav til kloakkløysingane i området. Prøvetaking av vasskvaliteten på badeplassar i området bør halde fram og supplerast med analyser frå bedrifter med saltvassinntak i området.

Fosnavåg hamn

Fosnavåg hamn er innelukka og utskiftinga i vatnet er truleg minimal. Som resipient må hamna derfor seiast å vere **meget dårleg**. Hamna ligg i sentrum av Fosnavåg og ein må difor ikkje tillate utslepp hit. Det må også vere strenge restriksjonar på utslepp frå fartøy.

Miljøundersøking i regi av Kystverket 2010 (NGI) viste at det er behov for miljøtiltak i hamna. Rambøll AS gjennomførte nye utvida undersøkingar i regi av Kystverket i 2013. Delar av hamna (utanfor Slippen, Notbøteriet og Sævik Eigedom) er svært forureina (tilstandsklasse 4



og 5). Tilstandsklasse 4 (dårleg, helsebaserte akseptkriterier): Kopar, PAH og TBT. Tilstandsklasse 5 (svært dårleg, nivå som vert vurdert som farleg avfall): TBT.

Undersøkingar i tilknytning til forureining på land er gjennomført. Det ligg forureina masser på land, som bidreg til utlekking i hamnebasenget. Tiltaksplan er under utarbeiding (forventa ferdigstilt i begynnelsen av sept).

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser

På Fosnavåg hamn er det store brukarinteresser både av kommersiell og rekreasjonsmessig karakter. Samtidig er hamna sårbar mot forureining slik den ligg til kloss inn mot busetnad og verksemdar i sentrum.

Miljømål

Målet må vere å samla opp all kloakk rundt hamna til eit samla utslepp på Kleivaneset, slik at den vert best mogleg eigna som sentrumsnært hamneområde og må sjåast i samanheng med arbeidet med tettstadsutvikling. Hamna bør vidare overvakast gjennom jamleg prøvetaking. Vidare skal Kystverket utdjupe hamna og kommunen har vedteke at det også vert gjennomført eit miljøprosjekt for å fjerne ureine masser frå Fosnavåg hamn. Dette gjeld også ureine masser på land.

Flåværlia

Søre del av Nerlandsøya har området Flåværlia inn mot Igesundsvaulen som resipient. Utsiftinga i vatnet er rekna å vere god, og resipientforholda reknast å vere **gode**. Området må seiast å vere ope havområde og ein kan forvente at forureiningsproblem her vil vere av lokal karakter rundt punktutslepp.

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser

Området er av svært stor interesse med tanke på rekreasjon, friluftsliv, naturvern og fritidsfiske og den vestlege delen av Nerlandsøya er sett opp i Naturatlas som område med nasjonal naturverninteresse. Sørsida av Nerlandsøya er LNF – område og det er i kommuneplanen merka av ei rekkje fiskeplassar i området her.

Miljømål

Målet her vil vere å få ordna opp i punktutslepp som lokalt skaper problem.

Breisundet

Deler av området Kvalsvik har Breisundet som resipient, og forholda her er **gode**. Nedre del av Kvalsvik har utslepp til området innanfor moloen. Runde miljøsender fekk etter strandsoneundersøkinga her meget god, men utifrå ei totalvurdering av området. Då med bakgrunn i at der var delar av hamna som var tydleg forureina i bunnsedimenta og det at området vert brukt til bading / rekreasjon, så vil ein her ikkje tillrå yterligere kloakkutslepp. Langeneset på Nerlandsøya er i kommuneplanen lagt ut som planlagt masseuttak. Eit slikt uttak vil kunne medføre auka partikkelmengd i sjøområda rundt.

Miljømål

Det er særleg i det området som er oppsett som hamneområde i kommuneplanen ein har problematiske kloakkforhold, og ein har her ei konflikt til interessene som knyter seg til hamneområdet: Fiskeri, turisme, fritidsbåtbruk, nærfriluftsliv. Målet for dette området vert difor å ordne opp i kloakkforholda inne på hamna.

Steinsfjorden



Området Bø på austsida av Leinøya har Steinsfjorden som resipient. Steinsfjorden har utløp til Rundefjorden og er ein **god** resipient.

I tilknytning til undersøkingar i området mellom Gurskøy og Hareidlandet (1985) står det om Steinsfjorden -Tjørvåg at området har "ein mangfoldig bunnfauna og ingenting som tyder på forureiningsbelastning."

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser

Det er i området ein del sjø- og vassfugllokalitetar av regional og lokal verdi (Naturatlas). Området har akvakulturinteresser, per i dag ein samlokalitet. (3 gongar større enn vanleg, men ligg brakk kvart 3.år).

Miljømål

Målet her vil vere å setje krav til vidare bustad- og industriutbygging om tilfredsstillande kloakkering, samt ordne opp i punktutslepp som lokalt gjer området mindre eigna for særleg bading og rekreasjon.

Sandevika (Leinøya)

Resipienten er rekna for å vere **god**. Området er resipient for Sande

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser

Området har ei av dei mest nytta sandstrendene i Herøy og Bøneset er sett opp i Naturatlas med lokal naturvernverdi.

Miljømål

Området er i kommuneplanen LNF-område. Kloakk til elva må sanerast, då denne går rett igjennom badeområdet.

Stokksund - Tjørvåg

I følge rapporten frå Runde miljøsender, så viser oksygenprøvene som er tatt frå Røyrasundet og til Dragsundbrua tistandar frå **dårleg** til **meget dårleg**.

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser

Området har sterke interesser innafor området friluftsliv/rekreasjon, naturvern og akvakultur. Her ligg fuglefredningsområdet Stokksund – Blikkvågane og sør i Tjørvågbukta ligg Tjørvåg naturreservat (verneplan for elveos og havstrand).

Miljømål

Ein bør ta fleire vassprøver i dette området for å sjå utviklinga over ei større periode.

Dragsund

Dragsundet er resipient for området frå Myrvåg i vest til Dragsund i aust. Det er òg ein del utslepp til området frå Garnes i Ulstein kommune. Området Dragsund er eit "inneklemt" fjordområde med varierende breidde, smale sund og ein del holmar. Utskiftinga i vatnet i området er venta å vere dårleg. Oksygenprøvene og strandsoneprøvene som Runde miljøsender tok i prøvepunktta - Dragsund, Budaneset, Leikong/Nykrem og Kleppeneset synte alle **god** miljøtilstand på begge prøvetypane.

NIVA-undersøking frå 1985 viser at det er nettopp i dette området at ein i periodar vil kunne få størst problem med oksygenfattig botnvatn grunna belastning av organisk materiale.



Planlagde utbyggingar som vil auke utsleppa i til resipientane: I området fins det reguleringsplan med store reservar av bustadtomter, jfr. Plan for bustadbygging.

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser

Det er mange interesser knytta til friluftsliv, bading og rekreasjon, miljøundervisning og turisme i området. Det er i Naturatlas oppført 2 område med lokal naturverninteresse og området er ein del av fjordområdet mellom Hareidlandet og Gurskøya, også kalla "den grønne korridor."

Miljømål

Eit viktig miljømål vil vere å sikre at vasskvaliteten i dette området også i framtida skal tilfredsstillende dei krav som interessene i området set. For å oppnå dette vil det vere avgjerande å stille strenge krav til bruk av Dragsund som resipient, og få innarbeidd rutiner for kontroll av vasskvalitet.

Djupvik - Måløya

Prøvene som er tekne i dette området av Runde miljøsender syner **god** miljøtilstand for dei aktuelle prøvepunkta. I NIVA undersøking frå 1985 står det om områda Budaneset og Leikong: "Dårlege oksygenforhold kan inntreffe, men forholda blir neppe kritiske." Vidare utbygging i Feirelia vil auke utsleppa til resipientane, noko som vil medføre auka tilførsel av næringsstoff (jfr. Plan for bustadbygging).

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser

Området har regional naturvernverdi i naturatlas og sterke akvakulturinteresser. Det er vidare oppført i friluftslivdelen i naturatlas som eit mykje brukt båtutfartsområde, og med fleire friluftsområde av lokal verdi i fjøresona.

Miljømål

Området er eigna til dei interessene som er oppsett i kommuneplanen og i Naturatlas. Vassutskiftinga er likevel slik at ein bør halde området under oppsikt. Dei viktigaste oppgåvene i forhold til miljømål er difor å få inn rutiner for kontroll av vasskvalitet. Her bør det opparbeidast eit samarbeid med næringsmiddeltilsynet og akvakulturinteressene i området.

Kystfarvatna rundt Runde

Området er resipient for Runde og resipientforholda vert rekna som **gode**.

Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser

Det er knytt sterke naturvern- og reiselivsinteresser i området

Miljømål

Dagens miljøtilstand er godt eigna til dei ovanfor nemnde formåla.

3.2 Ferskvassresipientar

Myklebustvatnet

Vatnet er freda som fuglereservat, og skal ikkje sjåast på som resipient. Utslepp til vatnet er i dag svært avgrensa.

Området er ureina av ulike organiske stoff og gjengroing skjer. Dette må tilleggast vekt i vurderinga av miljømål då ein kan stå i fare for å påverke verneverdien i negativ lei.



Allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser

Området er bandlagt i medhald av naturvernlova. Området sin verdi for rekreasjon vil kunne auke vesentleg dersom tilgjengeligheita vert betra.

Miljømål

Det vil vere viktig å auke gjennomstrøyminga ved å føre meir overflatevatn inn i vatnet.

Tuftevatnet

Det er i dag nokre private utslepp til Tuftevatnet. Dette vatnet må sjåast på som ein **dårleg** resipient.

Miljømål

Det må ikkje tillatast ny tilførsel av kloakk til vatnet. Kloakktilførselen må kartleggjast, og ein må leite etter felles løysingar som kan gå ut i Tjørågbukta ved vidare utbygging i området.

Aspevikvatnet

Aspevikvatnet er truleg resipient for 8-10 hus, og må også sjåast på som ein **dårleg** resipient

Miljømål

Det må ikkje tillatast ny tilførsel av kloakk til vatnet. Kloakktilførselen må kartleggjast, og ein må leite etter felles løysingar, som kan få noverande kloakk sanert frå vatnet.

Djupvikvatnet

Det er per i dag ingen utslepp til Djupvikvatnet, og kloakk frå eventuell bustad-/fritidsbebyggelse i området må ikkje sleppast ut her.

3.3 Prioritering utifrå resipienttilstand

Den innbyrdes prioriteringa av dei ulike resipientane sitt behov for forbetring av kloakktilhøva vil vere avhengig av:

- om den er karakterisert som ein dårleg, moderat eller god resipient
- noverande og forventet kloakkbetlastning
- mengda av allmenne og kommersielle brukar- og verneinteresser

I forhold til **resipienttilstand** og krava i forureiningsforskrifta vil det vere naturleg å vurdere resipientforholda opp mot utbygging av kommunale avlaupsanlegg og evt. krav om oppgradering av private avlaupsanlegg i sårbare resipientar.

3.4 Rutiner for kontroll av vasskvalitet.

Som nemnt ovanfor vil det vere formålstjenleg å skaffe seg metodar for overvaking av miljøtilstanden. Dette gjeld særleg i resipientar som er rekna som dårlege, men kan òg gjelde for både moderate og gode resipientar, med tanke på å overvake ei utvikling over tid.

I Herøy kommune er det fiskeforedlingsbedrifter som bruker sjøvatn frå djupvassinntak i sin foredlingsprosess. Det vert teke prøver av desse inntaka som vert analysert på laboratorium.

Det vil vere naudsynt med prøvetaking utover dette. Kva omfang dette vil få vil vere avhengig av pris og grad av auke i belastninga av dei ulike resipientane, men det vil vere naturleg at resipientane som kjem dårleg ut i rapporten til Runde miljøsenter vert sett nærmare på. Ein bør og sjå på moglegheitene for å vere med i regionale overvaksingsprogram for resipientane.



Prøvetaking av dei mest brukte badeplassane i kommunen er viktig og bør prioriterast.

3.5 Avlaupsanlegg

Tidlegare kloakkrammeplan

Siste vedtekne kloakkrammeplan gjalt for perioden 1999 - 2004. Av ymse årsaker har prioriteringane som vart gjort i planen vorte endra då utviklinga har skjedd andre stadar.

Investeringar siste 5 år har vore omlag 45 mill. kroner.

Status

Pr. idag er det rydda opp i dei største forureiningskildene frå kloakk. Det som står igjen av utbyggingar; sjå handlingsprogram.

Slam

Det vil i dag og framtidig bli produsert slam i private/kommunale slamavskiljarar og silanlegg. Gjennom avtale med SSR er kommunen sikra ei godkjent ordning for handtering av slam.

3.6 Mindre avlaupsanlegg

Den 01.07.2004 vart alle forskrifter i forurensningsloven slått saman til 3 store forskrifter: 1. Avfallsforskriften, 2. Produktkontrollforskriften og Forurensningsforskriften.

Forurensningsforskriften er delt inn i 11 deler der del 4 avløp trådte i kraft frå 01.01.07, kapittel 11-16 omfatter avløpsbestemmelsene.

Område for spreidd busetnad og fritidsbusetnad

For dei områda som er avsett til spreidd busetnad og fritidsbusetnad må reinseløysingane tilfredsstillende krava i forurensningsforskrifta i forhold til den aktuelle resipienten sin tilstand. Av vedlegg 2 framgår det kva område ein vurderer at det er lite formålstenleg å bygge ut kommunalt avlaup.

3.7 Fornminne/kulturminne

Før detaljprosjektering må undersøkingar vedk. kulturminne avklarast med kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune.

4. Tiltak og målsettingar for avlaupssektoren

4.1 Overordna målsetting og ambisjonsnivå

Målsetting og ambisjonsnivå for avlaupssektoren har utgangspunkt i EU's vassdirektiv som tilseier at alle reseipientar skal ha **god** miljøtilstand innan 2021.

Fylkesmannen si målsetting

I Møre og Romsdal fylkeskommune sin *Forvaltningsplan for vassregionen Møre og Romsdal 2016 – 2021* er det lagt til grunn fylgjande tiltak som ein meiner skal til for å oppnå miljømåla i planen:

Tiltak for kommunalt avlaupsvatn



- Fortsette utbygginga av avløpsnett i samsvar med hovudplanane for avløp
- Samle utslepp og overføre avløpsvatn til god resipient på tilstrekkeleg djupne.
- Sikre god drift av anlegg med minimum av overløp og lekkasjar frå avløpsnett
- Sikre forsvarleg deponering og bruk av slam og avløpssjøppel

Tiltak for spreidde avlaup

- Unngå nye utslepp til sårbare resipientar
- Oppdatere dårlege anlegg
- Drive aktivt tilsyn med anlegga, registrere volum på slamavskiljarar ved tømning
- Tømme slamavskiljarar 2. kvart år, evt. oftare ved behov.

For at Herøy kommune skal oppnå måla innan 2021 vil dette innebere at:

- Alle kloakkavlaup må minimum tilfredsstillende til ei kvar tid gjeldande krav i forureiningsforskrifta.
- Eksisterande og nye utslepp må samlast til færrest mogleg i den grad dette er totaløkonomisk lønsamt vurdert på kort og lang sikt.
- Det vert etablert teknisk drift/vakt med driftskontrollsystem og rutiner for oppfølging og lukking av avvik.
- Det vert utarbeidd eit handlingsprogram for dei tiltak som er naudsynte for å oppnå miljømåla innan tidsfristen.
- Det vert stilt til rådvelde nok ressursar til at handlingsprogrammet kan gjennomførast.

Kommunen si målsetting

- Målsettinga for hovudplan avlaup er å utarbeide ein oversiktsplan for framtidig utbygging av avlaupsanlegg i kommunen, samordna med kommunen sine planar for framtidig arealbruk. Det skal utarbeidast leidningskart over kloakkinga.
- Planen skal gjere greie for miljømål og innehalde vurderingar av behovet for tiltak i dei ulike resipientane. Nye leidningsanlegg skal samordnast med bygging av andre tekniske anlegg, evt. i samarbeid med andre partar, i den grad det er formålstenleg.
- Kommunen må vere restriktiv med tanke på bustadbygging som krev separate løysingar, og resipientforholda må vere avgjerande for kvar større utbyggingar skal lokaliserast.

4.2 Tiltak i dei ulike resipientane

Sjå vedlagt handlingsprogram.

Forvaltning, drift og vedlikehald (FDV)

Det eksisterande avlaupssystemet representerer store verdiar. Det er naudsynt med ei fornuftig og god forvaltning av det, både for å oppretthalde funksjonen og for at det skal kunne drivast forsvarleg. Dersom ein ikkje får dette til vil det føre til hyppigare driftsforstyrrelsar, meir overløp, meir tungvint drift og meir kostbare reparasjonar.

Målsettingar for FDV

Både fylkesmannen og kommunen har satt mål for FDV, viser til kap. 4.1.

For å nå desse måla er det viktig å ha tilstrekkelig med ressursar og kunnskap om leidningsnett.

Tiltak for forvaltning drift og vedlikehald (FDV) 2015-2019



- Ferdigstilling av ledningskartverket.
- Ha fokus på HMS og gode arbeidsforhold for driftspersonale
- Kontrollordning for private anlegg
- Forebyggende drift og vedlikehold for å unngå forureining frå kloakk.

Økonomi

Dei siste 15 åra har kommunen investert mykje i avlaupsnettet og det har betra avlaupssituasjonen betraktelig. Med dette følgjer også auka FDV-kostnadar. Tal frå 2014 viser at det er nytta omlag 4 mill. kr til FDV.

5. Søknad om utsleppsløyve

Sjølv om kommunen har mynde til å gi utsleppsløyve inntil 10.000pe må kommunen også søkje om utsleppsløyve for eigne anlegg.

Utslepp frå separate avlaupsanlegg

Herøy kommune vil gje utslepp for separate avlaupsanlegg/utslepp i samsvar med det mynde kommunen har etter forureiningsforskrifta.


Vedlegg

Vedlegg 1: Handlingsprogram til kommunedelplan avlaup 2016-2019 inkl. kartvedlegg.

Vedlegg 2: Oversikt over område utan offentleg avlaup.

HANDLINGSPLAN FOR AVLAUP

2016-2019



Herøy kommune

Sist revidert 6.1.2016	
Vedtak om utlegging til offentlig ettersyn,	xx.xx.xxxx, F-sak xx/xx
Offentleg ettersyn i perioden xx – xx	
Handlingsplanen er vedteken i Kommunestyret	xx.xx.xxxx, K-sak xx/xx
PlanID	1515 201245



Handlingsplan for avlaupsinvesteringar 2016-2019

Årstal	Område	Kostnadsoverslag*
2016	Sjøleidning frå Vågsholmen til Ytre Almenningskai	1,3 mill
	Sæviktunnellen - Remøy gravplass	4 mill
2017	Fosnavåg aust (Nørvåg)	6 mill
	Slamavskiljar Nykrem	2 mill
2018	Separering i FV654 frå x til Mikkeltaugen - Eggesbøvegen	6 mill
2019	Kvalsvik hamn	8 mill

*Kostnadsoverslag er gjort utan at prosjektering er gjennomført og må sjåast på som grove estimat.

Kartvedlegg

Vedlagt handlingsprogrammet ligg kart over dei ulike områda med skissert plassering av leidningarlegg. Det er ikkje utført detaljprosjektering no, så skisserte leidningstrasear må ikkje sjåast på som endelege. Endeleg plassering av leidningstrasear med tilhøyrande installasjonar må fastleggast gjennom detaljprosjektering.

Prioritering

Vurderingskriterier ved prioritering av tiltak i handlingsplanen:

Gjennom arbeidet med ny kloakkrammeplan er det gjort vurderingar av utslepp og eventuelle tiltak i heile kommunen med bakgrunn i:

- resipienttilstand og miljømål for resipient
- noverande og forventa kloakkebelastning
- tilstand og forbedringspotensiale i eksisterande anlegg
- mengda av allmenne og kommersielle brukarinteresser
- økonomi
 - forbruk/løyvingar i kloakkrammeplan
 - auka inntekter pga. nye abonnentar
 - storleik avlaupsgebyr
- kommuneplanen
- kommunen sin kapasitet til å gjennomføre avlaupsprosjekt

Med bakgrunn i vurderingane er det satt opp ny prioriteringsliste med eit handlingsprogram for dei neste fire åra. Nedanfor er ei oversikt over dei prioriterte tiltaka med argumentasjon (Allereie oppstarta prosjekt vert ikkje tatt med). Omprioriteringar kan skje om utviklinga skjer andre stadar/politiske vedtak gjer at områder må omleggast/ombyggast.

1. Sjøleidning frå Vågsholmen til Ytre Almenningskai



- Leidninga skal samle avlaupet frå Nørvågen samt frå eksisterande og planlagt utbygging på Vågsholmen og føre det til eksisterande renseanlegg RA1 Kleivaneset.
 - I K-sak 19/15 er det vedtatt at kommunen skal koste sjøleidning mellom Vågsholmen og Ytre Almenningsskai.
 - Utbygginga skjer i regi av Herøy Vasslag.
- 2. Sæviktunnelen - Remøy gravplass**
- Tiltaket vert eit samarbeid med Mørenett og omfattar 600m leidningstrase, samt pumpestasjon og slamskiljar med sjøleidning.
 - Tiltaket gir nye abonnentar
- 3. Fosnavåg aust (Nørvåg)**
- Tiltaket gjeld frå svingen ved verftet til over brua til Vågsholmen, det vert 650m fall- og pumpeleidning og ein pumpestasjon. Vegutbygging Det er konsentrert busetnad i området og det er pr. i dag ikkje kommunalt leidningsnett i bydelen.
 - Eksisterande utslepp går til hamnebassenget som er klassifisert med meget dårlig vasskvalitet og har i tillegg forureining frå industrien. /
 - Miljømål: Målet må i første omgang vere å få samla opp all kloakk rundt hamna til eit samla utslepp på Kleivaneset, slik at den vert best mogleg eigna som sentrumsnært hamneområde og må sjåast i samheng med arbeidet med byutvikling.
 - Det er forventa at sanering av avlaupet i Nørvågen er på plass når mudring av hamnebassenget er fullført.
 - Det er vedtatt i "*Handlingsdel til kommuneplanen sin samfunnsdel*" å utbetre kloakktilhøva ved Fosnavåg hamn.
 - Tiltaket gir nye abonnentar.
- 4. Slamskiljar Nykrem**
- Tiltaket består av å setje ned regnvassoverløp istaden for separering og slamskiljar med ny sjøleidning som rens tiltak.
 - Avlaupet frå bustadfeltet ved Nykrem går i kommunal fellesleidning til sjø utan rens tiltak. Etter forureiningsforskrifta er det minimumskrav til reinsetiltak og ein slamskiljar vil støtte kravet.
- 5. Separering FV654 frå Mikkeltaugen - Eggesbøvegen**
- Tiltaket vert eit samarbeidsprosjekt med Herøy Vasslag og omfattar omlag 600m med separering av avlaupsvatn og overvatn.
 - Separering vil optimalisere drifta av fire pumpestasjonar og silanlegget RA2 Klubben. Ved mykje vatn i avlaupsleidningane nyttar ein pr. i dag mykje pumpekapasitet og overløp unødig, noko som også er kostbart. Største risikoen er ved overløp i Eggesbøvegen nær lakseoppdrettsanlegget.
 - Eksisterande utslepp til Straumane frå sørsida av riksvegen og utslepp frå Breideneset vil bli sanert og overført til silanlegget RA2 Klubben.
- 6. Kvalsvik hamn**
- 700m leidning i Hamnevegen frå krysset ved Nerland til eksisterande slamskiljar med pumpestasjon i lavbrekk. Tiltaket vil samle avlaup frå bebyggelse som har utslepp innanfor moloen og føre det til eksisterande slamskiljar. Miljømålet for resipienten er å rydde opp i kloakktilhøva innanfor moloen.



Resterande område/tiltak i uprioritert rekkefølge sortert pr. resipient:

Herøyfjorden

Resipienttilstand: God

Område	Skildring/tiltak
FV654 frå Mikkelhaugen - Eggesbøvegen	Prioritert tiltak

Straumane

Resipienttilstand: Varierer frå meget god til meget dårlig resipient.

Område	Skildring/tiltak
Verket	<ul style="list-style-type: none">– 500m pumpe- og falleidning til eksisterande avlaupsanlegg. Vil føre avlaupet til RA2 Klubben– Området er regulert til meir utbygging.– Eksisterande busetnad har utslepp til sjø
Breideneset	<ul style="list-style-type: none">– 300m falleidning til eksisterande avlaupsanlegg. Vil føre avlaupet til RA2 Klubben.

Frøystadvågen

Resipienttilstand: God resipient etter prøveresultata til Runde miljøsender 2012. Sjølv om desse prøvene var gode, så var prøva som var tatt ut om Skinneset klassifisert som moderat. Dette vil seie at ein bør vere forsiktige med å auke utsleppa vesentleg i dette området. Ein har frå tidlegare prøver sett at den største forureininga kjem frå elva som renn ut i botenen av Frøystadvågen. Difor vil satsingsområdet her vere naturleg knytt opp mot aktiviteten som fell mot denne elva.

Område	Tiltak
Nord for Frøystadvågen	Falleidning til eksisterande slamskiljar
Kryss FV 654 og FV 16 nordover mot Steinsvika	I samband med andre tiltak i området, som bygging av gang- og sykkelveg. Avskjærande leidning til eksisterande slamskiljar

Holmefjorden

Resipienttilstand: Meget dårlig. Som resipient må Holmefjorden også sjåast i samanheng med Bergshølen som også fekk kategorien meget dårlig.

Område	Tiltak
Fosnavåg Vest	Separering av ulike kombileidningar
Fosnavåg Aust	Prioritert tiltak



Sæviktunellen- Remøy gravplass	Prioritert tiltak
--------------------------------	-------------------

Leinevika

Resipienttilstand: Meget dårlig, men ein bør også sjå i samanheng til Bergshølen som også er ein meget dårlig resipient.

Område	Tiltak
Flusund	350m fallelidning i veg frå gravplassen på Flusund til Hetta.
Leine	Leine bustadfelt - ytre Leite vert samla til eksisterande slamskiljar. Må sjåast i samanheng med andre tiltak, som gang- og sykkelveg.

Flåværleia

Resipienttilstand: God

Område	Tiltak
Kvalsund mot Kopperstad	Tiltaket omfattar 500m fallelidningar vestover frå eksisterande slamskiljar.
Kvalsund hamn	Pumpestasjon på parkeringsplass, omlag 300m fallelidning og 250m pumpeleidning, knytast til eksisterande kommunalt nett.
Kvalsund bustadfelt	Separering av kombileidningar

Breisundet

Resipienttilstand: God. Nedre del av Kvalsvik har utslepp til området innanfor moloen. Delar av hamna er tydeleg forureina i bunnsedimenta og det at området vert brukt til bading / rekreasjon, så vil ein her ikkje tillrå yterligere kloakkutslepp.

Område	Tiltak
Kvalsvik Sanering innanfor moloen	Prioritert tiltak.

Steinsfjorden

Resipienttilstand: God

Område	Tiltak
Steinsvik - Herøyterminalen	Føreset fallelidningar, ny slamskiljar og nytt utslepp ved Herøyterminalen. Bør sjåast i samanheng med evt. andre utbyggingar i området, td. gongveg.



Bø-Arhaug	Falleidningar og ny slamskiljar med nytt utslepp for å samle avlaupet frå bustadfeltet ved Bø-Arhaug
-----------	--

Stokksund-Tjørvåg

Resipienttilstand: Dårleg til meget dårleg.

Område	Tiltak
Stokksund -Tjørvåg	Tiltaket inneberer å forlengje eksisterande kommunalt avlaupsnett med 850m falleidning frå Tjørvåg til Tuftene.

Dragsund


Resipienttilstand: Varierer mellom god og dårlig

Område	Tiltak
Myrvåg	Avlaupsnett frå området Skyttenesvågen i sør til Myrvågnes i nord vil verte overført til ny slamskiljar og nytt utslepp.
Dragsund- Nytt næringsområde kommuneplanen	Ved ei detaljregulering av område satt av til næringsområde må avlaupssituasjonen for heile Dragsund vurderast. Resipienten er dårlig (den grøne korridor) og det kan vere aktuelt med anna renssetiltak enn slamskiljar.

Djupvik - Måløya

Resipienttilstand: God

Område	Tiltak
Nykrem	Prioritert tiltak
Øyraelva - Leikanger kyrkje	Avlaupsvatnet er føresettt samla til ny slamavskiljar og nytt utslepp. Det må byggjast ein ny pumpestasjon i området.




TEGNFORKLARING

 Planlagt ledningsnett

 Slamavskiller

Kartmålestokk 1:3000

Kartgrunnlag: Kartverket



Herøy
kommune

Kommunedelplan for Herøy Avlaup 2016-2022


Område Bø/Arhaug

Saks nr. 2012/4

Dato: 07.06.2016

PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga

SAKSBEH.
OMR




TEGNFORKLARING

 Planlagt ledningsnett

Kartmålestokk 1:3000

Kartgrunnlag: Kartverket

0 25 50 75 100 125 m



Herøy
kommune

Kommunedelplan for Herøy Avlaup 2016-2022


Område Flusund

Saks nr. 2012/4

Dato: 07.06.2016

PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga

SAKSBEH.
OMR





Nord for Frøystadvågen

TEGNFORKLARING

 Planlagt ledningsnett

Kartmålestokk 1:3000

Kartgrunnlag: Kartverket



Herøy
kommune


Kommunedelplan for Herøy Avlaup 2016-2022

Område Frøystadvågen

Saks nr. 2012/4
Dato: 07.06.2016

PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga

SAKSBEH.
OMR



X 6917200

X 6916800

X 6916400



Y 324400

Kvalsund bustadfelt

Kvalsund hamn


Kvalsund mot Kopperstad

TEGNFORKLARING

-  Planlagt ledningsnett
-  Pumpestasjon, spillvann

Kartmålestokk 1:4000

Kartgrunnlag: Kartverket




Herøy kommune

**Kommunedelplan for Herøy
Avlaup 2016-2022
Område Kvalsund**



Saks nr. 2012/4
Dato: 07.06.2016

PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga

**SAKSBEH.
OMR**



TEGNFORKLARING

-  Planlagt ledningsnett
-  Pumpestasjon, spillvann

Kartmålestokk 1:3000

Kartgrunnlag: Kartverket




Herøy
kommune

Kommunedelplan for Herøy
Avlaup 2016-2022
Område Kvalsvika



Saks nr. 2012/4
Dato: 07.06.2016

PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga


SAKSBEH.
OMR



TEGNFORKLARING

-  Planlagt ledningsnett
-  Slamavskiller

Kartmålestokk 1:4000
 Kartgrunnlag: Kartverket




Herøy
kommune

**Kommunedelplan for Herøy
 Avlaup 2016-2022**
 Område Leikong/Nykrem

Saks nr. 2012/4
 Dato: 07.06.2016

PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga

SAKSBEH.
 OMR




TEGNFORKLARING

 Planlagt ledningsnett

Kartmålestokk 1:3000

Kartgrunnlag: Kartverket



Herøy
kommune


Kommunedelplan for Herøy Avlaup 2016-2022

Område Leine

Saks nr. 2012/4
Dato: 07.06.2016

PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga

SAKSBEH.
OMR




TEGNFORKLARING

Planlagt ledningsnett

Kartmålestokk 1:3500

Kartgrunnlag: Kartverket



Herøy
kommune

Kommunedelplan for Herøy Avlaup 2016-2022


Område Myklebust/Breideneset

Saks nr. 2012/4
Dato: 07.06.2016

SAKSBEH.
OMR

PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga

Breideneset




TEGNFORKLARING

 Planlagt ledningsnett

 Slamavskiller

Kartmålestokk 1:4000

Kartgrunnlag: Kartverket



Herøy
kommune


**Kommunedelplan for Herøy
Avlaup 2016-2022**


Område Myrvåg

Saks nr. 2012/4
Dato: 07.06.2016

PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga




SAKSBEH.
OMR







Sæviktunellen-Remøy gravplass

TEGNFORKLARING

-  Planlagt ledningsnett
-  Slamavskiller
-  Pumpestasjon, spillvann

Kartmålestokk 1:3000

Kartgrunnlag: Kartverket



Herøy
kommune


Kommunedelplan for Herøy
Avlaup 2016-2022

Område Remøy



Saks nr. 2012/4
Dato: 07.06.2016

SAKSBEH.
OMR

PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga




TEGNFORKLARING

-  Planlagt ledningsnett
-  Pumpestasjon, spillvann

Kartmålestokk 1:3000

Kartgrunnlag: Kartverket




Herøy
kommune

**Kommunedelplan for Herøy
Avlaup 2016-2022**
Område Fosnavåg sentrum

Saks nr. 2012/4
Dato: 07.06.2016

PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga

SAKSBEH.
OMR





TEGNFORKLARING

Planlagt ledningsnett

Slamavskiller

Kartmålestokk 1:4000

Kartgrunnlag: Kartverket



Herøy
kommune


**Kommunedelplan for Herøy
Avlaup 2016-2022**

Område Steinsvik

Saks nr. 2012/4
Dato: 07.06.2016

PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga

SAKSBEH.
OMR




TEGNFORKLARING

 Planlagt ledningsnett

Kartmålestokk 1:4000

Kartgrunnlag: Kartverket



Herøy
kommune


**Kommunedelplan for Herøy
Avlaup 2016-2022**

Område Tjørvgå

Saks nr. 2012/4
Dato: 07.06.2016

**SAKSBEH.
OMR**

PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga




TEGNFORKLARING

 Planlagt ledningsnett

Kartmålestokk 1:3000

Kartgrunnlag: Kartverket



Herøy
kommune

Kommunedelplan for Herøy Avlaup 2016-2022

Område Verket


Saks nr. 2012/4
Dato: 07.06.2016

PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga

SAKSBEH.
OMR

OMRÅDE UTAN OFFENTLEG AVLAUP

2016-2019



Herøy kommune

Sist revidert 22.12.2015

PlanID

1515 2012 45



Områder utan offentleg avlaup

Nedanfor er det opplista områder pr. øy som vert ansett som spreidd busetnad og lite formålstenlege med offentleg avlaup. Vurderingane er gjort med bakgrunn i:

- Busetnad i området pr. i dag.
- Arealformål for området i kommuneplan.
- Topografi (vanskelege høve vedr. høgder o.l.).
- Resipienttilstand.
- Miljøsmål for resipienten.
- Kost/nytte.

Øy	Område
Nerlandsøy	Kopperstad
Skorpa	Skorpa
Bergsøy	Vikane Igesund
Leinøy	Yste Leite – Voldsund Sande Bø – Bøholmen Espeset Skinneset Røyra
Remøy	Yste Sævikane
Runde	Heile øya
Nautøy	Heile øya
Gurskøy	Tarberg Munkestranda – Moltu skule Sandvika Djupvika Feirelia – Jøsok Tuftene - Aurvågen



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2013/117
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
155/16	Formannskapet	16.08.2016
129/16	Kommunestyret	25.08.2016

BASE EINEDALEN SKULE - TILLEGGSLØYVING SLUTTFAKTURA

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.08.2016

1. Det vert løyvd 114.375 kroner inkl.mva. til dekning av slutfaktura.
2. Løyvinga vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond.

Tilråding:

3. Det vert løyvd 114.375 kroner inkl.mva. til dekning av slutfaktura.
4. Løyvinga vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga
- Egedomsavdelinga
- Utviklingsavdelinga

Vedlegg:

- Kopi av K-sak 84/14 av 19.06.2014 – Base Einedalen skule – økonomisk avslutning

Bakgrunn

Ved økonomisk avslutning gjennomført i K-sak 84/14 syner det seg at det ikkje har vorte kvalitetssikra at slutfaktura frå entreprenør Vebjørn Strømsnes AS som hadde hovudentreprise var motteken/betalt. Denne saka gjeld tilleggsføring til betaling av slutfaktura.

Saksopplysningar:

Det vert vist til vedlagt K-sak 84/14 av 19.06.2014 der prosjektet vart økonomisk avslutta med eit mindreforbruk på 77.000 kroner.

Slutfaktura frå entreprenør med fakturadato 28.12.2015 lyder på 114.375 kroner inkl.mva. Sidan prosjektet er økonomisk avslutta finst det ikkje noko prosjekt å føre kostnaden på. Ein har såleis, mellombels, vorte nøydd til å betale fakturaen over drifta. Kostnaden er heilt klart ei investering og det er såleis ønskjeleg at det vert gjort ei tilleggsføring til dekning av kostanden slik at drifta ikkje vert skadelidande.

Vurdering og konklusjon:

Gjeldande reglar og praksis for sluttoppgjer er slik:

- Fristen for å sende krav om sluttoppgjer er 2 månader frå overtaking
- Leverer ikkje entreprenør sluttoppgjer innan denne fristen, kan oppdragsgjevar krevje å få sluttoppgjer innan 14 dagar frå kravet om å få sluttoppgjer er motteke
- Leverer entreprenør sluttoppgjer innan denne tilleggsfristen på 14 dagar, har det ingen rettsleg konsekvens at sluttoppgjeret kjem seinare enn 2 månaders-fristen
- Leverer ikkje entreprenøren innan tilleggsfristen har imidlertid oppdragsgjevar rett til å utarbeide sluttoppgjer etter si oppfatning

I dette tilfellet har ikkje slutfaktura vore motteken innan fristen på 2 månader frå overtaking. Kommunen har imidlertid ikkje sendt krav om å få slutfaktura med tilleggsfrist på 14 dagar.

Det er beklageleg at det ved økonomisk avslutning ikkje har vorte kvalitetssikra at sluttoppgjer var gjennomført. Rutinane vil bli gjennomgått og innskjerpa slik at ein unngår slike saker for ettertida.

Med bakgrunn i saksutgreiinga vil ein tilrå at det vert gjort ei tilleggsføring på 114.375 kroner inkl.mva. som vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond.

Fosnavåg, 09.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge



Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	JNP	Arkivsaknr:	2013/117
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/14	Plan og byggenemnd	02.06.2014
100/14	Formannskapet	10.06.2014
84/14	Kommunestyret	19.06.2014

BASE EINEDALEN SKULE - ØKONOMISK AVSLUTNING.

Tilråding frå rådmannen:

Økonomisk avslutning for prosjektet blir godkjent.

Møtebehandling i plan- og byggenemnda 02.06.2014:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken med slikt tillegg til punkt 1:

«med eit mindreforbruk på kr 77 000,-»

Tilråding i plan og byggenemnda 02.06.2014

Økonomisk avslutning for prosjektet blir godkjent med eit mindreforbruk på Kr 77 000,-.

Møtebehandling i formannskapet 10.06.2014:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet 10.06.2014

Økonomisk avslutning for prosjektet blir godkjent.

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Tor-Sindre Steinsvik (H) fremja tilrådinga frå plan- og byggenemnda.

Plan og byggenemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

Økonomisk avslutning for prosjektet blir godkjent med eit mindreforbruk på Kr 77 000,-.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga
- Eigedomsavdelinga

Vedlegg:

- Budsjettkontroll

Saksopplysningar:

Det vart i budsjettet for 2009 avsett 2,5 mill. kroner til oppføring av base i tilknytning til SFO-avdelinga hjå Einedalen skule.

Tiltaket vart påstarta i mai 2013, og var i store trekk ferdigstilt til skulestart i august 2013. Tilbygget er bestående av 2 brukarrom, toalett, entré/gang og lager. Totalt ca 80 m2 BRA (bruksareal).

Følgjande føretak var involverte i prosjektet:

- Vebjørn Strømsnes AS (Hovudbedrift)
- Aurvoll og Furesund (Grunnarbeider)
- Ståle Berge VVS AS (VVS)
- Tussa Installasjon AS(Elektro)
- Egset Ventilasjon AS (Ventilasjon)

Rekneskap ved økonomisk avslutning:

Løyving i 2012 budsjettet:	2.500.000,-
Forbruk ved avslutning:	2.423.000,- *(
Mindreforbruk:	77.000,-

*(Forbruket avvik noko i forhold til budsjettkontrollen, pga øk. belastning etter oversending frå økonomiavd.)

Vurdering og konklusjon:

Basen vart oppført i tilknytning til SFO-avdelinga på Einedalen skule, og med særskilt kort byggjetid. Involverte føretak har synt velvilje og god innsats med arbeidde også gjennom fellesferien. Tiltaket var i store trekk ferdigstilt for bruk ved nytt skuleår 2013.

Konsekvensar for folkehelse:

Betre tilrettelagt og dimensjonert for elevar med nedsett funksjonsevne.

Konsekvensar for beredskap:

Tilbygget er godt tilrettelagt for planlagt bruk, og med vidareføring av tekniske installasjonar og varslingsanlegg som øvrig bygningsmasse. Ein vurderar det elles slik at utførte tiltak vil forbetre situasjonen i beredskapssamanheng.

Konsekvensar for drift:

Noko konsekvensar knytt til drift og vedlikehald som følgje av auka bygningsmasse.

Fosnavåg, 07.04.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: John Normann Pettersen



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2013/49
		Arkiv:	256

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
156/16	Formannskapet	16.08.2016
130/16	Kommunestyret	25.08.2016

SØKNAD OM UTVIDA GARANTI - STEMMEDEALEN VASSLAG SA

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.08.2016

1. Herøy kommune yter sjølvskuldsgaranti for eit lån på totalt 32,04 mill kr som Stemmedalen Vassla SA tek opp i Kommunalbanken. Låneopptaket gjeld ei opplåning på inntil 5,0 mill kr i tillegg til dagens lån på 27,04 mill kr og skal nyttast til ytterlegare opprustning av lagets leidningsnett og reinseanlegg.
2. Garantien gjeld for lånets hovudstol maksimalt 32,04 mill kr med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Kommunens maksimale garantiansvar kan ikke overstige (32,04 mill kroner + 10 % - totalt 35,24 mill kr).
3. Garantiansvaret skal reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 31 år med tillegg av inntil 2 år, jfr [garantiforskriftenes § 3](#).
4. For at sjølvskuldnarkausjonen/garantistillinga vert gjort gjeldande må den godkjennast av staten V/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Tilråding:

1. Herøy kommune yter sjølvskuldsgaranti for eit lån på totalt 32,04 mill kr som Stemmedalen Vassla SA tek opp i Kommunalbanken. Låneopptaket gjeld ei opplåning på inntil 5,0 mill kr i tillegg til dagens lån på 27,04 mill kr og skal nyttast til ytterlegare opprustning av lagets leidningsnett og reinseanlegg.

2. Garantien gjeld for lånets hovudstol maksimalt 32,04 mill kr med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Kommunens maksimale garantiansvar kan ikke overstige (32,04 mill kroner + 10 % - totalt 35,24 mill kr).
3. Garantiansvaret skal reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 31 år med tillegg av inntil 2 år, jfr [garantiforskriftenes § 3](#).
4. For at sjølvskuldnarkausjonen/garantistillinga vert gjort gjeldande må den godkjennast av staten V/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Vest kontrollutvaldsdistrikt,
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Vedlegg:

- [Stemmedalen Vasslag SA. Søknad om utvidet kommunal garanti til lån.](#)
(Ytterlegare vedlegg vil bli delt ut i formannskapsmøtet)

Saksopplysningar:

Stemmedalen Vasslag SA har søkt kommunen om ein ytterlegare auke av den kommunale lånegarantien med i overkant av 5,0 mill kr (til totalt 35,2 mill kr) i samband med ulike utbyggingar og utbetringar knytt til vasslaget sitt leidningsnett.

Stemmedalen Vasslag SA fekk i K-Sak 30/13 godkjent ein kommunal lånegaranti på 20,0 mill kr til utbetringar/utbyggingar av leidningsnettlet samt til nytt renseanlegg. I K-sak 131/13 godkjente kommunestyret ein søknad om auke av den kommunale lånegarantien med 11,0 mill kr (til 31,0 mill kr).

No ynskjer vasslaget å gjere ytterlegare investeringar i leidningsnettlet sitt. Det er snakk om å:

- Skifte ut eternitrør i Aurvågane til ein kostnad av 2,1 mill kr
- Oppgradere/utvide pumpestasjonen i Feirelia for 0,5 mill kr
- Etablere ny pumpestasjon i Kleppeåsen til ein kostnad av 0,3 mill kr
- Legge ny og betra leidning i sjøen til Hestholmen til ein kostnad på 1,5 mill kr
- Utvide vassbehandlingsanlegget til ein kostnad av 0,6 mill kr

Totalt er det snakk om nye investeringar på i alt 5,0 mill kr. Stemmedalen Vasslag har i dag ei gjeld på omlag 27,0 mill kr og ynskjer å auke denne med 5,0 mill kr til omlag 32,0 mill kr. Långjevaren (Kommunalbanken) krev at kommunen yter ein garanti tilsvarande lånesummen + 10%. Det vil seie ein lånegaranti på 35,2 mill kr.

Med ei nedbetalingstid på 30,3 år vil årlege avdrag utgjere omlag 1,076 mill kr. I tillegg kjem rentekostnadane som vil utgjere mellom 0,85 mill kr og 1,0 mill kr per år.

Kommunal lånegaranti

Kommunelova § 51 om "garantier og pantsetting for andres økonomiske forpliktelser" seier i pkt. 2:

"Det kan ikke stilles kausjon eller annen økonomisk garanti knyttet til næringsvirksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv".

I samband med denne paragrafen er det utarbeidd ei eiga forskrift med tittelen «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier». Denne forskrifta gjeld frå 03.01.2001.

I § 2 i forskrifta står det:

«Når en kommune eller fylkeskommune stiller garanti for tredjepersons økonomiske forpliktelse, kan kommunen/fylkeskommunen forplikte seg ved simpel kausjon eller selvskyldnerkausjon».

Vedtaket om å stille garanti og garantiavtale/-erklæring skal alltid opplyse om garantiens levetid/varighet. Dersom den er knytt til ei investering kan garantitida

ikkje overstige levetida på investeringsobjektet. I denne saka er avdragstida tilpassa vekta gjennomsnittleg levetid for dei arbeida som er utført.

Garantien treng statleg godkjenning (i prinsippet Fylkesmannen) dersom den overstig kr. 500.000,-.

Stemmedalen Vasslag SA er ein privat aktør som leverer vatn til hushaldningar og bedrifter i området Sandvika-Leikong. Levering av vatn vert sett på som ei kommunal primær oppgåve og kommunane har eit ansvar for at sunt og godt vatn vert levert til alle i nok mengde. Lånet som vasslaget tek opp har ei vekta løpetid på 30,3 år slik at det stettar vilkåra i garantiforskrifta som seier at nedbetlingstida maksimalt kan vere på 40 år.

I dette tilfellet kan kommunen gi ein garanti fordi det gjeld ei primær oppgåve. I og med at slike tenester skal vere sjølvfinansierande betyr det at det er abonnentane som må bere dei auka kostnadane vasslaget får som følge av investeringane.

Dersom kommunen vel å gi garanti som omsøkt, må staten godkjenne vedtaket før det vert sett i verk.

Potensiell risiko ved å gi kommunal lånegaranti

Rådmannen ser at det vil medføre ein økonomisk risiko ved å yte ein kommunal lånegaranti på inntil 35,2 mill kr. Kommunen sitt «dilemma» er at vassforsyning er ei kommunal primær oppgåve og kommunen har eit ansvar for at vassforsyninga er tilfredsstillande.

Om det vert vedteke å yte ein garanti på inntil 35,2 mill kr i denne saka vil kommunens samla garantiansvar bli på om lag 129,0 mill kr (65,0 mill som gjeld vassverk, 51,2 mill (Sunnmørsbadet AS) og 11,5 mill på andre aktørar (barnehagar og idrettslag).

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Godt og reint vatn er utan tvil positivt for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Med betre vassleidningar vert ein mindre sårbar ved t.d. brannar. Sikrare vasstilførsel er såleis eit pre for beredskapen.

Konsekvensar for drift:

Ikkje noko spesielt førebels

Konsekvensar for økonomi:

Så lenge lånegarantien ikkje vert effektuert er ikkje konsekvensane for den kommunale økonomien dei største. Ein viss effekt vil ei slik utbygging uansett har på drifta då gebyra har auka mykje dei 2-3 siste åra og Herøy kommune har mange abonnement i Stemmedal Vasslag SA.

Fosnavåg, 05.08.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Fra: Lars Saga [Lars.Saga@asplanviak.no]

Sendt: 13. juli 2016 14:31

Til: Geir Egil Olsen

Kopi: Arild - Stemmedal Vasslag; 'Kato Koteng (post@kkas.no)'; idar@conplan.no

Emne: 532052 Stemmedalen Vasslag SA. Søknad om utvidet kommunal garanti til lån

Bakgrunn

Vi viser til telefonsamtale med økonomisjef Geir Egil Olsen.

Stemmedalen Vasslag SA har i forbindelse med utbyggingen som startet i 2013 gjort flere tiltak enn det det var lagt opp til og det framkommer i den sammenheng et økt lånebehov.

Denne søknaden omfatter kommunal garanti for et lån i Kommunalbanken på inntil kr 35,2 mill hvorav 27,0 er restgjeld på lånet kommunen gav garanti for i K-SAK 30/13.

Nye tiltak

Tabellen viser kostnader for de nye tiltakene.

Tiltak	Mill kr
Ledningsanlegg Aurvågene	2,1
Pumpestasjon Feirelia	0,5
Pumpestasjon Kleppåsen	0,3
Sjøledning Hestholmen med landanlegg	1,5
Utvidelse vannbehandlingsanlegg	0,6
Lånebehov	5,0

Ledningsanlegg Aurvågene: Utskiftning av eternittledninger

Pumpestasjonen Feirelia: Oppgradering med nye pumper overvåkning

Pumpestasjon Kleppåsen: Ny pumpestasjon for høytliggende bebyggelse ved Kleppåsen

Sjøledning Hestholmen: Ny lengre ledning

Utvidelse vannbehandlingsanlegg: Oppussing av gammel del

Kommunal garanti på lån

Tabellen viser garantibehovet (se for øvrig vedlagte regneark).

Tiltak	Mill kr
Restgjeld	27,0
Nye tiltak	5,0
Sum	32,0
10 % til evt renter/omk	3,2
Garantibehov	35,2

Vi har vært i kontakt med Kommunalbanken og den vektede løpetiden er beregnet til 30.3 år.

Sammenslåing av lån med vektet løpetid

Lånenr	Restgjeld	Gjenværende løpetid (år)	Arlig Avdrag	Vektet løpetid
	27 043 890	29.5	916 700	24.9
Fylt inn av lsa	2 100 000	40.0	52 500	2.6
Fylt inn av lsa	500 000	20.0	25 000	0.3
Fylt inn av lsa	300 000	20.0	15 000	0.2
Fylt inn av lsa	1 500 000	40.0	37 500	1.9
Fylt inn av lsa	600 000	20.0	30 000	0.4
			0	0.0
			0	0.0
			0	0.0
			0	0.0
			0	0.0
			0	0.0
			0	0.0
			0	0.0
	32 043 890		1 076 700	30.3

Vi håper dette er et tilstrekkelig grunnlag og på et positivt svar. Om det er behov for ytterligere opplysninger kan undertegnede (ferie til 3/8) eller Arild Moldskred kontaktes (Tlf 90084171)

Med vennlig hilsen



Lars Saga
Vann og Miljø

T: [930 57 773](tel:93057773)
E: lars.saga@asplanviak.no

Kom i kontakt med Asplan Viak




Asplan Viak AS

Enenvegen 2a
6416 Molde

T: [417 99 417](tel:41799417)
www.asplanviak.no

Les vårt nyhetsmagasin
[KVARTALET](#)



For the best experience, open this PDF portfolio in  Acrobat X or Adobe Reader X, or later. .

[Get Adobe Reader Now!](#)

From: [Lars Maurits Bekkelund](#)
To: [Lars Saga](#)
Cc: [Marit Urmo Harstad](#)
Subject: Ang mulig opplån til Stemmedal Vasslag AS
Date: 13. juli 2016 12:56:37
Attachments: [vekting-av-laan.xlsx](#)

Hei,

Viser til samtale i dag ang opplån på ca 5 mnok til Stemmedal Vasslag SA.

Vedlagt finner du excelark som viser ny vektet løpetid ved en sammenslåing av nytt lån og eksisterende lån. Vi forholder oss til det som blir vedtatt garantitid for det økte lånet, dette må uansett være innenfor forskriften mht nedskrivningstider på de underliggende investeringsobjektene.

Det nye garantivedtaket må hensynta det opprinnelige lånet dersom disse skal slås sammen. Vedtaksformuleringen må dekke noen formaliakrav bl.a. annet om tillegg i beløp og nedbetalingstid, se oppsett på vår [hjemmeside](#).

Vedtaket må i tillegg henvise til lånesaldo på nåværende lån, at dette økes med X kr, og at garantitid for det nye økte lånet blir X år (f.eks 31).

Ang fastrente så er vi som nevnt tilbakeholdne med å gi dette til selskaper, da det erfaringsvis vil dukke opp behov for endringer i fastrenteperioden, som da ikke vil kunne imøtekommes av oss uten å bryte fastrenteavtalen med de kostnader dette innebærer for selskapet.

Et alternativ kan være å holde det økte lånet som et eget lån, og velge fastrente på ett av de to lånene. Da har man ett flytende lån som er fleksibelt ifm endringer.

Ta gjerne kontakt ved ev. spørsmål.

Mvh,

LARS M. BEKKELUND
Kunde- og markedsansvarlig
lmb@kommunalbanken.no
Telefon + 47 2150 2011
Mobil + 47 982 47 011

KOMMUNALBANKEN AS
Haakon VII's gate 5b
Postboks 1210, Vika
0110 Oslo

www.kommunalbanken.no

Ta miljøhensyn - vurder om du virkelig må skrive ut denne e-posten

Denne e-posten med dokumenter og filer kan inneholde konfidensielt materiale. E-posten er utelukkende til bruk av den personen som den er ment rettet til. Hvis denne e-posten er mottatt av andre personer enn den som er tilsiktet den, kontakt avsender og slett alle kopier.

Stemmedal Vasslag SA

Resultat

09.08.2016

Side 1 / 1

periode 0-6

	Periode 2015	Hitil 2016	Hitil 2016	Hitil 2016
	0 - 30.06	01.01 - 30.06	01.01 - 30.06	01.01 - 30.06
Sum salgsinntekt	2 247 852	1 939 290	1 939 290	1 939 290
Sum driftsinntekter	2 247 852	1 939 290	1 939 290	1 939 290
Sum varekostnad	-81 380	-111 639	-111 639	-111 639
Sum lønnskostnad	-366 701	-537 737	-537 737	-537 737
Sum avskrivning på varige driftsmidler mm.	-235 000	-490 000	-490 000	-490 000
Sum annen driftskostnad	-637 920	-898 352	-898 352	-898 352
Sum driftskostnader	-1 321 002	-2 037 728	-2 037 728	-2 037 728
Sum driftsresultat	926 850	-98 438	-98 438	-98 438
Sum annen renteinntekt	8 329	5 947	5 947	5 947
Sum annen rentekostnad	-234 995	-238 227	-238 227	-238 227
Sum ordinært resultat før skattekostnad	700 184	-330 718	-330 718	-330 718
Sum ordinært resultat	700 184	-330 718	-330 718	-330 718
Sum årsresultat	700 184	-330 718	-330 718	-330 718
Sum overført annen egenkapital	0	0	0	0
Sum resultat	700 184	-330 718	-330 718	-330 718

Antall abonnement pr tariff

2016

Stemmedal Vasslag SA

Side 1

09.08.2016 11:54:51

KatoK

Tariff	Tariffnavn	Antall aktive abonnement		
5	Avgift enslig og fritidshus	36	2600	kr 93 600,00
10	1 Vassavgift	376	5000	kr 1 880 000,00
11	2 Vassavgifter	11	10000	kr 110 000,00
12	3 Vassavgifter	7	15000	kr 105 000,00
14	4 Vassavgifter	5	20000	kr 100 000,00
15	5 Vassavgifter	3	25000	kr 75 000,00
16	6 vassavgifter	2	30000	kr 60 000,00
114	14 Vassavgifter	1	70000	kr 70 000,00
116	16 Vassavgifter	1	80000	kr 80 000,00
120	20 Vassavgifter	1	100000	kr 100 000,00
121	Vassavgift ordinær avgift	164	5000	kr 820 000,00
122	Vassavgift hytte / fritidshus/naust	64	2600	kr 166 400,00
123	Vassavgift enslig minste pensjonist	15	2600	kr 39 000,00
124	Kjellerleilighet	1	2600	kr 2 600,00
		687		kr 3 701 600,00

Beregning av vassgebyr

Tekst	2016	2017	2018
Inntekt 551 ord 45 pensj			
73 hytter og 18 bedr./bygg	kr 3 753 300,00	kr 3 800 000,00	kr 3 855 000,00
11 nye x 5000 + 10000 andel	kr 110 000,00	kr 165 000,00	kr 165 000,00
Sum inntekt	kr 3 863 300,00	kr 3 965 000,00	kr 4 020 000,00
Renter og avdrag 27 og 32 mil	kr 1 369 494,00	kr 1 485 000,00	kr 1 485 000,00
	kr -		
Strøm	kr 150 000,00	kr 155 000,00	kr 158 000,00
Filtering	kr 133 000,00	kr 140 000,00	kr 145 000,00
lønn	kr 900 000,00	kr 900 000,00	kr 900 000,00
Andre driftskostnader	kr 1 200 000,00	kr 1 200 000,00	kr 1 250 000,00
Sum utbetalinger	kr 3 752 494,00	kr 3 880 000,00	kr 3 938 000,00
Innbetaling - utbetaling	kr 110 806,00	kr 85 000,00	kr 82 000,00

Til generalforsamlingen i
Stemmedal Vasslag SA

REVISORS BERETNING 2015

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for **Stemmedal Vasslag SA**, som består av balanse per 31. desember 2015, resultatregnskap som viser et overskudd på kr. 369 743 for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler om god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.



Revisorgruppen

Revisorgruppen Møre AS
Sjøgata 41
Postboks 331
N-6067 Ulsteinvik

Tlf: +47 40 00 69 23

E-post: more@rg.no

Foretaksregisteret
NO 990 513 236 MVA
Bank 3910.29.97496

www.rg.no

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til **Stemmedal Vasslag SA** per 31. desember 2015 og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler om god regnskapsskikk i Norge.

Uttalelse om øvrige forhold


Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forslag til disponering av overskudd og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til attestasjonsstandard ISAE 3000, mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Ulsteinvik, 7. april 2016


Oddbjørn Vågen

Årsberetning 2015 STEMMEDAL VASSLAG SA

Virksomhetens art og hvor den drives

Stemmedal Vasslag SA er et vassverk beliggende i Tjørvåg. Laget leverer vann til Tjørvåg og Leikong krets.

Fortsatt drift

Årsregnskapet for 2015 er satt opp under forutsetning av fortsatt drift. Styret bekrefter at forutsetningen om fortsatt drift er til stede.

Stilling og resultat

Laget har hatt en omsetning på 4.133 tkr i 2015, mot 3.612 i 2014. Årets driftsresultat ble 723 tkr. mot 998 tkr. i 2014 Selskapet har en egenkapital på 6.332 tkr. Styret beretter at årsregnskapet gir et rettsvisende bilde av lagets eiendeler og gjeld, finansielle stilling og resultat.

I skrivende stund er et nytt og moderne renseanlegg ferdig og satt i drift. Og det er skiftet ut ca. 6 km med eternittrør.

Egenkapital og disposisjoner

Laget hadde ved utgangen av 2015 en andelskapital på :
kr 5.091.225 fordelt på 682 andelshavere. I 2015 ble det 23 nye.
Styret foreslår at årets overskudd kr. 368.343 går til annen egenkapital

Arbeidsmiljø

Styret mener arbeidsmiljøet i selskapet er tilfredstillende. Det har ikke vært skader eller ulykker i 2015.

Ytre miljø

Laget forurenses ikke det ytre miljø.

Likestilling

Styret består 5 styremedlemmer alle menn og ingen kvinner. Styret har ut fra en vurdering av antall ansatte og stillingskategorier ikke funnet det nødvendig å iverksette spesielle tiltak med hensyn til likestilling.


Tjørvåg, 7. april 2016



styrets leder
Arild Moldskred




styres nestleder
Tor Rødset



styremedlem
Alf-Gunnar Skogen



styremedlem
Hans-Jørgen Løvøy



styremedlem
Frank H. Abrahamsen

Årsoppgjør for 2015

**STEMMEDAL VASSLAG SA
6070 TJØRVÅG**

Årsoppgjør 2015

Resultat regnskap

Balanseregnskap

Noter

Årsberetning

Utarbeidet av:
Kato Koteng ARF
Storebakken 8
6092 FOSNAVÅG
Org.nr. 914444721

Utarbeidet med:
Total Årsoppgjør

Resultatregnskap for 2015

STEMMEDAL VASSLAG SA

	Note	2015	2014
Salsinntekt		4 132 802	3 611 626
Sum driftsinntekter		4 132 802	3 611 626
Varekostnad		(333 502)	(134 342)
Lønskostnad	1, 2, 7	(1 013 125)	(914 458)
Avskrivning av varige driftsmidler og immaterielle eige ...	4	(736 455)	(454 684)
Andre driftskostnader	3	(1 325 915)	(1 110 541)
Sum driftskostnader		(3 408 997)	(2 614 024)
Driftsresultat		723 805	997 602
Annen renteinntekt		142 649	97 733
Annan finansinntekt		4 326	4 951
Sum finansinntekter		146 975	102 684
Annen rentekostnad		(501 037)	(314 793)
Sum finanskostnader		(501 037)	(314 793)
Netto finans		(354 062)	(212 109)
Ordinært resultat før skattekostnad		369 743	785 493
Ordinært resultat		369 743	785 493
Arsresultat		369 743	785 493
Overføringer			
Overfør annen egenkapital		369 743	785 493
Sum		369 743	785 493


Balanse pr. 31. desember 2015
STEMMEDAL VASSLAG SA

	Note	2015	2014
EIGENDELAR			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	4	31 215 836	16 973 636
Inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande	4	600 900	294 900
Sum varige driftsmidler		31 816 736	17 268 536
Sum anleggsmidler		31 816 736	17 268 536
Omløpsmidler			
Fordringer			
Kundefordringer	5	144 345	153 155
Andre fordringer		1 320 816	481 469
Sum fordringer		1 465 161	634 624
Bankinnskott, kontanter og liknande	6	5 936 579	16 277 232
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		5 936 579	16 277 232
Sum omløpsmidler		7 401 740	16 911 856
Sum eigendelar		39 218 476	34 180 392


Balanse pr. 31. desember 2015
STEMMEDAL VASSLAG SA

	Note	2015	2014
EGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Andelar	9	5 091 225	4 861 225
Sum innskoten eigenkapital		5 091 225	4 861 225
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	9	1 242 130	872 387
Sum opptent eigenkapital		1 242 130	872 387
Sum eigenkapital	9	6 333 355	5 733 612
Gjeld			
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	8	27 502 268	26 310 000
Sum anna langsiktig gjeld		27 502 268	26 310 000
Sum langsiktig gjeld		27 502 268	26 310 000
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		4 983 522	1 768 401
Skyldige offentlege avgifter		101 938	66 649
Anna kortsiktig gjeld		297 393	301 730
Sum kortsiktig gjeld		5 382 852	2 136 779
Sum gjeld		32 885 120	28 446 779
Sum eigenkapital og gjeld		39 218 476	34 180 392


7. april 2016


 Arild Johan Moldskred
 Styrets leder / Daglig leder


 Tor Rødseth
 Nestleder


 Hans-Jørgen Løvøy
 Styremedlem


 Frank Harald Abrahamsen
 Styremedlem


 Alf-Gunnar Skogen
 Styremedlem

Noter 2015

STEMMEDAL VASSLAG SA

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Salgsinntekter

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som knytter seg til varekretsløpet. For andre poster enn kundefordringer omfattes poster som forfaller til betaling innen ett år etter transaksjonsdagen. Anleggsmidler er eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Langsiktig gjeld er gjeld som forfaller senere enn ett år etter transaksjonsdagen.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost. Varige anleggsmidler avskrives etter en fornuftig avskrivningsplan. Anleggsmidlene nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Langsiktig gjeld med unntak av andre avsetninger balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlenes levetid dersom de har antatt levetid over 3 år og har en kostpris som overstiger kr 15.000. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader, mens påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

Skatt

Stemmedalen Vasslag A/L er ikke skattepliktig for sin virksomhet.

Note 1 - Lønnskostnader etc

Spesifikasjon av lønnskostnader	2015	2014
Lønn	911 094	815 690
Arbeidsgiveravgift	96 576	88 751
Andre relaterte ytelser	5 455	10 017
Sum	1 013 125	914 458

Foretaket har sysselsatt 1 årsverk i regnskapsåret.

Note 2 - Ytelse til ledende personer

Ytelse til ledende personer

Type ytelse	Daglig leder	Styret
Lønn og honorarer	823 228	30200
Pensjonsutgifter		
Annen godtgjørelse		

Note 3 - Revisjonshonorar

Revisjon og andre tjenester

Kostnadsført revisjonshonorar for 2015 utgjør kr 24 500. Honorar for annen bistand utgjør kr 0.

Note 4 - Spesifikasjon av varige driftsmidler

Spesifikasjon varige driftsmidler

	Tomter	Bygning og annen fast eiendom	Driftsløsøre, inventar o.l	Sum
Anskaffelseskost 01.01.2015	58 000	24 106 370	760 803	24 925 173
Tilgang i året	0	14 906 341	378 314	15 284 655
Avgang i året	0	0	0	0
Anskaffelseskost 31.12.2015	58 000	39 012 711	1 139 117	40 209 828
Akk. av- og nedskr. 01.01.2015		(7 190 734)	(465 903)	(7 656 637)
Akkumulerte avskr. 31.12.2015		(7 854 875)	(538 217)	(8 393 092)
Balanseført verdi pr. 31.12.2015	58 000	31 157 836	600 900	31 816 736
Arets avskrivninger		(664 141)	(72 314)	(736 455)
Økonomisk levetid		0,0 - 50,0 år	5,0 - 10,0 år	
Avskrivningsplan: Lineær		0 - 10 %	10 - 20 %	

Note 5 - Kundefordringer

Kundefordringer er vurdert til pålydende, nedskrevet med forventet tap på fordringer.

Spesifikasjon kundefordringer	2015	2014
Kundefordringer til pålydende	206 345	215 155
Avsatt til dekning av usikre fordringer	(62 000)	(62 000)
Netto oppførte kundefordringer	144 345	153 155

Note 6 - Bankinnskudd

I posten for bankinnskudd inngår egen konto for bundne skattetreksmidler med kr 70 145. Skyldig skattetrekk er kr 75 941.

Note 7 - Obligatorisk tjenstepensjon

Obligatorisk tjenstepensjon

Foretaket er ikke pliktig til å ha tjenstepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenstepensjon.

Note 8 - Pantstillelser og garantier m.v.

Pantstillelser og garantier m.v.

Spesifikasjon	2015	2014
Kassekreditt		
Gjeld til kredittinstitusjoner	27 502 268	26 310 000
Sum	27 502 268	26 310 000
Balanseført verdi av driftsmidler	31 937 736	17 288 636
Sum	31 937 736	17 288 636

Lånet er sikret gjennom en kommunal selvskynerkausjon på 31,0 mill kr

Note 9 - Egenkapital

Spesifikasjon egenkapital	Andelskapital	Annen EK	Sum
Egenkapital 01.01.2015	4 861 225	872 387	5 733 612
23 nye andeler	230 000		230 000
Årets resultat		368 343	368 343
Egenkapital 31.12.2015	5 091 225	1 240 730	6 331 955



STYREMØTESAK NR
2016/3

TILLEGGSFINANSIERING

Saksbehandler:

Arild Moldskred

Dato:

19.07.2016

Dokumenter:

Økonomioppstilling per 14.06.2016

Bakgrunn:

Det er behov for å øke lånerammen i KLP

Orientering:

I tillegg til utbyggingen av vannbehandlingsanlegget har vassverket siste år skiftet betydelige lengder med eternittrør.

Pga mva og sen utbetaling av deler av statstilskuddet har vassverket nå et akutt likviditetsproblem.

Det er derfor behov for et tilleggs lån på ca 3,8 mill kr og et kortsiktig lån på 1,3 mill kr (til sammen 5,1 mill kr).

For å få ytterligere lån i KLP må det foreligge kommunal garanti. Det er ikke mulig å få saken behandlet i kommunen før i august.

Innstilling til vedtak:

Styreleder søker kortsiktig lån i Nordea og deretter kommunen om garanti for et tilleggs lån i KLP på ca 5,1 mill kr.

Saka blir sent som skrevet ovenfor.

Sak 6. Kjellsund ungdom senter har betalt kon
en avgift til no. Dette har vi nå besluttet
å ta gjort om til 8 emndeler fra No.
Her er mykk meir hus enn dette.

Sak 7.

Hestholmen Hylle felt har ikke
sendt lyste på abonnenta så vi
sjekker opp og sender ut avgifter
videre legger vi ny ledning rundt holmen
til noen nytt der og dei bet. for slange
og vi legger dem og kopler.
Så får vi inn tilknyting og avgift etter
dette er ferdig.
videre skal det sjekkes om noen avgifts
svyftore inne på leikong.

Sak 8 Div vi kjøper flate til divsjo arbeid,
og skaffer ny vasker og div ting.
sjekker om filter til søjeld U.P.S.

Styre: Saks Papir Blin lagde i egen Penn
Sten Høy Refsur Asild Moldskred
Frank Abrahamson
Hans. Løyve Løyve
Ves Rødseth

Styret møte 19.7.16

Det vart Behandla 8 saker På møte

Sak 1. Vedtak: Bli som det har vort
Styret formann drifur og styrer videre.

Sak 2. Ny styre medlem Valgt
Det har vort leita og spurt men
Vanskelig: Så Jan tok Hoem Itar
Sagt Ja til å stille som Ny for
Alt Gunnar Skogen: 2016-17.

Sak 3. Økonomi: Vi søker om
Ny økning på ca 5 mill -
Som viser i vedlegg i Perm.

Sak 4. Njardar: Vi sende en
Avgift og ser kva som skjer
om ikke så styrer vi.

Sak 5. Styre Legg Ny ledning og
tar 4 nye All. sjå vedlegg.



Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	PKM	Arkivsaknr:	2015/864
		Arkiv:	S01

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
157/16	Formannskapet	16.08.2016
131/16	Kommunestyret	25.08.2016

ENERGISPAREKONTRAKT

Møtebehandling:

Eigedomsleiar Robert Myklebust møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.08.2016

1. Kommunestyret gir rådmannen i oppdrag å konkurransetsetje ei EPC-kontrakt (Energy Performance Contracting) for å redusere energibruken i kommunale formålsbygg og einiskilde bustadbygg.
2. Kommunestyret gir rådmannen i oppdrag å søke Enova om støtte til analysefasen.
3. Plan- og byggenemnda får mandat til å fylgje opp prosjektet på vanleg måte.
4. Kommunestyret gir rådmannen i oppdrag å legge fram forslag til investeringspakke desember 2017 basert på tiltak etter energianalysen.

Tilråding:

- 5. Kommunestyret gir rådmannen i oppdrag å konkurransesutsette ei EPC-kontrakt (Energy Performance Contracting) for å redusere energibruken i kommunale formålsbygg og einskilde bustadbygg.**
- 6. Kommunestyret gir rådmannen i oppdrag å søke Enova om støtte til analysefasen.**
- 7. Plan- og byggenemnda får mandat til å fylgje opp prosjektet på vanleg måte.**
- 8. Kommunestyret gir rådmannen i oppdrag å legge fram forslag til investeringspakke desember 2017 basert på tiltak etter energianalysen.**

Særutskrift:

Rådmannen si leiargruppe

Hovudverneombodet

Vedlegg:

Uprenta vedlegg

1. K-sak 4/10 – Klimaplan for Herøy kommune 2009-2013
2. NS 6430:2014 Alminnelege kontraktsbestemmelsar for energisparekontrakter (EPC)

Saksopplysningar:

Saka gjeld mandat til å iverksette naudsynt kartlegging av bygningsmassen som grunnlag for etterfylgjande inngåing av energisparekontrakter (EPC).

Bakgrunn

Herøy kommune vedtok i K-sak 04/10 klimaplan for Herøy. Ei av hovudmålsetjingane med klimaplanen har vore å redusere energiforbruken i kommunale bygg med 20 % i planperioda.

Eigedomsavdelinga har på denne bakgrunn gjennomført energitiltak i kommunale bygg, herunder etablert sentral driftskontroll og andre tiltak med energispareeffekt, finansiert gjennom låneopptak av investeringsmidlar.

Eigedomsavdelinga meiner det fortsatt er stort potensial for energireduksjon i kommunale bygg og ynskjer difor å styrke arbeidet gjennom inngåing av ei energisparekontrakt (heretter omtala som EPC).

Energisparekontrakt (EPC)

EPC er en modell for gjennomføring av energieffektiviseringstiltak med garantert energisparing. EPC inneber at kommunen inngår ei kontrakt med ein energientreprenør for å få gjennomført en detaljert energianalyse (fase 1 analysefasen). Kontrakta inneber også ein einsidig opsjon for kommunen til å gå vidare med gjennomføring av dei beskrevne energisparetiltaka (fase 2). Som del av denne opsjonen fylgjer også garantien om at entreprenøren faktisk skal spare så mykje energi, målt i kWh og kW, som han har berekna.

«Norske kommuner kan spare millioner på energiutgiftene og samtidig få fornyet egne bygg og anlegg, rasjonelt, effektivt og med liten risiko.» skriver KS i januar 2014 om EPC-modellen.

Entreprenøren garanterer energibesparelsen. Dersom avtalt energi-/effektsparing målt i kWh eller kW ikkje vert oppnådd, må entreprenøren dekke differansen mellom faktisk forbruk og garantert forbruk. Målet med EPC er at den skal føre til et langt lavere energiforbruk og betre bygningsmessig tilstand i kommunale bygg.

Kommunen styrer sjølv kva tiltak som skal takast med i prosjektet og kan stoppe prosjektet etter analysefasen, før nokon tiltak er gjennomført, dvs kommunen let vere å utløyse opsjonen. Sak om dette oversendast kommunestyret desember 2017.

Fasene i EPC

Eit EPC-prosjekt delast inn i fire fasar. Fase 0 og 1 iverksettast dersom kommunestyret gir rådmannen mandat til dette medan fase 2 og 3 iverksettast dersom kommunestyret i ny sak vel å gå vidare med prosjektet.

Fase 0

Fase 0 inneber at kommunen lyser ut ein konkurranse på Doffin (konkurranse med forhandling) der ein ber om tilbod på kontrakt med garantert energibesparelse for eit utval bygg basert på ein tiltakspakke med inntjeningstid på f.eks. 8-12 år.

Dei kommunane som har gjennomført EPC-prosjekt til no, har i forkant av anbudsutlysinga inngått samarbeid med ein ekstern konsulent som bistår kommunen i anbudsfasen og vidare i prosjektperioda.

Tilboda frå entreprenør vert evaluert etter kor mykje energi og effekt entreprenøren garanterer spart i dei aktuelle bygg, kor stor noverdi investeringa har for kommunen, erfaring med EPC og kor mykje detaljanslysene av bygningsmassen vil koste kommunen.

For at dei store EPC-entreprenørane kan knyte kontakt og etablere samarbeid med dei lokale entreprenørane, vert det gjennomført et seminar lokalt i forkant av anbudsfristen.

Fase 1 (ca 6 mnd)

Den tilbydaren som vinn anbudskonkurransen, får kontrakt på detaljanalyse av dei aktuelle bygg.

EPC-entreprenøren skal levere energianalyser av alle bygg som er med i prosjektet, dokumentert i ein prosjektutviklingsrapport. Alle tiltak, lønsame og ulønsame, skal vurderast og dokumenterast etter bestemte krav.

Entreprenøren garanterer i si kartlegging både investeringane, driftsutgiftene og besparelsen i tiltakspakka. Kommunen har i kontrakta ein-sidig opsjon på å gjennomføre dei tiltaka som vert dokumentert i analysene.

Når fase 1 er gjennomført vert det fremma ny sak til politisk handsaming. På dette stadiet har entreprenøren garantert ei faktisk innsparing i kWh/år og kW/år basert på eit låst investeringsomfang.

Kommunen kan velge å avslutte prosjektet etter analysetidspunktet. Då får entreprenøren betalt for analysene og kommunen overtek eigedomsretten til desse.

Fase 2 (ca 18 mnd)

Dersom kommunen vedtek å gå vidare med prosjektet, vert fase 2 (gjennomføringsfasen) iverksett. Fram til no har 95 % av kommunane som har gjennomført EPC valt å utløyse opsjon, dvs fortsetje med fase 2 og 3, etter den forutgåande kartlegginga i fase 0 og 1.

Dersom det fattes vedtak om å sette i gang fase 2 og 3 fylgjer ei periode på 1-2 år med stor aktivitet knytta til gjennomføring av tiltak i dei bygga som er omfatta av prosjektet.

Energimerking av bygg og tekniske anlegg gjennomførast som del av fase 2 og det blir oppnådd svært rimelege prisar på energimerking når det blir lagt inn som del av prosjektet. Energimerking er lovpålagt men berre delvis gjennomført i Herøy kommune.

Fase 3 (5-10 år)

Når alle tiltak er gjennomført startar fase 3 som er sparegarantiperioda.

Entreprenøren har i denne fasa etablert et energioppfølgingssystem der forbruket i alle bygg blir fylgd opp, ofte på vekebasis, og entreprenøren set inn tiltak dersom forbruksutviklinga ikkje er som garantert. I garantiperioden på 5-10 år vil det også være kvartalsvise kurs/oppfølgingsmøter med driftspersonell og andre ressurspersonar. I tillegg kan kommunen avgjere at andre opplæringsaktivitetar skal leggjast inn i kontrakta, eksempelvis inn mot dei tenesteytande avdelingane, politikarane eller innbyggjarane.

Etter eitt år av garantiperioden vert det gjennomført evaluering av oppnådd resultat. Faktisk forbruk blir justert for utandørstemperaturen for gjeldande år, endra bruk av lokaler osv. Den justerte besparelsen blir sett opp mot den garanterte.

Dersom besparelsen er innanfor 90-110 % av garantert besparelse, er kontrakten oppfylt. Dersom besparelsen er under 90 % av berekna så betaler entreprenøren opp til 90 % av berekna besparelse med aktuell energipris. Dersom besparelsen blir over 110 % så deler entreprenør og kommune det overskytande.

Denne mekanismen er viktig for kommunen. Moglegheit for bonus over 110 % gjer at entreprenøren fylgjer opp tett og prøver å hjelpe til med drift av anlegget i heile garantiperioden.

Etter år 2-3-4-5 6-7-8-9-10 skjer det same. Når garantiperioden er over er anlegga nedbetalt.

Regelverk

Det er utarbeida ein Norsk Standard NS 6430:2014 for energisparekontrakter som vil ligge til grunn for ei eventuell planlegging og gjennomføring av EPC-arbeidet.

Herøy kommune har knytt til seg Siv ing Kjell Gurigard for å sørge for gode forhandlingar, kvalitetssikring av analyser og for å sikre ei god gjennomføring. Gurigard har på oppdrag for KS laga EPC-malane og var medlem i Standardkomiteen for KS under utarbeiding av den norske EPC-standarden. Han har også hjelpt på nær alle kommunane som har gjennomført EPC-prosjekt etter KS sine malar (om lag 58 kommuner pt., mellom anna Volda kommune).

Energirekneskap

Energiforbruk for kommunens bygningsmasse utvikla seg slik i klimaplanperioda kWh/år:

2010	2011	2012	2013	2014	2015
10.263.303	9.481.761	10.056.152	8.903.898	7.586.048	7.472.712

Straumkostnadane knytt til kommunale bygg har utvikla seg slik i planperioda kr/år:

2010	2011	2012	2013	2014	2015
ca. 6 100 000	ca. 5 600 000	ca. 6 000 000	5 300 434	4 376 195	4 114 457

Finansiering

Fase 1 kan finansierast gjennom bruk av allereie løyvde investeringsmidlar til ENØK-tiltak i budsjett 2016. Enova gir også støtte til denne analysefasen, vanlegvis 1 kr. per m² oppvarma bruksareal som er med i prosjektet.

Fase 2 (gjennomføringsfasen) og fase 3 (garantifasen) av EPC-kontrakten er en opsjon og kommer som eigar politisk sak desember 2017. Tiltaka vert finansiert gjennom låneopptak som betjenast i garantiperioden gjennom sparte driftsmidlar. I same periode vil den årlege løyvinga til klimatiltak på kr. 1 mill foreslås omdisponert til EPC.

Enova gir støtte til investeringa i fase 2 per spart kWh, det kan forventast ca 1 kr per spart kWh.

Vidare framdrift:

Forutsatt kommunestyrets vedtaking av rådmannens tilråding, har eigedomsavdelinga utarbeida slik framdriftsplan for prosjektet:

Milepæl	Dato
Formannskapet	16/8-16
Kommunestyret	25/8-16
Anbudsutlysning	snarast etter KS 25/8-16

EPC-kurs, entreprenørar	medio oktober/16
Tilbodsmøte i Herøy	medio oktober/16
Anbudsregning, tilb.frist	2 veke
1. forhandling, minst 3 tilbydar	2 veke
Regning på forbedret tilbud	1 veke
Kontraktsmøte m en entreprenør	1 veke
Tildeling	1 dag
Klagefrist	min. 10 dager
Oppstart fase 1, analyse 5-6mnd.	medio desember/16
Dimensjonering av investeringspakken	september – oktober 17
Politisk behandling av investeringspakken	desember 17
Opsjon etter gjennomført fase 1	
Oppstart fase 2, tiltak	januar 18 – juli 19
Oppstart fase 3, garantiperiode	august 19

Vurdering og konklusjon

Rådmannen ber om kommunestyrets mandat til å iverksette fase 0 og 1 av eit EPC-prosjekt.

EPC gjer det mogleg for Herøy kommune å realisere omfattande energispare- og bygningsmessige tiltak utan å måtte auke egen kapasitet i forhold til prosjektering, byggeleing og gjennomføring. Det er EPC-entreprenøren som etter kontrakta har ansvaret for dette. Alle bygningsmessige og byggetekniske fag arbeider i lag om den best moglege energiløysinga for våre bygg. Garanti for besparelsen og lønsemda i tiltakspakken kontraktsfestas også. Redusert arbeid og risiko med gjennomføring av tiltaka er resultatet for byggeigar.

Aktiv og profesjonell oppfølging av entreprenøren gjennom prosjektet resulterer i meir kunnskap om energiøkonomi og drift av bygg blant driftspersonell og andre. Entreprisene gjennomførast i stor grad av lokale entreprenørar. Dei kjem i kontakt med totalentreprenøren på eit EPC-kurs som gjennomførast tidleg i prosjektet.

Hovudkonklusjonen etter evaluering av gjennomførte EPC-prosesser i norske kommunar er svært positiv. Det er no 58 kommunar som brukar eller har brukt dei EPC-malane som KS har laga for bruk i norske kommunar. Garantien for redusert energiforbruk og rasjonell gjennomføring av mange tiltak utan å binde opp egne ressursar er viktige argument for denne typen prosjekt.

Når fase 1 er gjennomført vil saken om investeringspakka, basert på tiltak etter energianalysen, på ny fremmas til politisk behandling desember 2017.

Konsekvensar for folkehelse:

ENØK-tiltak, til dømes nye vindauger med solskjerming samt oppgradert ventilasjonsanlegg, kan ha positiv innverknad på folkehelsa til brukarane av kommunale bygg.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilt konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Redusert energibruk gir lågare driftsutgifter for Herøy kommune.

Tett samarbeid i prosjektperioden kan gi kompetanseheving for driftspersonell, brukarar og politikarar.

Kompetanseheving kan gi betre drift og styring av bygningsmassen.

Mindre vedlikehaldsutgifter i åra framover, sida mange oppgraderingstiltak kan vere med i prosjektet.

Fosnavåg, 07.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Philipp Kessler-Myking



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2014/412
		Arkiv:	000

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
159/16	Formannskapet	16.08.2016
132/16	Kommunestyret	25.08.2016

KOMMUNEREFORM 2016 - MANDAT TIL FORHANDLINGSUTVALET

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.08.2016

Kommunestyret gir forhandlingsutvalet mandat til å forhandle fram ein intensjonsavtale med Sande kommune.

Tilråding:

Kommunestyret gir forhandlingsutvalet mandat til å forhandle fram ein intensjonsavtale med Sande kommune.

Særutskrift:

Saksopplysningar:

Kommunestyret i Herøy gjorde i møte 22.6.2016, K-sak 106/16, fylgjande vedtak:

«Kommunestyret vedtek å fortsetje som eiga kommune»

Vedtaket er i stor grad basert på resultat av folkerøystinga 19.05.2016, to innbyggjarundersøkingar og ei ungdomsundersøking.

Ved folkerøystinga var det eit alternativ å kunne stemme på ei samanslåing mellom Herøy og Sande sjølv om det ikkje låg føre ein intensjonsavtale mellom kommunane. Herøy kommune valde å behalde dette som eit alternativ på grunn av resultatet i innbyggjarundersøkingane som viste at det var hhv. 73% i 2014 og 69% i 2015 som var positive til å slå saman Herøy og Sande.

Ved folkerøystinga var det 502 som røysta for dette alternativet, men dette gir neppe eit rett bilete då det verken låg føre intensjonsavtale mellom kommunane og Sande hadde ikkje Herøy og Sande som eit alternativ for sine innbyggjarar ved folkerøystinga.

Vurdering og konklusjon:

Etter vedtaket 22.06.2016 har ordførar i Sande teke kontakt med Herøy for å avklare om det kan vere aktuelt å utarbeide intensjonsavtale mellom kommunane med sikte på ei kommunesamanslåing. Det vart gjennomført eit uformelt «sonderingsmøte» mellom forhandlingsutvala i Herøy og Sande 07.07.2016.

Frå møtet vart det klart at Herøy sitt forhandlingsutval må ha nytt mandat frå kommunestyret for å kunne gå vidare med formelle forhandlingar med Sande. Sande på si side hadde allereie mandat til å kunne forhandle med Herøy.

Kommunestyret i Herøy gir derfor forhandlingsutvalet mandat til å forhandle fram intensjonsavtale med Sande kommune.

Fosnavåg, 02.08.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Søre Sunnmøre landbrukskontor

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2016/1068
		Arkiv:	V60

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
56/16	Maritim og teknisk komite	23.08.2016
133/16	Kommunestyret	25.08.2016

HØYRING - FRAMLEGG TIL LOV OM ENDRING AV LOV OM KONSESJON, LOV OM JORD OG LOV OM ODELSRETT OG ÅSETESRETEN

Tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding til vedtak. Maritim og teknisk komite utformar framlegg til vedtak i møtet.

Særutskrift:

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy

Vedlegg:

Nr.	Namn	
1	Brev frå LMD	27.06.2016
2	Høyringsnotat	27.06.2016
3	Oppklaring i høyringsnotatet	30.06.2016

Saksopplysningar:

Landbruks- og matdepartementet (LMD) sende framlegg med vesentlege endringar i konsesjonslova, jordlova og odelslova på høyring i brev av 27.06.2016. Høyringsfristen er sett til 26.09.2016.

Endring av arealgrensene for konsesjonsplikt vil føre til at færre eigedomar vert underlagt konsesjonsplikt og buplikt. Det fører og til at færre eigedomen har odel.

Konsesjon er ikke nødvendig når erververen er:

1. eierens ektefelle, eller er i slekt med eieren eller eierens ektefelle i rett oppstigende eller nedstigende linje eller i eierens eller ektefellens første sidelinje til og med barn av søsken, eller er i svogerskap med eieren i rett oppstigende linje, forutsatt at eieren har sitt konsesjonsforhold i orden. Konsesjonsplikt kan likevel følge av § 7 andre ledd.
2. odelsberettiget til eiendommen.
3. staten.
4. den fylkeskommune eller kommune der eiendommen ligger, såfremt ervervet gjelder en eiendom i område som omfattes av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven, og eiendommen i planen er utlagt til annet enn landbruksområde eller ervervet skjer ved ekspropriasjon. Et kommunalt tomteselskap der vedkommende kommune har minst halvparten av kapitalen og flertallet i styret, likestilles med kommunen når det gjelder konsesjonsfrihet etter dette nummer.
5. bank eller annen institusjon som Kongen har godkjent i denne sammenheng, når ervervet skjer gjennom tvangssalg for å redde en fordring som erververen har panterett for i eiendommen. Eiendommen må selges videre innen to år. Fristen regnes fra stadfestingen av auksjonsbudet og kan forlenges av departementet.
6. *den som erverver en tilgrensende eiendom som tilleggsjord eller -skog.*
7. *leietaker eller forpakter etter forpaktingslova lov 25. juni 1965 nr. 1 som erverver tilleggsjord.*

Ved erverv av bebygd eiendom hvor fulldyrka og overflatedyrka jord er mer enn 35 dekar, eller eiendommen består av mer enn 500 dekar produktiv skog, er konsesjonsfriheten etter første ledd nr. 1 og 2 betinget av at erververen bosetter seg på eiendommen innen ett år og selv bebor den i minst 5 år. Som bebygd eiendom regnes her eiendom med bebyggelse som er eller har vært brukt som helårsbolig. Det samme gjelder eiendom med bebyggelse som ikke er tatt i bruk som helårsbolig, herunder eiendom med bebyggelse under oppføring dersom tillatelse til bebyggelse er gitt med sikte på boligformål. Erverver gjenlevende ektefelle eiendom fra sin avdøde ektefelle som eier eller ved uskifte, skal botiden gjenlevende har gjennomført før overtagelsen regnes mot pliktiden.

Første og andre ledd gjelder tilsvarende for samboere i ekteskapslignende forhold. Som samboere etter bestemmelsen her regnes samboere som fyller vilkårene i arveloven § 28 a.

Konsesjonsfriheten etter første ledd nr. 6 og 7 er betinget av at

1. *det foreligger en skriftlig avtale mellom overdrager og erverver,*

2. at ervervet gjelder hele eiendommen, eventuelt med unntak av tun på ikke over fem dekar,
3. erververen eier eiendom med mer enn 5 dekar jordbruksareal eller 25 dekar produktiv skog og oppfyller driveplikten etter jordloven § 8 på eiendommen sin..

Konsesjonsfriheten etter første ledd nr. 7 er dessuten betinget av at leietaker med skriftlig avtale har leid jordbruksarealet på eiendommen eller del av det i minst fem år. Leietiden skal regnes fra tidspunktet eier etter jordlova § 8 andre ledd har sendt kommunen kopi av leieavtalen.

§ 9 første ledd nr. 1 oppheves. § 9 første ledd nr. 2 til 5 blir § 9 første ledd nr. 1 til 4.

§ 9 fjerde ledd første punktum skal lyde:

Første ledd nr. 4 og § 9 a gjelder ikke sak der nær slekt eller odelsberettiget søker konsesjon fordi de ikke skal oppfylle boplikten etter § 5 andre ledd.

Ny § 9a skal lyde (understrekingene viser forskjellene mellom alternativene):

§ 9 a (priskontroll ved erverv av landbrukseiendom)

Alternativ 1. Ved avgjørelse av søknad om konsesjon på erverv av bebygd eiendom med mer enn 35 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord som skal nyttes til landbruksformål, skal det ut over momentene som nevnt i § 9 legges særlig vekt på om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling. Det skal også gjennomføres slik priskontroll ved erverv av ubebygde eiendommer som skal nyttes til landbruksformål med mindre eiendommen som erverves er en ren skogeiendom.

Alternativ 2. Ved avgjørelse av søknad om konsesjon på erverv av eiendom med mer enn 35 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord som skal nyttes til landbruksformål, skal det ut over momentene som nevnt i § 9 legges særlig vekt på om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling.

Departementet kan ved forskrift fastsette at prisvurderingen etter første ledd skal unnlates ved erverv av bebygd eiendom med brukbart bolighus hvor den avtalte prisen ikke overstiger en fastsatt beløpsgrense.

§ 13 tredje ledd skal lyde:

Kongen kan sette en frist for erververen til å søke konsesjon dersom:

1. tidsgrensen for tvangsbruk etter § 3 andre ledd overskrides.
2. erververen unnlater å bygge innen 5 år i strid med § 4 andre ledd.
3. erververen foretar bruksendring i strid med plan i henhold til § 4 tredje eller fjerde ledd.
4. erverver som nevnt i § 5 første ledd nr. 1 eller 2 ikke overholder boplikten etter § 5 andre ledd.
5. erverver som nevnt i § 5 første ledd nr. 5 ikke overholder fristen for videresalg.
6. kravet til bosetting etter § 7 tredje ledd jf. § 6 ikke overholdes.
7. *vilkårene for å erverve konsesjonsfritt etter § 5 første ledd nr. 6 eller 7 ikke er oppfylt.*

V

I forbindelse med lovens ikrafttredelse gjelder følgende overgangsbestemmelser:

1. Endringene i konsesjonsloven § 4 første ledd nr. 4, § 9 og § 9a skal gjelde i konsesjonssaker som ikke er endelig avgjort på det tidspunktet endringene trer i kraft. Vedtaket er endelig dersom klage ikke er mottatt innen klagefristens utløp, eller hvor klageadgangen etter forvaltningsloven § 28 er brukt og forvaltningen har fattet en avgjørelse i klagesaken.
2. Ved lovbestemt boplikt som har oppstått etter konsesjonsloven § 5 første ledd nr. 1 og 2 etter reglene slik de lød før endringen i denne loven, får den nye arealgrensen i konsesjonsloven § 5 andre ledd anvendelse selv om eiendommen er ervervet før loven trådte i kraft.
3. Endringen i arealgrensen skal også gjelde hvis det er fastsatt vilkår om boplikt etter konsesjonsloven § 11 og erververen har søkt og fått konsesjon med slikt vilkår fordi han ikke skulle oppfylle den lovbestemte boplikten etter § 5 andre ledd.
4. Har eier eller leier sendt kommunen melding om leieforhold med hjemmel i forpaktingsloven § 1 andre ledd, løper fristen etter jordlova § 12 a første ledd nr. 2 bokstav b andre punktum og konsesjonsloven § 5 femte ledd andre punktum fra tidspunktet da kommunen mottok meldingen.
5. Endringen i odelsloven § 2 får ikke virkning for forhold der det etter tidligere regler er oppstått anledning til å bruke odels- eller åsetesrett før endringen her tar til å gjelde.



Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2016/1093
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
162/16	Formannskapet	16.08.2016
134/16	Kommunestyret	25.08.2016

NEDRE DRAGSUND 2 - REHABILITERING AV YTTERTAK - FINANSIERING

Møtebehandling:

Eigedomsleiar Robert Myklebust møtte og orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Administrasjonen får i oppdrag å framskaffe kalkyle til komande kommunestyremøte.

Formannskapet ber om å få avklart reglar i høve anbod og låneopptak på "hastesaker"

Tilråding i Formannskapet - 16.08.2016

1. Kommunestyret godkjenner låneopptak stort kr. 2,5 mill til rehabilitering av yttertaket ved kommunens bygg Nedre Dragsund 2.
2. Plan- og byggenemnda får i oppdrag å fylgje opp prosjektet på vanleg måte.

Tilråding:

3. Kommunestyret godkjenner låneopptak stort kr. 2,5 mill til rehabilitering av yttertaket ved kommunens bygg Nedre Dragsund 2.
4. Plan- og byggenemnda får i oppdrag å fylgje opp prosjektet på vanleg måte.

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga, her
Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

1. Bilde med illustrasjon

Saksopplysningar:

Saka gjeld kommunens bygg Nedre Dragsund 2 – finansiering av naudsynt rehabilitering av yttertak.

Bakgrunn

Nedre Dragsund 2 er oppført i fire byggetrinn (1983, 1986, 1990 og 1994).

Bygget har flat takkonstruksjon med taktekkning type PVC-folie med singel som ballast. Den tekniske levetida er i Byggforskeren blad nr: 744.201 angitt til 25 år. Den tekniske levetida er såleis ute for nær sagt heile byggets taktekkning.

PVC-folier kan krympe ganske mykje over tid, og er spesielt utsatt for krymp på tak med singel-ballast. Folien kan krympe så mykje at den revner i innfestinga ved parapeten (gesims).

Teknisk tilstand

Eigedomsavdelinga fekk melding torsdag 11.8 om lekkasje i bygget. På synfaringa såg ein at folien hadde revna i innfestinga ved byggetrinn 3. Skaden hadde økt i omfang til dagen etter.

På byggetrinn 1, 2 og 3 er tilstanden så dårlig at revner kan oppstå kvar som helst og når som helst. Krymping gjer og at slukane trekker seg opp og mistar funksjonen.

Byggetrinn 4 er ca. 22 år gammalt, og ein ser at krympinga er godt i gang. Der er observert ei lekkasje inne i bygget, men det er uråd å sjå lekkasjepunktet frå utsida. På dette taket er det også for lite slukar.

Det er såleis mykje krymp på heile taket, spesielt på dei tre første byggetrinna men også på byggetrinn 4.

Priskalkyle

Eigedomsavdelinga har utarbeida ei kostnads-kalkyle for prosjektet på totalt kr. 2,5 mill. Kalkyla omfattar kostnader til rehabilitering av tak samt interne prosjektleiarkostnader.

Budsjett 2016

Det er i budsjett 2016 løyvd kr. 500 000 i planleggingsmidlar for naudsynt ombygging av delar av bygget til brannstasjon. Likeins er det i økonomiplanen for 2017 avsett kr. 3 000 000,- til utbygging av brannstasjon.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen ber om ei budsjettløyving stor kr. 2,5 mill. til naudsynt rehabilitering av yttertaket for kommunens bygg Nedre Dragsund 2.

Rente- og avdragskostnadane for eit låneopptak som skissert vurderast som akseptabel sett opp mot alternativkostnaden til utbetringar etter vasslekkasjar. Følgjekostnadane etter vasskader kan også verte kostbare i tillegg til at kommunens omdømme overfor leigetakarane kan verte skadelidande.

Tilstanden og den tekniske levetida for yttertaket er av ein slik karakter at heile yttertaket bør rehabiliterast samla. Dette er kostnadsbesparande med tanke på rigg/drift for prosjektet, samanlikna med tilsvarande kostnadar for fleire delprosjekt.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen særskilt konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilt konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Låneopptak stort kr. 2,5 mill. gir rente- og avdragskostnadar på kr. 150 000 i året gitt ein rentesats på 2,25 og 25 års nedbetalingstid.


Fosnavåg, 15.08.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust

Døme på slik det skal sjå ut, med 90graders vinkel frå takflate og opp til parapet.



Slik ser det ut i dag på byggetrinn 3



Skade på byggetrinn 3, utrivning av takfolie frå beslag





Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	MAYERT	Arkivsaknr:	2016/498
		Arkiv:	411

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
31/16	Komite for Helse og omsorg	15.06.2016
158/16	Formannskapet	16.08.2016
135/16	Kommunestyret	25.08.2016

ENGASJEMENTSTILLING SOM PROGRAMRÅDGIVAR I FLYKTINGTENESTA

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.
Seksjonsleiar May Gunn Ertesvåg møtte og orienterte.

Tilråding i Formannskapet - 16.08.2016

Det vert lyst ut ei 100% 2- årig engasjementstilling i flyktingtenesta. Løna skal dekkast av flyktingmidlane/flyktingfondet.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i komite for helse og omsorg 15.06.2016

Det vert lyst ut ei 100% 2- årig engasjementstilling i flyktingtenesta. Løna skal dekkast av flyktingmidlane/flyktingfondet.

Tilråding:

Det vert lyst ut ei 100% 2- årig engasjementstilling i flyktingtenesta. Løna skal dekkast av flyktingmidlane/flyktingfondet.

Særutskrift:

- Barn, familie og helse
- Internasjonal skule
- Personal
- Økonomi

Saksopplysningar:

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i K sak 66/15:

- «1. Herøy kommune kan ta i mot og busette inntil 10 ekstra kvoteflyktingar i 2015 og 2016. Dette kjem i tillegg til dei 10 vi har vedtatt å ta i mot i K-sak 153/09.*
- 2. Det ekstra integreringstilskotet skal gå uavkorta til arbeidet med flyktingane, jmf utrekning i saka. Avdelingane vil justere budsjettet når kommunen veit kor mange born og vaksne som kjem. Det vert lagt til grunn at det ikkje er rom for nye tiltak utover ramma av integreringstilskotet.*
- 3. Alle ressursar knytt til stillingar skal vere engasjementsstillingar på 2 år, med moglegheit for forlenging gitt den vidare situasjonen.*
- 4. Eigedomsavdelinga må skaffe private bustadar om der ikkje er ledige kommunale bustader.»*

Dei vaksne flyktingane har rett og plikt til å delta på Introduksjonsprogram for flyktingar. Det er eit opplæringsprogram som går over to år for dei fleste deltakarane. Dersom ei person kjem seg i løna arbeid, kan Introduksjonsprogrammet verte avslutta tidlegare. I andre tilfelle kan ein deltakar få innvilga eit tredje år dersom det er behov for det.

Introduksjonsprogrammet er eit heilårleg program, og det skal vere på 37,5 timar pr. veke. Det skal innehalde norsk og samfunnsfag, og anna kvalifiserande opplæringstilbod. Det kan vere språkpraksis, arbeidspraksis, eller undervising om andre tema som det er viktig at flyktingane kjenner til for å kunne delta i samfunns- og arbeidsliv. Undervising i norsk og samfunnsfag vert gitt av Internasjonal skule. Alle får 20 undervisningstimar i veka som i introduksjonsprogrammet blir rekna som 25 timar, for leksetida er inkludert i den tida. Så har dei 4 timar leksehjelp med lærar; altså får dei her 29 timar i veka.

Då blir det 8,5 timar i veka som flyktingkontoret skal finne program til den enkelte.

Når dei kjem opp på første språknivået (A1), går dei aller fleste ut i språkpraksis; av og til på ettermiddagstid, av og til heile dagar og av og til ein kombinasjon. Nokre kjem opp på nivå A1 etter eit halvt år, men dei fleste flyktingar treng eit år for å kome dit. Undervisningstilbodet blir gradvis mindre til lenger opp i språknivå dei kjem.

Det er særskilt viktig med Programrådgivar i perioden før flyktingane kan tilstrekkeleg norsk til å kunne vere i ein språkpraksisplass.

Introduksjonsprogrammet er heilårleg, dvs. at flyktingane ikkje har meir enn 5 veker ferie. Det betyr at flyktingane også må ha innhald i programmet sitt når skulen tek ferie i haust-, vinter-, og sommarferien, T. d må vi i år leige inn ferievikar i 5 veker for å dekke opp undervising til flyktingane før dei får ferie.

Det var planlagt at dei tilsette frå flyktingtenesta skulle ha fast møtetid på Internasjonal skule, og fekk eit kontor disponibelt til det. Grunna kapasitetsproblem, mellom anna på grunn av svært ressurskrevjande flyktingar vi mottok i 2015, og det at vi tok mot 18 personar, dei fleste på hausten, har dette ikkje vorte gjennomført.

Rolla til programrådgivaren vil vere å gi opplæring og informasjon i ulike tema som ikkje vert gitt av Internasjonal skule, og ha oppfølging i språkpraksis. Kunnskapen som ein får i språkpraksisen, vil då kunne vere tema for diskusjon og verte brukt i opplæringa av flyktingen. Dette er noko flyktingtenesta ikkje har kapasitet til i dag. Det vert ikkje gjort av Internasjonal skule då dei berre har ansvar for norskopplæring og samfunnsfag. Dersom programrådgivaren hadde vore på skulen i gitte periodar, ville det avlaste lærarane om spørsmål som dei får av flyktingane om ulike tema som ikkje har med norsk og samfunnskunnskap å gjere.

NAV har ikkje starta opp med faste møte på Internasjonal skule, men det er under planlegging. Formålet med dette er at flyktingen skal få informasjon om kva NAV kan hjelpe dei med, og opplæring i kva som vert kravd av oss som arbeidstakarar for å vere i arbeid. Møta vil også vere til nytte for NAV slik at dei veit kva flyktingane har behov for av hjelp etter at Introduksjonsprogrammet er ferdig. Når det nærmar seg slutten av Introduksjonsprogrammet vil det vere naturleg at det vert felles møte mellom flyktingen, NAV og programrådgivaren. Dette for å utveksle erfaring og kunnskap for å hjelpe flyktingen vidare i livet.

I flyktingtenesta er det i dag tilsett flyktingkonsulent og miljøterapeut.

Flyktingkonsulent

- Har ansvaret for å halde kontakt med IMDi vedkomande busettingar av nye flyktingar og utfordringar rundt dette.
- Sende informasjon ut til andre instansar når mottak er bestemt, kven dei er og kvar dei skal bu.
- Sende krav og passe på at vi får det vi har krav på av integreringstilskot.
- Mottak og oppfølging av flyktingane etter dei har kome til Herøy. Informere dei om det dei treng for å kunne klare seg i Herøy kommune.
- Kartlegging, informasjon og oppfølging av lovpålagte oppgåver i Introduksjonsprogrammet.
- Samarbeidsmøter med flyktingtenesta i andre kommunar (Søre Sunnmøre flyktingforum).
- Hjelper flyktingar i ulike situasjonar og problemstillingar.
- Delta i ulike samarbeidsgrupper i kommunen ved behov.

Miljøterapeut

- Syte for alt det praktiske rundt mottak og etablering av flyktingane. Det er t.d. alt frå å møblere husvære, kjøpe dei klede, til å følgje dei til politiet for pålagt registrering, og samarbeide med skule og, barnehage og helsestasjon.
- Stå til disposisjon om praktiske spørsmål kring heim, skule, NAV, flyktingtenesta, helse og liknande.

Denne opplistinga er ikkje uttømande, det er ikkje alt ein kan lage rutinar på. Mange av dei som har kome til Herøy kommune dei siste åra har hatt behov for mykje oppfølging og hjelp.

Det vil verte utarbeidd stillingsskildring for stillingane når programrådgivaren er på plass.

Kor mykje ressursar nyttar vi på flyktning i forhold til samanliknbare kommunar?

	Vedtak, flyktningar	Årsverk
Ulstein kommune	32 flyktningar	4
Ørsta kommune	28 flyktningar (+ 4 EM, dei har bv. ansvar for)	3
Hareid kommune	15 flyktningar (+ 5 EM, dei har bv. ansvar for)	2
Volda kommune	28 flyktningar	4 årsverk, og jobbar med å få på plass årsverk nr. 5

Herøy kommune har vedtak på 20 flyktningar, og har 2 årsverk i flyktingtenesta. Dette syner at Herøy kommune ligg lågare i årsverk enn nabokommunane. Forsking viser at ved å bruke ressursar på Introduksjonsprogrammet så får ein det att i andre enden ved at sosialhjelpsbudsjettet vert redusert fordi flyktingen kjem seg i arbeid og vert økonomisk sjølvstendige. Molde kommune har t.d svært god erfaring med dette.

Rælingen kommune, ein av dei kommunane som gjer det svært bra i busetjing og integreringsarbeidet, skal t.d busette inntil 40 flyktningar i 2016, og dei har 7,9 årsverk i flyktingtenesta. Herøy kommune skal busette inntil 20 flyktningar i 2016 og vi har 2 årsverk til denne oppgåva.

Herøy kommune brukar lite ressursar i flyktingtenesta samanlikna med andre kommunar. Det gjer oss svært sårbare ved fråver, og aukar slitasjen på dei som alt jobbar i denne tenesta.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen har arbeidd med nedbemanning for å få til eit nødvendig økonomisk handlingsrom. Eg er difor kritisk til alle innspel om nye driftsutgifter. Men i dette tilfellet kan det vere ein risiko for at «ein sparer seg til fant». Manglande satsing på integrering og kvalifisering for arbeidslivet, kan føre til at flyktingane ikkje kjem seg i arbeid og vert gåande på økonomisk sosialhjelp.

Introduksjonslova krev at flyktingane skal starte opp med Introduksjonsprogram innan 3 månader etter at dei kjem til busetjingskommunen. Då dei har ulikt utdanningsnivå frå heimlanda sine, er dei på ulike opplæringsnivå, og treng individuelt tilpassa opplæring. Dette er eit svært krevjande arbeid, og eit arbeid som er viktig for at flyktingane skal kome seg vidare i arbeidslivet eller utdanning. Det krev større ressursar for å klare dette enn det flyktingtenesta rår over i dag. Det er difor behov for å opprette ei toårig engasjementstilling som programrådgivar. Stillinga skal ligge i avdeling Barn- familie og helse, og høyre til i flyktingtenesta. Det er tenkt at den som får jobben, skal arbeide tett saman med Internasjonal skule og flyktingteamet.

Det å få på plass ein programrådgivar i 100% stilling vil styrke flyktingtenesta og gjere tenesta mindre sårbar då ein har fleire som kan arbeide med sakene. Ein vil også få ei langt betre oppfølging av flyktingane, noko som vil fremje god integrering i herøysamfunnet

Personen som vert tilsett i stillinga må ha 3- årig høgskuleutdanning.

Målet med denne styrkinga av tenestene er å dyktiggjere flyktingane så dei kan verte godt integrerte i herøysamfunnet og lære seg våre normer og reglar. Det vil også styrke sjansane deira til å kome seg i løna arbeid og på den måten kunne forsørgje seg sjølve, og ikkje vere avhengig av supplerande økonomisk sosialhjelp lenger enn naudsynt. Ein vil også spare driftsutgifter i høve innleige av vikarar i feriane.

Konsekvensar for folkehelse:

Det å gi betre opplæring til flyktingane, vil føre til at dei får auka livskvalitet. Ei god integrering vil fremje trivsel og evna til å kunne klare seg godt i herøysamfunnet.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjente.

Konsekvensar for drift:

Utgiftene til denne stillinga skal dekkast av integreringstilskotet som kommunen får for mottak av flyktingar. Desse midlane er meint å gå til busetjing og integrering. Denne stillinga vil såleis ikkje føre til auke i det ordinære budsjettet til kommunen.

Fosnavåg, 08.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Inger Marie Tofthagen
Avd.leiar

Sakshandsamar: May Gunn Ertesvåg

Delegerte saker frå avdelingane

DS 182/16 Herøy kajakkklubb 42/5 snr. 47 - Løyve til fasadeendring 16.06.2016 00:00:00

Herøy Kajakkklubb

DS 183/16 Fosnavåg Servicesenter as - 37/82 - Tilbygg 15.06.2016 00:00:00

Prosjektbygg as

DS 184/16 Gnr. 19 Bnr 17 - Frådeling av nausttomt 17.06.2016 00:00:00

Hilde- Britt kviebakk

DS 185/16 Mellombels bruksløyve - 4 leilegheiter - 37/295 22.06.2016

00:00:00 Moldskred as

DS 186/16 Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS - 22/77 - Grunnarbeid og oppsetting av gjerde 24.06.2016 00:00:00 Conplan as

DS 187/16 Arild Flusund - 16/21- Fasadeendring 27.06.2016 00:00:00 Arild Flusund

DS 188/16 Ferdigattest - 37/381 - 2 etg. 7 stk leilegheiter 27.06.2016

00:00:00 Prosjektbygg as

DS 189/16 Gnr. 40 Bnr 24 - Frådeling og grensejustering 17.06.2016 00:00:00

Ruben Bakke

DS 190/16 Mellombels bruksløyve - 48/3 29.06.2016 00:00:00 Vestlandshus as

DS 191/16 Torvholmen, Flåvær - Kjartan Spidsberg - 64/4 - IG rør, sanitær og utstikking 13.05.2016 00:00:00 Sporstøl Arkitekter as

DS 192/16 Karl Åsberg - 35/6 - Støttemur 22.06.2016 00:00:00 Karl Åsberg

DS 193/16 Herøy Vasslag SA - 36/48 - Tilbygg 24.06.2016 00:00:00

Byggenheim as

DS 194/16 Ferdigattest skilting 37/82 01.07.2016 00:00:00 Brand Factory

Norge as

DS 195/16 Randi Iversen Gjeldvik - 59/76 - Rehabilitering av skorstein

06.07.2016 00:00:00 Alphapipe As

DS 196/16 Marit Pauline Kvalsvik - 17/15 - Garasje 06.07.2016 00:00:00 Marit

Pauline Kvalsvik

DS 197/16 Bjørn Arne Rugledal - 13/14 - Garasje 06.07.2016 00:00:00 Bjørn

Arne Rugledal

DS 198/16 Skjenkebevilling - Fosnavåg Rock 2016 søknad om skjenkeløyve for
eit bestemt arrangement 21.06.2016 00:00:00 Fosnavåg Rock AS

DS 199/16 Mellombels bruksløyve 46/82 01.07.2016 00:00:00 Handverksbygg
as

DS 200/16 Gnr 26 bnr 5, 6 og 34 - Frådeling av tre tomter til utbygging av
bustadfelt 05.07.2016 00:00:00 B. Tarberg AS

DS 201/16 Per Gert Pettersen og Gunnhild Sundgot - 76/137 - Fritidsbustad
04.07.2016 00:00:00 KP Kleppe as

DS 202/16 Mellombels bruksløyve leilegheit 76/39 11.07.2016 00:00:00
Myklegard Consult as

DS 203/16 Reimond Flusund - 36/83 - Tilbygg/fasadeendring 15.07.2016
00:00:00 Reimond Flusund

DS 204/16 Rune Eiken 38/227 - Ferdigattest 18.07.2016 00:00:00 Bygg og
System AS

DS 205/16 Fredrik Hagemann - 40/1 - IG resterande arbeider einebustad
15.06.2016 00:00:00 B & E Partner as

DS 206/16 Ferdigattest 45/162 17.06.2016 00:00:00 Per Mulvik as

DS 207/16 Kjøp av bustadtomt 26/227 på Leinane. 20.06.2016 00:00:00
Øyvind Stokset

DS 208/16 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for eit bestemt arrangement

- AUTO MARINE FOSNAVÅG AS 21.06.2016 00:00:00 Auto Marine Fosnavåg AS
DS 209/16 Mellombels bruksløyve Skotholmen - 11/162 01.07.2016 00:00:00
Prosjektbygg as

DS 210/16 Janine Muller og Marko Polter - 59/73 - Igangsettingsløyve
08.07.2016 00:00:00 Sporstøl Arkitekter as

DS 211/16 Svein Hugås - 45/160 - 2 mannsbustad med frittliggende garasje
29.06.2016 00:00:00 Per Mulvik as

DS 212/16 Frede Uldbæk - 87/15 - Fritidsbustad 27.06.2016 00:00:00 Conplan
as

DS 213/16 Runar Kvalsund - 4/250 feste nr 1 - Flytebrygge 24.06.2016
00:00:00 Runar Kvalsund

DS 214/16 Mellombels bruksløyve - 40/50 27.06.2016 00:00:00 Ørsta
Byggservice as

DS 215/16 Kristine Helde og Sverre Ytrebø Rødset - 4/330 - Einebustad med
frittliggende garasje 22.06.2016 00:00:00 Sunnmørshus as

DS 216/16 Gnr 81 Bnr 35 - Frådeling av tilleggsareal til bnr. 28 04.07.2016
00:00:00 Daiva Melynyte

DS 217/16 Karl Johan Rødseth og Brit Ellinor Ytrebø 15/9 - Dispensasjon frå
avstandskrava i veglova for oppføring av reiskapsbod 27.07.2016 00:00:00
Karl Johan Rødseth og Brit Ytrebø

DS 218/16 Malinn Birgitte Sandhaug 36/17 - Mellombels bruksløyve
15.08.2016 00:00:00 Hedalm Anebyhus AS

DS 219/16 Ferdigattest tilbygg 4/27 13.07.2016 00:00:00 Bygg og System as

DS 220/16 Henry Berge 34/128 - Igangsetjingsløyve for deler av tiltak
02.08.2016 00:00:00 Ivar Sulebakk

DS 221/16 Prosteel AS - 38/287 - Igangsetjingsløyve for deler av tiltak

22.07.2016 00:00:00 Per Mulvik AS m.fl.

Referatsaker

Referatsaker



HAFAST

R-

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2016/216	Saksbeh.
16 JUNI 2016	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
Ark.kode	Dok.nr.

Protokoll

GENERALFORSAMLING

Tid: Mandag den 23. mai kl 10:00.

Sted: Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK), Møterom "Statfjord B".

Til stede: Gunvor Ulstein, Anette Bonnevie Wollebæk, Anders Riise, Dag Vaagen og Kjell Sandli

Til behandling forelå

Sak 1. Åpning.

a. Godkjenning av innkalling

Vedtak: Innkallingen enstemmig godkjent.

b. Godkjenning av saksliste

Vedtak: Sakslisten enstemmig godkjent.

c. Valg av møteleder

Vedtak: Gunvor Ulstein enstemmig valgt.

d. Valg av 1 person til å skrive under protokollen sammen med møteleder

Vedtak: Anette Bonnevie Wollebæk enstemmig valgt.

e. Valg av referent

Vedtak: Kjell Sandli enstemmig valgt.

f. Godkjenning av fullmakter (Skjema følger vedlagt.)

Vedtak: Fullmaktene godkjent.

Av 7587 aksjer var 1316 aksjer representert. (17%.)

Sak 2. Årsregnskap.

Vedtak: Årsregnskapet for 2015 enstemmig vedtatt.

Sak 3. Årsberetning

Vedtak: Årsberetningen for 2015 enstemmig vedtatt.

Kontoradresse:
Notenesgt, 12, 3. etasje
6001 Ålesund

Postadresse:
Postboks 122 Sentrum
6001 Ålesund

Telefon
Tel: 70 11 65 22 / 91 61 51 77

E-post:
post@hafast.no

EBW *Grum*



H A F A S T

Sak 4. Valg.

Valgkomitéens forslag til styre m/varamedlemmer	
Styreleder Gunnvor Ulstein, Ulstein Group	gj.valg, 2 år
Styremedlem Eva Vinje Aurdal, ordfører Ålesund kommune, (Ap)	ny, 2 år
Styremedlem Stig Remøy, Olympic Shipping	gj.valg, 2 år
Styremedlem Anders Riise, ordfører Hareid, (H)	gj.valg, 2 år
Styremedlem Jim Arve Røssevoll, ordfører Sula, (Ap)	ny, 2 år
Styremedlem Anette Bonnevie Wollebæk, kommunikasjonssjef Rolls-Royce	ikke på valg
Styremedlem Sølvi Lillebø Remøy, skolesjef i Herøy Kommune	ikke på valg
Styremedlem Jan Rune Hurlen, banksjef i Sparebank 1 SMN	ikke på valg
Varamedlem 1, Njål Sævik, adm. dir. Havila	gj.valg, 1 år
Varamedlem 2, Terje Høybakk, daglig leder Mafoss	gj.valg, 1 år
Varamedlem 3, Arnfinn Ingjerd, daglig leder Maritimt forum Nordvest	gj.valg, 1 år
Varamedlem 4, Ronald Dyrhol, konsernsjef Hareid Group	gj.valg, 1 år
Varamedlem 5, Ståle Rasmussen, konsernsjef Kleven	gj.valg, 1 år
Varamedlem 6, Gunnar Hareide, konserndirektør Tafjord	gj.valg, 1 år
Varamedlem 7, Stig S. Riise, Senior VP Technology & Engineering Vard	gj.valg, 1 år

Styret foreslo ordfører Knut Erik Engh, Ulstein kommune (Frp) som varamedlem 8.

Valgkomitéens forslag til revisor:
Revisor PWC, Ulsteinvik/Ålesund (gj.valg, 1 år)
Revisor honoreres etter regning.

Styrets forslag til valgkomité:
Anne Breiby (gj.valg, 1 år)
Arnulf Goksøyr (gj.valg, 1 år)
Geir Ove Vegsund (ny, 1 år)


Vedtatt: Valgkomitéens forslag til styremedlemmer ble enstemmig vedtatt.
Valgkomitéens forslag til varamedlemmer med tillegg til forslaget fra styret, ble enstemmig vedtatt.
Valgkomitéens forslag til revisor ble enstemmig vedtatt.
Styrets forslag til valgkomité ble enstemmig vedtatt.

Sak 5. Innmeldte saker.

Ingen saker er innmeldt.



Gunnvor Ulstein



Anette Bonnevie Wollebæk

Ålesund, 30.5.2016



Til generalforsamlingen i Hareid Fastlandsamband AS

Revisors beretning

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Hareid Fastlandsamband AS, som viser et underskudd på kr 428 080. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2015, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Hareid Fastlandsamband AS per 31. desember 2015, og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Ulsteinvik, 11. mai 2016

PricewaterhouseCoopers AS

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Oddvar Sandnes'.

Oddvar Sandnes

Statsautorisert revisor

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS.

Til: Aksjonærane.

**INNKALLING TIL GENERALFORSAMLING NR. 01/16.
MANDAG 27.06.16 KL 16.30.
HERØY RÅDHUS.
FOSNAVÅG.**

Sakliste:

1. Val av møteleiar
2. Godkjenning av innkallinga
3. Godkjenning av saklista
4. Val av representant til å skrive under protokollen saman med møteleiar
5. Årsrekneskap 2015. Årsmelding 2015. Revisor beretning 2015.
6. Valg av revisor.
7. Val av styremedlemmar.

6090 Fosnavåg 10.06.16.

Sign. Tor-Sindre Steinsvik.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Karl Petter Sortehaug [mailto:daglig.leder@sunnmorsbadet.no]

Sendt: 15. juni 2016 12:29


Til: postmottak

Emne: Fwd: Innkalling til generalforsamling.

Hei.

þý H e r f ý ý l g e r i n n k a l l i n g t i l g e n e r a l f o r s a m l

Mvh Karl Petter Sortehaug.



NOTAT

Til: Kommunestyre, formannskap og komite for helse og omsorg

Frå: Dokumentsenter og politisk sekretariat

Saksnr
2016/353

Arkivkode
033

Dato
16.06.2016

FOLKEHELSETILTAK FOR ELDRE - UTTALE FRÅ ELDRERÅDET 13.06.2016.

«Helse- og omsorgsplanar for eldre må i større grad enn før innehalde kommunale «eldreplanar» med folkehelseplanar for eldre

Herøysamfunnet må erkjenne utviklinga som er på gang og tenkje framtid behov for sitt sterkt voksende tal på eldre i åra som kjem.

Rapporten om folkehelsa i Herøy viser at kommunen har mange utfordringar å tak tak i for å betre folkehelsa for sine innbyggjarar.

Gjennom stortingsmeldingar, NOU'ar, høyingnotat og liknande opplever eldrerådet at regjeringa har lagt vekt på å få i gang tiltak som skaper eit meir aldersvennleg samfunn, som oppmodar til å delta og bidra, og at auka levealder vil gje fleire høve til å delta. Gjennom folkehelsetiltak og førebyggjande arbeid skal eldre få meir hjelp og oppfølging i eigen bustad etter behov. **Utvikling av velferdsteknologi er høgt prioritert.**

Folkehelsearbeid har i stor grad fram til no framstått å handle om barn, unge og overvektige voksne. Folkehelse har ikkje akkurat vore eit framtrudande kommunalt tiltaksområde for eldre så langt. Ei sak om kvardagsrehabilitering er under handsaming i kommunen, men den ber dessverre preg av å ville satse for lite. Folkehelsetiltaka for eldre har til no vore prega av at dette ikkje har vore eit satsingsområde for kommunen.

Eit hederleg unntak er opparbeiding av turstiar dei siste åra.

Folkehelsetiltak blant eldre vil i stor grad måtte være noko anna enn tiltak for barn, unge og voksne. Fotballbane, ballbingar osv. er ikkje dei mest egna folkehelsetiltaka for eldre.

Folkehelsetiltak for eldre må være kvardagstiltak tilpassa den eldre og være:

- tilpassa dei 80% meir eller mindre spreke og raske eldre
- tilpassa dei 10% eldre som skrantar
- tilpassa dei 10% eldre som er sjuke, skrøpelege og demente

Alle eldre vil ha stor nytte av forebyggjande folkehelsetiltak – også dei i omsorgsbustader og på sjukeheimane (eks. kunne komme seg ut):

- fysisk, sosial og mental aktivisering
- oppdage helsesvikt tidleg, få behandling raskt, få rehabilitering for å komme i gang att
- veiledning og brukarinformasjon – forstå og bedre takle eigen situasjon sjølv

Med 50% fleire eldre dei neste 10-15 åra, meir «bustadgjerung» av eldreomsorga og tenestetilbod som blir flytta ut til heimane, blir folkehelsetiltak blant eldre langt viktigare enn før. Folkehelse for

eldre er vel så mykje kultursak som helsesak. Folkehelseiltak må vere kvardagstiltak, meir tilpassa den enkelte eldre, og kunne nyttast av mange skal det avgrense behovsveksten.

I Herøy kommune har Herøysamfunnet (med god hjelp frå dei eldre) bygd opp fotballbaner, ballbingar, klubbhus, turstiar, grendahus, bedehus etc. Her er brukt titals millionar på prisverdige fasilitetar for gode folkehelseiltak for lokalsamfunnet, men lite er tilrettelagt av tilpassa folkehelseiltak for å ta fatt i kommunen sine folkehelseutfordringar for den eldre innbygger. Nytenkjing og ny oppgåveforståing av kommune og innbyggjarar blir krevd.

Herøysamfunnet må erkjenne utviklinga som er på gang og tenkje framtidsbehov for sitt sterkt voksende tal på eldre.

Helse- og omsorgsplanar for eldre må i større grad enn før innehalde kommunale «eldreplanar» med folkehelseiltak for eldre.

Planlegging av institusjonar som inneheld «Eldre sitt aktivitetssenter» må snarast kome i gang. Det er naudsynt for kommunen også å komme i dialog med frivillige lag og organisasjonar og ta desse med i si planlegging om vi i åra som kjem skal makte å gjennomføre nødvendige tiltak overfor den komande eldrebølga.»





R-

VANYLVEN KOMMUNE

Serviceforset

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 MOLDE

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
28 JUNI 2016	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr/Arkiv</i>	<i>Dykkar ref.</i>	<i>Avd/Saksansvarleg</i>	<i>Dato</i>
2012/571	4788/2016 / 002		SER / NORAND	27.06.2016

MELDING OM VEDTAK

Kommunereform - retningsval for Vanylven kommune

Kommunestyret handsama i møte den 21.06.2016 – sak 83/2016. Følgjande vedtak vart fatta:

1. Viser til resultat av folkeavstemminga om «Stadt» og «Runde» kommunar.
2. Nei frå Vanylven til «Stadt» kommune.
Ja frå Vanylven og Sande til «Runde» kommune.
Nei frå Herøy, Ulstein og Hareid til «Runde» kommune.
3. Intensjonsavtalane som er inngått mellom «Stadt» kommune og «Runde» kommune blir oppheva og lagt vekk.
4. Vanylven kommune består som ufrivillig eigen kommune.
Samarbeidet med dei nærliggande kommunane fortset og om mogleg blir utvida i åra som kjem.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift:

Vanylven kommune

Kåre Kvangarsnes
konsulent

Kopi: Kommunane Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Vågsøy og Selje
Ordførar
Rådgjevar Ane Malene Søvik Nygård



VANYLVEN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr:</i> 2012/571	<i>Arkiv:</i> 002	<i>Avd/Saksansv:</i> RÅD/NORAND
----------------------------	----------------------	------------------------------------

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
107/2016	Formannskapet	07.06.2016
83/2016	Kommunestyret	21.06.2016

Kommunereform - retningsval for Vanylven kommune

Tilråding:

Uprenta saksvedlegg:

Innbyggjarundersøking 2014

Innbyggjarundersøking 2015

Næringslivsundersøking 2015

Rapport frå Open Space 2014/2015

Utfordringsnotat Vanylven frå BDO-rapporten

Intensjonsavtale med Stadt kommune

Intensjonsavtale med Runde kommune

(alle dokument er tilgjengeleg på www.vanylven.kommune.no/kommunereform)

Samandrag av saka:

Prosessen med utgreiing av ny kommunestruktur starta formelt med brev den 27. august 2014 frå statsråd Jan Tore Sanner, der kommunane vart bedne om å ta del i prosessar med sikte på å vurdere og avklare om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar. Målet for kommunereforma var uttrykt slik:

- gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- berekraftige og robuste kommunar
- styrke lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver.

I det påfølgjande forventingsbrevet frå Fylkesmannen, datert 15. oktober 2014, vert det bemerkta to punkt frå Stortingvedtaket av 18. juni 2014 om kommunereforma:

- alle kommunar har ei plikt til å utgreie
- det er eit mål å sørge for gode og lokalt forankra prosessar

Vanylven kommune har i den lokale prosessen kartlagt tenestekvaliteten vår. Vi har gjennomført innbyggjarhøyringar og folkemøte og inngått intensjonsavtalar for både Runde og Stadt kommune. Innbyggjarane er informert gjennom nettsidene og eigen informasjonsavis. Folkerøysting var gjennomført den 25. april 2016 og resultatet frå folkerøystinga var 53,3 % for Runde kommune, 17 % nei og 7 % for Stadt kommune.

Saksopplysningar:

I. Oppstartsfasen

I løpet av hausten 2014 skulle alle kommunane i Møre og Romsdal ha diskutert og gjort vedtak om korleis dei ville køyre prosessen i sin kommune. Føresetnaden var at vi skulle ha god dialog med innbyggjarane, organisasjonar, næringsliv, medarbeidarar og tillitsvalde samt å engasjere ungdom.

Rådmannen vurderte tidleg at det var sett kort frist for arbeidet med kommunereforma, og etter at oppdraget var gitt frå statsråden, var saka til politisk handsaming allereie første gang den 9. september 2014, der:

"rådmannen [vil] tilrå at Vanylven kommune tek initiativ til samtalar med nabokommunane, både på administrativt og politisk nivå. På administrativt nivå ynskjer rådmannen eit mandat til å drøfte med nabokommunane om fordeling av funksjonar, infrastrukturtiltak og innhald i lokalt tenestetilbod. Dette slik at politikarane kan få lagt fram ulike utkast til funksjonsfordeling, infrastrukturtiltak og tenestetilbod, i høve til ulike tenkte kommunesamanslåingar, når vi skal ta stilling til og tilrå kva kommunestruktur som er best for Vanylvens sine innbyggjarar."

I saksframlegget var det vidare fokusert på at rådmannen ynskte at kommunen i forhandlingane med nabokommunane skulle fokusere på:

1. god økonomisk styring
2. god tenesteproduksjon
3. omstillingsevne

Dette slik at drøftingane om kommunestrukturen ikkje skulle bli ein debatt om:

1. kommunenamn
2. kommunevåpen
3. rådhusplassering

Med bakgrunn i dette var det påpeika at det er:

"[...] særst viktig at innbyggjarane våre også forstår behovet for å ha fokus på desse områda og at vi kan synleggjere moglegheitene for eit godt lokalt tenestetilbod, også når vi er ein del av ein storkommune. Vi må difor ha ein god dialog med innbyggjarane om kommunereforma og gi god informasjon om arbeidet med kommunesamanslåinga."

Det var vidare vist til inndelingslova § 10:

"§ 10. Innbyggjarhøyring. Kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring. Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte."

Rådmannen viste til at ei innbyggjarundersøking, med eit representativt utval i krinsane, ville gi eit godt grunnlag for å få fram synspunkta til innbyggjarane våre.

I tillegg til å vedta handlingsplanen, oppnemnde kommunestyret den 9. desember 2014 ei lokal kommunereformgruppe med fokus på å gjennomføre arbeidet med kommunereforma. Grappa var breitt samansett med representantar frå politiske parti, administrasjonen, næringsliv, ungdomsrådet og tillitsvalde. Ein har følgd framdriftsplan frå fylkesmannen i Møre og Romsdal:

		Frist for avgjeving	Sendringer	Frist for retningsval	Forhandlinger	Frist for avgjeving av forhandlinger	Adm. beh. innsjóns-avtale	Påske	Politisk beh. innsjóns-avtale	Frist for politisk beh. innsjóns-avtale	Innsjónsvert for politisk beh./folkerøysting	Frist for gjennomført høyring/folkerøysting	Frist adm. saksutgreiing	Politisk behandling av innsjóns-avtale	Frist for endelig vedtak
Desember	Uke 52	31. des													
	Uke 53														
	Uke 1														
Januar	Uke 2														
	Uke 3														
	Uke 4			31. jan											
Februar	Uke 5														
	Uke 6														
	Uke 7														
Mars	Uke 8														
	Uke 9														
	Uke 10														
April	Uke 11														
	Uke 12					20. mar									
	Uke 13														
Mai	Uke 14														
	Uke 15									15. apr					
	Uke 16														
Juni	Uke 17														
	Uke 18														
	Uke 19														
Juni	Uke 20														
	Uke 21														
	Uke 22														
Juni	Uke 23														
	Uke 24														
	Uke 25														
Juni	Uke 26													30. jun	

Rådmannen viser til at regjeringa la til grunn tilråding frå det såkalla «Eksperutvalet» i kommunereformsaka, og utvalet la fram tilrådingar:

«1. Kommunene bør ha minst 15 000-20 000 innbyggere for å sikre god oppgaveløsning

2. Kommunestrukturen bør i større grad nærme seg funksjonelle samfunnsutviklingsområder

3. Staten bør redusere detaljstyringen, og ordningar for politisk deltagelse bør videreutvikles for å sikre gode og slagkraftige demokratiske arenaer»

Med bakgrunn i dette var det lagt fram skisse til ei oppgåvefordeling til kommunen, der kommunen skulle få meir ansvar, til dømes hjelpemiddel, tannhelseteneste, rehabilitering m.m.

II. Utgreiingsfasen

Vanylven kommune fekk gjennom ei stor innbyggjarundersøking hausten 2014 eit statusbilete av innbyggjarane sitt syn på kommunereforma før vi starta med utgreiinga. Det var meir enn 500 som svarte på undersøkinga og det var ei positiv haldning til reformarbeidet.

Rådmannen la til grunn for arbeidet med kommunereforma at det var viktig å dokumentere og vurdere:

- tenestene til Vanylven kommune
- samfunnsutviklinga i Vanylven kommune
- vurdering av lokaldemokrati i Vanylven kommune
- samt behovet for større, robuste kommunar

Kommunen har i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i 2014 hatt innleiande møte med dei fleste av nabokommunane våre (9 av 11) samt gjennomført ein næringslivsundersøking og ei ny innbyggjarundersøking hausten 2015. Forhandlingar med moglege samarbeidskommunar var gjennomført og kommunen tok retningsval innanfor fristen den 31. januar 2016

Det var viktig for rådmannen at vi i samtalan om intensjonsavtalar hadde fokus på at tenestekvalitet er eit av dei områda som bør målast etter ei eventuell kommunesamanslåing.

Vanylven kommune hadde i 2015 køyrd prosessar for å avklare og styrke det lokale tenestetilbodet – vi gjennomførte 14 brukarundersøkingar; ei innbyggjarundersøking på samfunnsutvikling samt ei tenesteanalyse av KS gjennom Kommunekompasset.

Brukarundersøkingane viste at tenestekvaliteten i Vanylven kommune ligg på snittet for Noreg og synleggjer fokusområde for arbeid med å forbetre kommunen sine tenester. Fokus på å forbetre tenestene er viktig, både i det vidare arbeidet som eigen kommune og sjølvstøtt og ved ei samanslåing med andre kommunar.

Innbyggjarundersøkinga om samfunnsutviklinga og vurdering av lokaldemokratiet var sendt ut til 2 600 innbyggjarane, som er tilsvarande alle innbyggjarane over 18 år. Det var 789 innbyggjarar som svarte på denne undersøkinga. Det tilsvarar 30 % av våre innbyggjarar over 18 år. Undersøkinga syner at Vanylven kommune har eit stort forbetringspotensial i forhold til samfunnsutvikling.

Vurdering av lokaldemokratiet som kjem under ”Møte med din kommune” er lågt, men har tilsvarande resultat som for andre kommunar. I tillegg til å gi viktig informasjon til arbeidet med kommunereforma, er desse undersøkingane/analysane sjølvstøtt og viktige i det kontinuerlege arbeidet med å forbetre kommunen sitt arbeid på dei fire kjerneområda.

Tenesteanalysen gjennom KS sitt Kommunekompass synleggjer måten kommune jobbar på. Denne rapporten tydeleggjer to område som det er nødvendig å ha fokus på, og dette er service og arbeidsgjevarepolitikken.

Med bakgrunn i desse undersøkingane og analysane, vurderer rådmannen det slik at det er mogleg for kommunen å oppnå god tenestekvalitet; ha ei god samfunnsutvikling; forbetre lokaldemokratiet og ha fokus på service og arbeidsgjevarepolitikk – både som eigen kommune og i samarbeid med andre.

Rådmannen vil likevel understreke at det uansett er nødvendig med samarbeid med andre kommunar på kompetansekrevjande områder, som til dømes IKT, barnevern, planlegging og økonomi. Dette er områder som rådmannen legg til grunn ikkje blir liggjande organisatorisk i Vanylven kommune dersom vi står åleine, sjølv om arbeidsplassane ikkje blir flytta – det blir her vist til Meld.St. 14 "Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner", side 24:

" I lys av kommunereformens mål og prosess vil det samtidig være naturlig å utrede og belyse andre vilkår enn at det foreligger for store geografiske avstander som grunnlag for å pålegge kommuner å samarbeide. Formålet med en slik samarbeidsregel vil være å sikre innbyggerne et faglig forsvarlig tilbud. Enkelte slike hjemler eksisterer i dag i særlovgivningen, og en generell hjemmel vil kunne erstatte disse særbestemmelsene. Den aktuelle kommunens fagkompetanse vil være sentral for vurderingen av når det vil kunne være aktuelt å anvende bestemmelsen. Departementet vil også utrede om pålegget skal kunne brukes for å sikre innbyggernes rettssikkerhet i kommunalforvaltningen. I utredningen vil det også vurderes om man på forhånd kan angi særskilte tjenestoområder som vil kunne være aktuelle for pålagte samarbeid. Den framtidige kommunestrukturen og omfanget av nye oppgaver til kommunene vil kunne avgjøre omfanget av slike pålagte samarbeid. Departementet tar sikte på å fremme forslag for Stortinget om dette våren 2017 [...]"

Dersom Stortinget besluttar å samle dei kompetansekrevjande fagområda for fleire kommunar, vil eit alternativ til ei kommunesamanslåing vere «kommuneblokkmodellen», slik Geir Vinsand skriv om i ein artikkel i Dagbladet den 30. mai 2016:

«Tosporsløsningen. Den åpner for økt interkommunalt samarbeid gjennom "kommuneblokker" som et alternativ til kommunesammenslåing. Mens regjeringen har frarådet mot økt interkommunalt samarbeid fordi det anses som udemokratisk, og gjort samarbeidsmodellen som kalles "samkommune" ulovlig, mener Vinsand det er gode argumenter for å gi norske kommuner samme valgalternativ som danske kommuner fikk: Valget mellom en ny regionkommune eller en ny forpliktende samarbeidsstruktur som tilfredsstillende de nasjonale inndelingsprinsippene. »

Med ei slik løysing vil Stortinget gå vekk i frå generalistkommunane, og dette vil bety at den geografiske inndelinga vil bli uendra, medan tenestetilbodet blir differensiert.

Utfordringane blir å sikre god demokratisk styring dersom Stortinget vel «Kommuneblokk»-modellen med interkommunale samarbeid, men dette kan løysast med prinsippa som låg til grunn for samkommunemodellen.

III. Beslutningsfasen

I samband med kommunereformarbeidet måtte det veljast eit forhandlingsutval frå kommunen. I saksutgreiinga var det definert at utvalet, som i nabokommunane burde bestå av ordførar, varaordførar, gruppeleiar i det største opposisjonspartiet og rådmann og formannskapet fatta følgjande vedtak i møte den 19.11.2015 – sak 146/2015:

«Til forhandlingsutval i samband med kommunereforma vert desse valde: Ordførar Lena Landsverk Sande, Varaordførar Bjarne Tætrenes, Gruppeleiar i Ap Stålar Jan Løvoll, Rådmann Andreas Chr. Nørve»

Vanylven kommune gjekk i starten av 2016 inn i den siste fasen (beslutningsfasen) i kommunereformarbeidet og spørsmålet var om vi i utgreiingsfasen har evna å innfri dei forventningane vi la for arbeidet i oppstartsfasen i 2014:

1. Kva er viktig for innbyggjarane ved ei eventuell kommunesamanslåing?
2. Har kommunen utad klart å skape forståing for arbeidet med kommunereforma?

Det er ikkje føremålstenleg å gjere ei eigenvurdering på slike spørsmål og vi byggjar difor på innbyggjarundersøkinga frå november 2015.

Når det gjeld kva som er viktig for innbyggjarane, viser innbyggjarundersøkinga følgjande:

- 79 % stå saman for å utvikle næringsliv og arbeidsplassar
- 65 % betre moglegheiter for arbeidspendling
- 62 % sikre god representasjon frå Vanylven i det nye kommunestyret
- 60 % vidareføre drift av skuler og barnehagar i Vanylven

Dette tydeleggjer at vi i Vanylven kommune har unngått at kommunereforma har blitt ein debatt om plassering av rådhuset og namn på kommunen, men at fokuset er kva samfunnsutvikling og tenester innbyggjarane meiner er viktige for Vanylven kommune.

Når det gjeld spørsmålet om kommunen har klart å skape forståing for arbeidet med kommunereforma, er svaret frå innbyggjarundersøkinga:

- 54 % av innbyggjarane er nøgd med kommunen si leiing av arbeidet
- 31 % av innbyggjarane er nøgd med staten si leiing av arbeidet

Vi kan difor kunne konkludere med at kommunen har lukkast med involvering av innbyggjarane i denne saka. Tilsvarande resultat var det i næringslivsundersøkinga, der 58 % var nøgd med kommunen si leiing av kommunereformarbeidet.

I den siste fasen var det fokus på retningsval, intensjonsavtalar og innbyggjarhøyring og kommunestyret la føringar for dette arbeidet i vedtak av 8. desember 2015:

”Vanylven kommunestyre vil at arbeidet med å framforhandle intensjonsavtalar med nærliggande kommunar må fortsette. Vi skal forhandle med Sande, Ulstein, Herøy og Hareid, på lik linje som vi forhandlar med Selje, Vågsøy og Eid kommune. Det skal gjennomførast ei rådgevande folkeavstemming over dei ulike alternativa.”

Med bakgrunn i dette vedtaket la rådmannen til grunn at det skal utarbeidast intensjonsavtaler og/eller utkast til intensjonsavtalar som skal leggjast fram til innbyggjarane for høyring.

Rådmannen vurderte det slik at det ville vere to ulike alternativ for å kunne lukkast med ein samanslåingsprosessen:

1. Forpliktande fordeling av tenesteområde med ein viss varigheit
2. Forpliktande avtale om følgjande arbeidsmetode:
 - a. ikkje gå raskare fram enn at du får med deg alle kommunane
 - b. alle kommunane må vere einige om avgjerslene
 - c. krav om at alle kommunane skal bli einige

Rådmannen viser til at i intensjonsavtale for både Runde og Stadt kommune er lagt til grunn det første alternativet om ei forpliktande fordeling av tenesteområda som utgangspunkt.

Alternativet for Stadt kommune la i hovudsak til grunn ei fordeling av bestemte stillingar, medan det for Runde kommune i hovudsak var lagt til grunn ei rein prosentfordeling. For Runde kommune kartla Vanylven kommune difor relevante stillingar for alle kommunane. Deretter innhenta vi stillingstalet for ei tilsvarande kommune i folketal, som var Hamar kommune, for å sikre at

Folketal	30 121	28 406	8 972	3 256	8 430	5 189	2 559
Avdeling	Hamar	Runde	Herøy	Vanylven	Ulstein	Hareid	Sande
Personal- og organisasjon	6	15,60	5,00	1,90	4,50	3,40	0,80
NAV (kommunal del)	35,6	13,70	6,00	2,00	2,50	2,00	1,20
Flyktningtenesta	10	7,60	2,00	1,00	3,00	1,00	0,60
Servicetorget	9	19,60	5,50	3,30	3,30	3,30	4,20
Økonomiavdeling	27,9	25,60	7,00	3,30	5,50	5,80	4,00
Landbrukskontor	7	6,00	1,72	1,00	1,16	1,12	1,00
Politisk leiing	2	5,62	1,20	1,12	1,20	1,00	1,10
Pleie- og omsorgsavdelinga	8	14,50	5,50	3,50	3,50	1,00	1,00
Rådmann	2	6,80	1,00	1,80	2,00	1,00	1,00
Dokumentsenter og politisk sekr.	10,8	6,80	2,50	1,00	1,50	1,00	0,80
IKT (SSIKT stillingar fordelt)	11,61	15,34	4,26	2,46	5,89	1,73	1,00
Folkehelse	6	2,00	0,50	0,50	0,50	0,50	0,00
Innkjøp	3	1,00	1,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Kultur	7	8,30	2,00	1,80	3,00	1,00	0,50
Eigedomsavdeling	2	12,00	6,00	0,00	4,00	2,00	0,00
Skuleavdelinga	7	9,50	3,00	1,00	3,10	1,00	1,40
PPT	10	15,69	4,50	2,10	4,75	2,64	1,70
Barnehage	1	3,00	1,00	0,50	0,50	1,00	0,00
Barn, familie og helse(lege)	43,2	28,90	9,50	5,10	7,00	4,50	2,80
Utvikling, teknisk og brannsjef	44,4	44,43	14,00	6,00	10,60	11,30	2,53
Kommuneadvokat	4	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Årsverk totalt	257,51	261,98	83,18	39,38	67,50	46,29	25,63


Årsverk per 1000 innbyggjarar	8,55	9,22	9,27	12,09	8,01	8,92	10,02
-------------------------------	------	------	------	-------	------	------	-------

Rådmannen legg til grunn at det skal fordelast 242 stillingar, dersom strategisk leiing i Myr skal ha 20 stillingar. Vanylven kommune skal ha 15 % av dei 242 stillingane, noko som vil utgjere 36 stillingar.

Rådmannen vurderer det slik at Vanylven kommune i framtida, uavhengig av resultat for kommunereforma, vil ha mellom 20 og 36 stillingar på rådhuset i 2020.


Fordeling av stillingar

pr. 2016 og fordelt i henhold til intensjonsavtalane




Dersom vi blir ståande åleine, er vurderinga til rådmannen at vi må søkje tettare samarbeid på fleire fagområde, slik vi i dag har det på IKT. Rådmannen har i denne samanhengen fokus på at vi mellom anna får sentralbordfunksjonen for kommunane i nærområdet. Såleis vil vi sikre trygge og gode arbeidsplassar på rådhuset, uavhengig av resultatet av kommunereforma. Rådmannen vil peike på at Vanylven kommune disponerer fiber over heile Søre Sunnmøre og Nordfjord, noko som er ein føresetnad dersom vi skal ta over sentralbordet med tilhøyrande funksjonar, som til dømes styring av videokonferansar.

Vanylven kommune vil uansett resultat fokusere på å forbetre oss på tenestane, både overfor innbyggjarane, tilsette og det politiske miljøet. Dette er eit arbeid som starta i samband med arbeidet med kommunereforma og som vi vil fokusere på framover, åleine eller i samarbeid med andre. Dette gjer vi for å sikre gode tenester, som er nødvendig for å skape eit samfunn som sikrar folketalsvekst:




Ein av grunnsteinane for å kunne fokusere på kvaliteten i tenestane, er god økonomistyring. Vanylven kommune viser her til at vi uansett ståstad har eit godt utgangspunkt og viser til gjeld og netto driftsresultat.

Gjeld pr innbyggjar (- 2019) og netto driftsresultat (2014)



I Inndelingslova er det eit krav at innbyggjarane skal høyrast og at dette bør skje når samanslåingsalternativa er klare. Vanylven kommune har på dette området vore aktive. Vi har i tillegg til folkerøystinga no i april hatt to eigne innbyggjarundersøkingar samt to undersøkingar som Sunnmøre Regionråd har utført – men for å kunne tydeleg syne utviklinga, har ein nytta eigne undersøkingar, sidan spørsmåla i størst grad var samanliknbare.



Resultatet av folkerøystinga 25.04.2016 er som følger

Resultat folkerøysting, 25.04.2016



Sitat frå departementet sitt oppdragsbrev til fylkesmannen:

«Alle kommuner skal fatte kommunestyrevedtak innen sommeren 2016, og disse skal meldes inn via Fylkesmannen. I tillegg skal Fylkesmannen på selvstendig grunnlag gjøre en vurdering av om de samlede kommunestyrevedtakene der det legges vekt på helheten i regionen og fylket. I Fylkesmannens tilbakemelding til departementet bes det om at det blir gjort en vurdering om vedtakene er i tråd med hovedpunktene i reformen, jfr. kap 4 i kommuneproposisjonen for 2015.»

Med bakgrunn i dette vil rådmannen tilrå at politikarane tek eit standpunkt i saka og gir ei tilråding uavhengig av dei andre kommunane.

Vurdering og konklusjon:

Kommunestyret vedtok i møte den 12.01.2016 følgjande tre alternativ i kommunesamanslåingsprosessen:

1. Ytre søre Sunnmøre med kommunane Sande, Ulstein, Herøy og Hareid
2. Nordfjord med kommunane Vågsøy og Selje
3. Vanylven skal bestå som eigen kommune

Resultatet frå folkerøystinga gav følgjande resultat

1. Ytre søre Sunnmøre med kommunane Sande, Ulstein, Herøy og Hareid
2. Vanylven skal bestå som eigen kommune
3. Nordfjord med kommunane Vågsøy og Selje

Rådmannen tilrår at Vanylven kommune gir eit alternativ til kommunesamanslåing i tillegg til det å stå åleine – dette for å unngå at vi blir sett på som «å stå frivillig åleine».

Vidare er det klart at dersom vi får forhandla fram eit nytt alternativ, vil ikkje vedtaket vårt i juni 2016 vere ei hindring for å sende inn eit nytt vedtak til fylkesmannen innan september 2016.

Fiskå, 23.05.2016

Andreas Chr. Nørve

rådmann

Handsaming i formannskapet:

Framlegg frå Ap og Sp v/Ottar Jan Løvoll:

1. Viser til resultat av folkeavstemminga om «Stadt» og «Runde» kommunar.
2. Nei frå Vanylven til «Stadt» kommune.
Ja frå Vanylven og Sande til «Runde» kommune.
Nei frå Herøy, Ulstein og Hareid til «Runde» kommune.
3. Intensjonsavtalane som er inngått mellom «Stadt» kommune og «Runde» kommune blir oppheva og lagt vekk.
4. Vanylven kommune består som ufrivillig eigen kommune.
Samarbeidet med dei nærliggande kommunane fortset og om mogleg blir utvida i åra som kjem.
5. Vanylven kommune vil vere i ein open dialog med nabokommunane.

Fellesframlegg frå V, Krf, Frp og H:

Vanylven kommune viser til folkerøystinga, og rår til ein storkommune saman med Hareid, Ulstein, Herøy og Sande (Runde kommune).

Vi registrerer at folkerøystingane i Ulstein, Herøy og Hareid ikkje ynskjer ein storkommune.

Vanylven kommune tek sikte på å halde ope for dialog med nærliggande kommunar, med tanke på framtidig samanslåing.

Votering:

5 røyster for fellesframlegget.

2 røyster for framlegget frå Ottar Jan Løvoll.

VEDTAK:

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommune viser til folkerøystinga, og rår til ein storkommune saman med Hareid, Ulstein, Herøy og Sande (Runde kommune).

Vi registrerer at folkerøystingane i Ulstein, Herøy og Hareid ikkje ynskjer ein storkommune.

Vanylven kommune tek sikte på å halde ope for dialog med nærliggande kommunar, med tanke på framtidig samanslåing.

Handsaming i kommunestyret:

Framlegg frå Ap og SP v/Ottar Jan Løvoll:

1. Viser til resultat av folkeavstemminga om «Stadt» og «Runde» kommunar.
2. Nei frå Vanylven til «Stadt» kommune.
Ja frå Vanylven og Sande til «Runde» kommune.
Nei frå Herøy, Ulstein og Hareid til «Runde» kommune.
3. Intensjonsavtalane som er inngått mellom «Stadt» kommune og «Runde» kommune blir oppheva og lagt vekk.
4. Vanylven kommune består som ufrivillig eigen kommune.
Samarbeidet med dei nærliggande kommunane fortset og om mogleg blir utvida i åra som kjem.

Framlegg frå ordførar Lena Landsverk Sande:

1. Vanylven søker om å bli ein del av ei større kommune saman med kommunane på ytre søre Sunnmøre.
2. Vanylven kommunestyre viser til folkerøysting av 25.04.16, der folket rår til ei kommunesamanslåing. Totalt svarte 61% ja til samanslåing. 53% av dei røystande stemde for Runde-alternativet (Hareid-Ulstein-Herøy-Sande-Vanylven). Tre av kommunane har gjennom folkerøysting sagt nei, medan Vanylven og Sande har sagt ja.
3. Vi har fått stadfesting frå Fylkesmannen på at vi framleis kan forhandle i høve samanslåing. Eit evt. nytt vedtak må vere stadfesta av kommunestyret innan 1. september.
4. Vanylven kommunestyre held ope for samtalar med nærliggande kommunar, med tanke på framtidig samanslåing.

Votering:

Først vart framlegget frå Ap og Sp v/Ottar Jan Løvoll sett opp mot tilrådinga frå formannskapet.

12 røyster for framlegget frå Ap og Sp v/Ottar Jan Løvoll.

9 røyster for tilrådinga frå formannskapet.

Deretter vart framlegget frå ordføraren sett opp mot framlegget frå Ap og Sp v/Ottar Jan Løvoll.

12 røyster for framlegget frå Ap og Sp v/Ottar Jan Løvoll.

9 røyster for framlegget frå ordføraren.

VEDTAK:

1. Viser til resultat av folkeavstemminga om «Stadt» og «Runde» kommunar.
2. Nei frå Vanylven til «Stadt» kommune.
Ja frå Vanylven og Sande til «Runde» kommune.
Nei frå Herøy, Ulstein og Hareid til «Runde» kommune.
3. Intensjonsavtalane som er inngått mellom «Stadt» kommune og «Runde» kommune blir oppheva og lagt vekk.
4. Vanylven kommune består som ufrivillig eigen kommune.
Samarbeidet med dei nærliggande kommunane fortset og om mogleg blir utvida i åra som kjem.

– Må endre oss i takt med samfunnet

– Lensmannskontora vart oppretta i ei tid med heilt andre kommunikasjonar enn vi har i dag. I tillegg har vi skjerpa krav til arbeidstid og vi har skjerpa krav til tryggleik for menneska. Dertil kjem at vi har eit heilt anna kriminalitetsbildet enn berre for nokre ti-år sidan – mellom anna stor mobilitet. I sum gjer desse faktorane at vi må gjere endringar i kontorstrukturen for lensmannskontorar, sa politimeister Ingar Bøen då han måndag møtte ordførarar og rådmenn frå Sunnmøre.

Dette var det tredje og siste møtet med politiske og administrative leiarar i kommunane i heile fylket og Bøen gjentok budskapet om at han ynskjer sterk medverknad frå kommunane i arbeidet med i skape ei betre polititeneste i politidistriktet.

– Vi ynskjer kommunal medverknad for å forstå kva utfordringar dei ulike delane av politidistriktet har. Dette skal skje gjennom ei styringsgruppe der alle berørte kommunar er invitert til å delta, sa politimeisteren.

Det første møtet i gruppa vert 22. juni og allereie 15. oktober må det leggest fram premissar som gjer det mogleg for politimeisteren å trekke sine konklusjonar.

Bøen gjekk i si innleiinga om nærpolitireforma langt i å vedgå at polititenesta ikkje har vore god nok mange stadar. At terskelen for å rykke ut i samband med hendingar i distrikta har vorte altfor høg. Tankegangen kan sjå ut til å ha vorte at ein ikkje kan tømme byen for politi.

– Eg er ikkje uroleg for dei store hendingane – til dømes på sokkelen. Når det verkeleg røyner på fungerer godt politiet. Mi bekymring handlar om korleis vil skal greie å gje utkantane ein beredskap som er god nok, sa han.

Politimeisteren viste til at kommunane også har vorte nøydde til å gjere strukturelle grep i sine tenester.

– Vi har ikkje unngått å legge merke til at det har vorte færre skular dei siste åra. På same måten må vi gjere det. Vi må få ei betre polititeneste igjen for pengane og det håper eg at kommunane kan vere med oss finne fram til.

Kommunerepresentantane frå Sunnmøre var særleg interesserte i den prosessen som no skal innleiast.

Politimeisteren streka under at dei både skal vere med å påverke tenestestrukturen gjennom styringsgruppa, men dei skal også få uttale seg konkret til det framlegget han lage innan 15. oktober. Dessutan vil dei få ein ny sjanse til å klage på den endelege avgjerda til politidirektøren som kjem 1. februar 2017.

Herøyordførar Arnulf Goksøyr (H) runda av møtet mellom politimeisteren og sunnmørskommunane med fylgjande spissformulering:

– Eg er glad for å kunne konstatere at vi har fått ein politimesister som er på lag med folket. Din manglande arroganse vil du tene stort på, sa han vendt til Bøen.

Fra: Ingvild Liadal [<mailto:ingvild.liadal@sunmoreregionrad.no>]

Sendt: 16. juni 2016 10:39

Til: Anders Riise; Andreas Chr. Nørve; anne.berit.loset@stordal.kommune.no; Ann-Heidi Paulsen Orvik; Arne Sandnes; Arnulf Goksøyr; Asle Giske; Astrid Eidsvik; Bent Arild Grytten; Bente Glomset Vikhagen; Dag Olav Tennfjord; Dag Vaagen; Einar Vik Arset; Eva Hove; Eva Mariann Vinje Aurdal; Geir Inge Lien; Valderhaug Harry; JanTry; Jim Arve Røssevoll; Jørgen Amdam; Karen Simonnes Aanes; kjalie@stranda.kommune.no; Lena Landsverk Sande; Leon Aurdal; Larssen Marit Elisabeth; mhmg@sykkylven.kommune.no; Odd Jostein Drotninghaug; Oddvar Myklebust; Olaus-Jon Kopperstad; Knut Erik Engh; Rune Sjurgard; Stein Aam; Synnøve Vasstrand Synnes; tone.roaldsnes@vestnes.kommune.no; Tor Helge Stavdal; Hanken Turid; Wenche Solheim; Krogsæter Vebjørn; Geir Peter Aure

Kopi: Jan Kåre Aurdal

Emne: Referat: Møte med Møre og Romsdal politidistrikt

Medlemskommunane i regionrådet hadde måndag 13. juni møte med politiet i Møre og Romsdal, formålet vart informasjon og diskusjon om politireforma.

- Vedlagt ligg referat frå kommunikasjonsrådgjevar Olav Sindre Rise, Møre og Romsdal politidistrikt.

Vennlig hilsen

Ingvild Liadal

Tlf 70 16 23 61/950 37 657



www.sunmoreregionrad.no

R-

HOVUDUTSKRIFT

FOR

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

REPRESENTANTSKAPSMØTE

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2016/554	Saksbeh.
29 JUNI 2016	
Ark.kode P	
J. nr.	D. nr.
Kassasjon	

Møtedato: 9. mars 2016
Tidspunkt.: Kl. 13.00 – 14.45

Som medlemmer møtte:

Arnulf Goksøyr, Mona-Grethe Ryssevik
Knut Erik Engh, Magne Gurskevik, Per Botnen
Kjetil Nasset
Dag Vaagen, Marion Flatøy Bringsvor

Følgende medlemmer møtte ikke: Thor-Sigmund Garvik, Per Kristian Furø og Anders Riise

Som varamedlemmer møtte: Solveig Båtsvik (for Thor-Sigmund Garvik) og Gerd Kopperstad (for Per Kristian Furø)

Frå styret møtte:

George Fulford, Einar Warholm, Edel K. Goksøyr, Håkon Vestnes og Ole Andreas Sæther

Frå administrasjonen møtte:

Einar Heimdal, Rune Tarberg, Jostein Husøy og Linn Urke Osnes

Saker som vart handsama: Sakene R01/16 – R05/16

Vedtaksaker:

SAK NR R01/16

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak samr.:

Innkallinga og saklista vart godkjend.

Forts.

Forts.

SAK NR R02/16

VALG AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG DAGLEG LEIAR)

Vedtak, samr.:

Arnulf Goksøy og Kjetil Nesset skriv under protokollen saman med leiar Knut Erik Engh (og dagleg leiar).

SAK NR R03/16

UTBYGGINGAR AV NYE MILJØSTASJONAR I HERØY OG SANDE

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner utvidinga i prosjekta med nye miljøstasjonar i Herøy og Sande, og gir selskapet løyve til å utvide låneramma med 10 millionar kroner.

SAK NR R04/16

STATUS OG VIDARE FRAMDRIFT VEDR. SLAMTØMING

Vedtak, samr.:

- 1) Representantskapet ber styret gjennomgå og endre § 5 i forslaget til slamforskrift, og endre denne til lokale tilhøve. Deretter må det nye forslaget sendast så snart som muleg til kommunane for ny behandling der.
- 2) Under føresetnad av at 3 av dei 4 eigarkommunane vedtar slamforskrifta innan kort tid, legg SSR slamtøminga ut på anbod igjen i regi av SSR.

SAK NR R05/16

EVENTUELLE ORIENTERINGAR

Styreleiar og dagleg leiar orienterte om det økonomiske resultatet for 2015 og den nye miljøstasjonen i Saunesmarka. Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Ulsteinvik, 11. mars 2016

Knut Erik Engh
representantskapsleiar



Arnulf Goksøy



Kjetil Nesset



Einar Heimdal
dagleg leiar



HOVUDUTSKRIFT

FOR

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 19. mai 2016
Tidspunkt.: Kl. 10.00 – 12.15

Som medlemmer møtte:

Arnulf Goksøyr
Knut Erik Engh, Magne Gurskevik
Anders Riise
Dag Vaagen, Marion Flatøy Bringsvor

Følgende medlemmer møtte ikke: Mona-Grethe Ryssevik, Thor-Sigmund Garvik, Per Kristian Furø,
Per Botnen og Kjetil Nesset

Som varamedlemmer møtte: Solveig Båtsvik (for Thor-Sigmund Garvik), Olav Sæter (for Per Botnen)
og Ingebjørn Grimstad (for Kjetil Nesset)

Frå styret møtte:

George Fulford, Einar Warholm, Edel K. Goksøyr, Margaret Leinebø, Håkon Vestnes og Ole Andreas
Sæther

Frå administrasjonen møtte:

Einar Heimdal, Rune Tarberg, Laila Fure og Linn Urke Osnes

Andre:

Revisor Einar G. Løkken

Saker som vart handsama: Sakene R06/16 – R14/16

Forts.

Forts.

Vedtakssaker:

SAK NR R06/16

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak samr.:

Innkallinga og saklista vart godkjend.

SAK NR R07/16

VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG DAGLEG LEIAR)

Vedtak, samr.:

Magne Gurskevik og Dag Vaagen skriv under protokollen saman med leiar Knut Erik Engh (og dagleg leiar).

SAK NR R08/16

GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2015, STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2015, REVISOR SI BERETNING OG HANDSAMING AV OVERSKOT

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner årsrekneskapet for 2015, styret si årsmelding for 2015, revisor si beretning og handsaming av overskot.

SAK NR R09/16

GODKJENNING AV EIGARMELDING 2015

Vedtak, samr.:

Representantskapet tar SSR si eigarmelding for 2015 til vitande og ber om at meldinga blir oversendt til eigarkommunane.

SAK NR R10/16

GODKJENNING AV HONORAR TIL REVISOR ETTER REKNING

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner honorar til revisor etter rekning for 2015, med kr 85.000 (ekskl. mva.) i ordinært revisjonshonorar og kr 57.000 (ekskl. mva.) for andre tenester.

Forts.

Forts.

SAK NR R11/16
REVISJON AV SELSKAPSAVTALA

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner den nye selskapsavtala og rår til at kommunestyra i eigarkommunane gjer eit likelydande vedtak.

SAK NR R12/16
REVISJON AV EIGARSTRATEGIEN

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner den nye eigarstrategien og rår til at kommunestyra i eigarkommunane gjer eit likelydande vedtak.

SAK NR R13/16
VAL AV STYRE OG FASTSETTING AV STYREGODTGJERSLE

Vedtak, samr.:

Representantskapet viser til valkomitéen sitt framlegg og gjer følgande val:

1. Styremedlemmer:
 - George Fulford (ikkje på val, på val i 2017, vald som styreleiar til 2017)
 - Håkon Vestnes (vald for 2 år, til 2018, vald som nestleiar til 2018)
 - Gro Anita Engh (ikkje på val, på val i 2017)
 - Edel K. Goksøy (ikkje på val, på val i 2017)
 - Margaret Leinebø (vald for 2 år, til 2018)
 - Truls Håbakk (vald for 2 år, til 2018)
 - Ole Andreas Sæther (tilsette sin representant i styret)
2. Representantskapet vedtar å auke styresatsane for 2016 i tråd med kommunal deflator (2,7 %).

SAK NR R14/16
KORT ORIENTERING OM DRIFTA I SSR v/STYRELEIAR OG DAGLEG LEIAR

Vedtak, samr.:

Representantskapet tar orienteringa til vitande, og ber styret om følgande:

1. Representantskapet ber styret legge fram ei eiga sak om framtidig organisering av næringsverksemda i selskapet til representantskapsmøtet i november 2016. Dette i tråd med nye føringar frå kommunal- og moderniseringsdepartementet om organisering av interkommunale selskap og næringsverksemd.

Forts.

Forts.

2. Representantskapet ber styret vurdere benchmarking mot andre selskap i bransjen.
3. Representantskapet rår styret til å organisere slamtøminga på følgende måte:
 - a) Herøy og Sande blir organisert som i dag, der SSR køyrer anbudsprosessen og har kontrakt med den valgte entreprenøren. Sjølvkostfonda blir då fortsatt liggande i kommunane.
 - b) Ulstein har vedtatt og Hareid vedtar den nye slamforskrifta. Dermed overtar SSR ein større del av ansvaret, inklusiv sjølvkostfondet for private slamavskiljarar, frå 1. januar 2017.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Ulsteinvik, 23. mai 2016


Knut Erik Engh
representantskapsleiar


Dag Vaagen


Magne Gurskvik


Einar Heimdal
dagleg leiar

Fra: Laila Kaspersen Lundin [mailto:mlkl@udi.no]

Sendt: 6. juli 2016 10:44

Til: 'Hegratunet AS'; Hero; 'Levanger kommune'; Hallstein; 'Lukas Stiftelsen'; Nord-Norsk Mottakssenter AS; Norsk mottaksdrift; 'Røros kommune'; 'Steinkjer Kommune'; 'SteinkjerSannan'; 'Sunndal kommune'; 'Tingvoll kommune'; Grong kommune; Halså kommune; Postmottak Hareid; Hemne kommune; postmottak; Hitra kommune; Holtålen kommune; Kristiansund kommune; Meråker kommune; Molde kommune; Namsos kommune; Snåsa kommune; Stjørdal kommune; Trondheim kommune; Ulstein Postmottak; Verdal kommune; Vestnes kommune; V-Postmottak ; Ålesund kommune

Emne: Informasjon om situasjonen i asylmottakssystemet

Vedlagt ligger informasjon om situasjonen i asylmottakssystemet. Brevet sendes alle vertskommuner og driftsoperatører.

Med vennlig hilsen

Laila Kaspersen Lundin

førstekonsulent

Region- og mottaksavdelingen, Regionkontor Midt Norge

+47 407 07 338

UDI

Utlendingsdirektoratet

www.udi.no



Redd et tre – ikke skriv ut denne e-posten med mindre det er nødvendig!



Til alle driftsoperatører og vertskommuner for asylmottak

Deres ref:

Vår ref: 16/03948-1

Dato: 05.07.2016

Informasjon om situasjonen i asylmottakssystemet og mottaksberedskap i 2016

Etter å ha opplevd en ny rekord i antall asylsøknader i fjor sett under ett, og over 8000 søknader per måned i oktober og november, ser vi nå historisk lave ankomster av asylsøkere.

Det har kommet 1678 asylsøkere til sammen til Norge i årets seks første måneder. Det er 64 prosent færre enn i samme periode i fjor, og de laveste halvårstallene siden 1997. Saksbehandlingstakten er høy, mye på grunn av oppbemanning av asylavdelingen i UDI etter ankomstene i fjor. Dette gjør at beboertallene i norske asylmottak faller. Det er i dag en god del ledig kapasitet i asylmottakene.

Samtidig er det stor usikkerhet knyttet til ankomstene fremover. Vi vet ikke om Norge igjen på kort tid kan oppleve en sterk økning. Vi ser at Sverige til nå i år har tatt imot omtrent ti ganger så mange asylsøkere som Norge, så selv om det finnes mange hindringer på veien til og gjennom Europa, er det ikke umulig at vi får en økning i det som pleier å være høysesongen - sensommer og høst.

Vi har tidligere i år avlyst nye anskaffelser av asylmottak for enslige mindreårige asylsøkere i alle regioner, og ordinære mottak i tre regioner. Utløste opsjonstrinn og inngåtte tilleggsavtaler til eksisterende mottaksavtaler er sagt opp, slik at denne mulige kapasiteten igjen blir en reserve-/beredskapskapasitet for UDI. Inngåtte endringsavtaler om omgjøring av ordinære mottak til mottak for enslige mindreårige er sagt opp, og kapasiteten går tilbake til ordinær kapasitet.

UDI sier foreløpig ikke opp noen driftsavtaler i sin helhet, det vil si at vi avvikler ingen asylmottak nå. Det er for å være rustet til en eventuell økning i ankomstene på kort sikt. Imidlertid må vi, dersom vi ikke ser en økning over sommeren, måtte gå til avviklinger av asylmottak. Hvor mange plasser og mottak det er snakk om, og hvilke mottak dette gjelder, er det for tidlig å si noe om nå.

Ved en eventuell nedbygging av kapasitet er det Region- og mottaksavdelingen i UDI som beslutter hvor mange, og hvilken type

plasser som skal avvikles. Deretter kontakter UDIs regionkontorer de mottakene som skal avvikles, samt vertskommunene, og meddeler beslutningen. Videre varsles andre relevante etater og aktører.

Ved avvikling av mottak følger regionkontorene en rangeringsordning.

Vennlig hilsen

Christine Wilberg
Avdelingsdirektør
Region- og mottaksavdelingen

Dokumentet er godkjent elektronisk i Utlendingsdirektoratet og har derfor ingen signatur.

Brevet sendes kun elektronisk.

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS (SSR)

Eigarmelding 2015

1. Bakgrunn og formål med eigarmeldinga

1.1 Styringsdokument.

Styret legg til grunn tre sentrale styrande dokument for arbeidet sitt:

- Selskapsavtale
- Eigarstrategi
- Selskapsstrategi

Eigarmeldinga skal behandlast av representantskapet og framleggast som orientering for eigarkommunane saman med årsrekneskapet.

Meldinga skal rapportere i forhold til gjeldande eigarstrategi og selskapsstrategi, og gi informasjon om planlagde endringar i tenestetilbodet, nasjonale føringar, samt vesentlege endringar i kostnadsnivået for selskapet.

2. Oppfølging av mål for 2015

2.1 Generelt om SSR sine mål

SSR sin visjon, slik den er vedtatt i strategisk plan for 2016 – 2019, er

«Framtidsretta og lokalmiljøbedrift – nær brukarane».

Strategisk plan slår fast at SSR skal bidra til at husstandane i eigarkommunane blir mellom dei beste i landet på kjeldesortering og med det bidra til at dei fire eigarkommunane når miljø- og klimamåla sine.

SSR skal tilby renovasjonstenester som møter miljøkrav, er kostnadseffektive og brukarvennlege.

Selskapet sluttførte i 2015 arbeidet med ein ny strategisk plan for selskapet. Gjennom denne er det vedtatt strategiske mål for realisering av eigarstrategien.

Selskapet sine strategiske mål er mellom anna knytta til økonomi, miljømål og kundetilfredsheit. I tillegg skal selskapet oppfylle eigarane sine forventingar til kostnadseffektiv drift.

God kundetilfredsheit og godt omdømme er viktig for SSR, og selskapet har lagt ned mykje arbeid i kontakt med abonnentar og grupper av abonnentar i 2015. Arbeidet ser ut til bere frukter med ei kraftig auke i kundetilfredsheitsgrada i 2015.

Arbeidet vidare blir mellom anna å formidle kunnskap om selskapet sine målsettingar på miljøområdet, kva som skjer med avfallet som blir samla inn og samanhengen mellom servicenivå og prisnivå.

2.2 Resultatmål miljø

Basert på dette er det definert offensive resultatmål innanfor følgjande område:

- Energigjenvinningsgrad og materialgjenvinningsgrad.
- Deponeringsgrad og mengde farleg avfall pr. innbyggjar.
- Avfallsreduksjon og kundetilfredsheit.

I tillegg skal selskapet:

- Ha ei synleg og aktiv rolle som samfunnsaktør.
- Bidra til at kommunane når klimamåla sine.
- Levere ei kostnadseffektiv teneste til konkurransedyktige prisar.
- Sørge for auka kundetilfredsheit gjennom målretta arbeid med konkrete tiltak.

2.3 Faktisk måloppnåing vedr. avfallsmengder (hushaldning):

Faktisk måloppnåing vedr. avfallsmengder (hushaldning):

Fraksjon / fokusområde:	2012	2013	2014	Mål 2015	2015	Mål 2016	Mål 2017	Mål 2018	Mål 2019
A* Total mengde hushaldningsavfall	12 023 tonn	10 560 tonn	10 581 tonn	10 500 tonn	10 494 tonn	10 600 tonn	10 700 tonn	10 800 tonn	10 900 tonn
B* Volum / vekt til energigjenvinning (grønedunken)	3600 tonn	3800 tonn	3800 tonn	3885 tonn	4000 tonn	3815 tonn	3745 tonn	3670 tonn	3160 tonn
C* Energi-gjenvinningsgrad	31,02 %	37,25 %	37,31 %	37 %	40,21 %	36 %	35 %	34 %	29 %
D* Material-gjenvinningsgrad	68,14 %	61,99 %	61,80 %	62 %	57,25 %	63 %	64 %	65 %	70 %
E* Ombruk i % / tonn	---	---	---	---	1,51/158	---	---	---	---
F* Til deponi	0,84 %	0,76 %	0,89 %	1 %	1,03 %	1 %	1 %	1 %	1 %
G* Farleg avfall / spesialavfall pr. innb.	3 kg	5 kg	5,1 kg	5,5 kg	5,06 kg	6 kg	8 kg	10 kg	12 kg
H* Grein- og hageavfall	5000 tonn	3200 tonn	2800 tonn	2800 tonn	2300 tonn	3000 tonn	3000 tonn	3000 tonn	3000 tonn
I* Avfall pr. innbygger	494 kg	422 kg	423 kg	420 kg	418,39 kg	420 kg	420 kg	420 kg	420 kg

- A* = Total mengde hushaldningsavfall for heile SSR-regionen. Målet er avfallsreduksjon, jfr. punkt I, men dette kan vere utfordrande med bakgrunn i høg levestandard og høgt forbruk - velstand.
- B* = Levert hushaldningsavfall til Tafjord Kraftvarme AS (Grautneset).
- C* = Energigjenvinningsgrad (av total mengde hushaldningsavfall). 20 % av det som går til Tafjord Kraftvarme AS går til materialgjenvinning.
- D* = Materialgjenvinningsgrad (av total mengde hushaldningsavfall). 20 % av mengda frå energigjenvinninga går til materialgjenvinning. Eksempel på dette er metall.
- E* = Ombruk (i 2015 gjeld dette sko og klede, ny i 2015)
- F* = Til deponi (av total mengde hushaldningsavfall). Det langsiktige målet er å halde seg under 1 %, men prosentsetsen vil vere avhengig av total mengde hushaldningsavfall og velstand.
- G* = Farleg avfall / spesialavfall pr. innbygger har miljømålet å samle inn mest muleg. Går både til materialgjenvinning og til energigjenvinning.
- H* = Grein- og hageavfall (som går til materialgjenvinning) er spesielt nemnt p.g.a. at denne fraksjonen påverkar materialgjenvinningsgrada ganske mykje.
- I* = Avfall pr. innbygger i kilo. Heng saman med avfallsreduksjon, jfr. avfallshierarkiet.

Måltal for kundetilfredsheit:

2012	2013	2014	2015	Mål 2016	Mål 2017	Mål 2018	Mål 2019
62 %	67 %	66 %	70 %	71 %	72 %	73 %	75 %

Målet er at grada av kundetilfredsheit skal auke for kvart år framover.

2.4 Oppsummering måloppnåing

SSR er tilfredse med resultatet innanfor det som går på deponi. Men selskapet har enno mykje å hente på det som går på materialgjenvinning.

Viktigaste tiltaket for å auke grada av dette er nok å vurdere utsortering av matavfall (våtorganisk avfall).

Mengda greinavfall er også ganske høgt i vårt område og dette påverkar naturleg nok materialgjenvinningsgrada positivt, men volumendringane gjer også at ein får store utslag på måleparametera kvart år.

Grada av kundetilfredsheit ligg føre skjema og dette er positivt.

3. Spesielle forhold i 2015

3.1 Driftsåret 2015

Også 2015 har økonomisk og driftsmessig vore eit særst godt år for SSR, og ein har fått eit endå meir solid sjølvkostfond på hushaldning. Det gir selskapet meir handlefriheit, og eit solid fundament er viktig med tanke på framtida og planlagde utbyggingar og endringar i henteordningar.

Elles er lite snø, slaps, is og vind positivt for abonnentane og selskapet.

4. Planlagde endringar

4.1 Nytt hovudanlegg for selskapet og nye miljøstasjonar

Selskapet arbeider vidare med utbygging av selskapet sine anlegg. Strukturelle endringar i avfallsbransjen, spesielt med tanke på innhentingsfraksjonar og nedstraumsløysingar, i tillegg til nasjonale og internasjonale krav, gjer at selskapet er nøydd til å tenke nytt i åra som kjem. Anlegg og henteordningar må tilpassast den nye miljøkvardagen.

4.2 Kommunikasjon og utadretta arbeid

Kommunikasjonsarbeidet har særst høg prioritering og dette vil halde fram vidare. Stikkord er synlegheit, proaktivitet og vidareutvikling av elektronisk kommunikasjon.

4.3 Diverse forhold

Ryddeaksjonar, ruter for innhenting av grovavfall og samarbeid med grendalag og velforeiningar er under vidare vurdering og må også sjåast i

samanheng med det generelle servicenivået og selskapet sin visjon: «Framtidsretta og lokal miljøbedrift – nær brukarane». Elles er det viktig å streke under at service- og tenestenivået heng tett saman med prisnivået og desse må heile tida sjåast i samanheng.

Eit anna viktig element er henteordningar kontra bringeordningar. Tendensar på landsbasis kan tyde på at det blir fleire fraksjonar med henting heime hos abonnentane. Selskapet følgjer også nøye med på utviklinga her. Det same gjeld område som biogass, noko som vil krevje større regionale løysingar. Elles er nedgravde løysingar ein stor suksess i området vårt.

Det blir også kontinuerlig jobba med å finne nedstrømsløysingar som gir dei beste løysingane med tanke på kostnadseffektivitet og miljø. Ein del av dette kan kanskje utviklast saman med andre selskap i same bransje.

5. Dialog med eigarane

5.1 Dialog med eigarane skjer i ulike formelle og uformelle fora og møter

Representantskapet

Det er halde 3 møter i representantskapet i 2015. Det siste var eit reint konstitueringsmøte etter valget. Leiar i representantskapet i 2015 har vore Knut Erik Engh, ordførar i Ulstein kommune. Styreleiar har løpande kontakt med leiar av representantskapet i viktige saker.

Andre møter

I samband med budsjettering og andre aktuelle saker som skal utførast i kommunane, vert det etter behov halde møter med aktuelle kommunar. Frå SSR møter normalt dagleg leiar, men ved spesielle saker kan andre representantar frå administrasjonen møte - så vel som frå styret.

Kommunene sine klimaplaner

I vurderingar av SSR sine prioriteringar og satsingsområde, er det naturleg å bruke eigarkommunene sine klimaplaner som ei rettesnor for vegen vidare. Ein har kome lengst i arbeidet med informasjonsdelen ut i frå kommunene sine tiltakslistar, men også andre område er under kontinuerlig vurdering i det daglege arbeidet. Eksempel på dette er arbeidet med avfallsreduksjon (som kan vere utfordrande i ei tid der

avfallsmengdene aukar), materialgjenvinning av plast, returpunkt og nedgravde løysingar (som minskar transportbehovet).

6. Verksemda i åra som kjem

«Det grønne skiftet» vart kåra til årets ord av Språkrådet i 2015 og er det mest brukte nyordet. Sirkulær økonomi er også eit viktig omgrep.

Utfordringa med stadig aukande CO₂-utslepp og mangel på viktige ressursar som fosfor er ikkje ny, men omgrepet «det grønne skiftet» har vore med på å ramme inn diskusjonen om klima- og energispørsmål og gitt ny giv i den miljøpolitiske debatten. «Det grønne skiftet» handlar både om reduksjon i klimautslepp og betre ressursutnytting. Omgrepet omfattar også ein verdiskapingsdimensjon med fokus på sysselsetting og velferd gjennom ny miljøvenleg teknologi. «Det grønne skiftet» er kort fortalt ein vedvarande endringsprosess mot eit meir berekraftig samfunn der vi nyttar avgrensa ressursar betre og smartare. Som eit stort miljøsekskap i regionen, er dette høgaktuelt i forhold til sekskapet sitt framtidige tenestetilbod og ikkje minst kva sekskapet kommuniserer. SSR vil bidra til at omgrepet «det grønne skiftet» blir omsett i praksis gjennom små og store grep med fokus på avfallsreduksjon, gjenbruk, ombruk, redesign og auka materialgjenvinningsgrad.

I den sirkulære økonomien har EU – og dermed Norge – sett eit mål om å kome opp i 70 % materialgjenvinning / ombruk før år 2030. Av ein eller annan grunn gjeld dette kun hushaldningane. Det er litt merkeleg sidan rundt 75 % av den totale avfallsmengda er næringsavfall.

Dette vil krevje stor grad av omstillingsevne hos sekskapet - og ikkje minst til hushaldningane si atferd og eigarskap til det sekskapet arbeider med.

Matavfall / våtorganisk avfall som henteordning blir ein ny fraksjon heilt på slutten av 2018 eller tidleg i 2019. Ein større gjennomgang av satsinga på hageavfall er også under planlegging. Største utfordringa her er nedstraumsløysingane. Krava til korleis slikt avfall skal handsamast er blitt såpass strenge at det vil krevje stor kreativitet for å løyse utfordringane innanfor akseptable økonomiske rammer.

Kommunikasjon vil fortsatt ha høgaste prioritet i åra som kjem. Eit trekk er at tradisjonelle kanalar ser ut til å bli mindre og mindre aktuelle som informasjonskanalar for abonnentane våre. Meir informasjon bør ut elektronisk (sms, renovasjonsapp) og / eller via sekskapet sine nettsider – i tillegg til at tømekalendaren er populær som informasjonskanal.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Karl Petter Sortehaug [<mailto:daglig.leder@sunnmorsbadet.no>]

Sendt: 28. juli 2016 11:45

Til: postmottak

Emne: Fwd: Generalforsamling

Protokoll

Generalforsamling Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

Tid: Mandag 27.06.2016 kl 1630

Stad: Herøy Rådhus

Desse Aksjonærane Møtte

Arnulf Goksøyr	Herøy Kommune	4570 aksjar
Njål Sævik og Per Sævik	Havila Holding AS	1215 aksjar
Kristin Monsen Lystad	Olympic Shipping AS	1215 aksjar
Karin Vike	Herøy Sanitetsforening	600 aksjar
Marny Berge	Herøy Reumatikerforening	600 aksjar

Frå styret møtte:

Tor Sindre Steinsvik	Styreleiar
Arve Moltubakk	Nestleiar
Karl Petter Sortehaug	Dagleg leiar

Sakliste:

1. Val av Møteleiar.

Vedtak:

Styreleiar Tor Sindre Steinsvik vart valt til møteleiar.

2. Godkjenning av innkallinga.

Møteleiar viste til utsendt e- post den 15.06.2016 med innkalling til Generalforsamling og e-post20.06.2016 med sakspapir til genralforsamling

T.S. P.O.

Vedtak:

Innkallinga vart godkjent.

3. Godkjenning av saklista.

Framlegg til sakliste var utsendt med innkallinga 15.06.2016. Det var ikkje innkomne andre framlegg til saker.

Vedtak:

Saklista vart godkjent.

4. Val av representant til å skrive under protokollen saman med møteleiar.

Vedtak:

Per Sævik vart valt til å skrive under protokollen saman med møteleiar.

5. Årsrekneskap 2015. Årsmelding 2015. Revisorberetning 2015.

Dagleg leiar gjekk gjennom Årsrekneskapen og svarte på spørsmål. Styreleiar gjekk gjennom Årsmeldinga. Revisorberetning vart gjennomgått.

Vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner Årsmelding 2015 og Årsrekneskap 2015.

Generalforsamlinga tek Revisorberetning til vitande.

6. Val av Revisor.

Styret ser kostnadane ved revisjon som høge og ynskjer å sende arbeidet med revisjon ut på anbod, for å sjekke om der er innsparingspotensiale.

Vedtak:

Revisorselskapet Ernst & Young AS ved Frode Myklebust vert valt som selskapet sin revisor.

Generalforsamlinga ber styret starte arbeidet med anbodsrunde på revisortenesa.

T.S.S. R.S.

7. Val av styre medlemmar.

Møteleiar orienterte om at Herøy Næringsforum med ein e-post av 14.06.2016 meddelte at dei ikkje lenger såg behov for eit styremedlem. Generalforsamlinga må i den anledning fatte eit nytt vedtak om samansetninga av styret.

Vedtak:

1. Generalforsamlinga vedtek at styret for Sunnmørsbadet Fosnavåg AS skal bestå av 5 medlemmar.
2. Tanja Rafteseth med Ann-Kathrin Storøy som varamedlem og Tor Sindre Steinsvik med Bjarne Kvalsvik som varamedlem er utpekt av Herøy Kommune som kommunale representantar i styret i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS.
3. Arve Moltubakk var foreslått av Herøy Kommune og gjevvalt av generalforsamlinga for 2 år.
4. Marny Berge vart valt for 1 år med Karin Vike som varamedlem.
5. John Arne Winsnes vart valt for 1 år med Njål Sævik som varamedlem.
6. Tor Sindre Steinsvik vart valt som leiar.
7. Arve Moltubakk vart valt som nestleiar.

8. Reglement for styregodtgjerdsle Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

Vedtak:

Generalforsamlinga vedtek ei vidareføring av reglement for styregodtgjerdsle med justering av satsane for møtegodtgjerdsle etter dei kommunale satsane.


Per Sævik


Tor Sindre Steinsvik